

Anna Høgi Schøyen

---

## Alpintrenarar og kjønn i trenarverksemda

Ei kvalitativ undersøking av kjønn si betydning for alpintrenarar sine opplevingar og erfaringar i feltet

---

Masteroppgåve i idrettsvitskap  
Institutt for idrett og samfunnsvitskap  
Norges idrettshøgskule 2023



## Samandrag

Dette er ei masteroppgåve i idrettsvitskap som er utarbeida ved institutt for idrett og samfunnsvitskap ved Norges Idrettshøgskule. Fleire studiar viser at idretten er ein mannsdominert arena, kor trenarfeltet er særskilt prega (Acosta & Carpenter, 2012; Fasting & Sand, 2009; Norman, 2016). Forsking viser at kvinnelege trenarar opplever fleire barrierar enn menn på individuelt, mellommenneskeleg, strukturelt og sosiokulturelt nivå (LaVoi & Dutove, 2012). Eg har valt å rette dette masterprosjektet spesifikt mot alpintrenarar og tek sikte på belyse kva betydning kjønn har for alpintrenarane sine opplevingar av eigen praksis, samt korleis trenarane opplever å vere trenar i feltet og å trene jenter og gutar.

For å undersøkje problemstillinga vart ein kvalitativ forskingsmetode lagt til grunn, kor seks semi-strukturerte intervju var nytta til datainnsamling. Prosjektet byggjer på opplevingar og erfaringar tre kvinnelege og tre mannlege alpintrenarar har gjort seg som hovudtrenarar for jenter og gutar i aldersgruppene U14 eller U16 i Oslo skikrins. For å skape eit godt grunnlag for å forstå funna i oppgåva skildrast alpint som den kontekstuelle ramma, samt tidlegare forskning og den teoretiske ramma for oppgåva. Funna i oppgåva diskuterast med referanse til tidlegare forskning på feltet og Pierre Bourdieu sine analytiske omgrep om kapital, sosialt rom, sosialt felt, habitus, doxa og kjønnsteorien, maskulin dominans.

Funna peikar på at alpintfeltet ber preg av maskulin dominans. Uavhengig av kjønn skildrar alpintrenarane tydelege likskapar i sin praksis, noko som betyr at kjønn ikkje har betydning for korleis trenarane utøver trenarrolla. Det er likevel store variasjonar i kvinnelege og mannlege alpintrenarar sine opplevingar av å vere trenar og å trene jenter og gutar i feltet. I samhøve med kjønn skildrar alpintrenarane opplevingar der det kjem fram tydelege kjønnsforskjellar i trenaren si sjølvtilit, moglegheiter og tilit, respekt, sosialt nettverk, trivsel og deira eige syn på betydninga av kjønn. Det er òg synlege kjønnsforskjellar i alpintrenarane sine skildringar av å trene jenter og gutar, men desse kjønnsforskjellane må sjåast i samheng med utøvarer sitt kjønn. Sosialt konstruerte førestillingar i samsvar med den maskuline dominans både produserer og reproduserast i dominanserelasjonane i feltet. På bakgrunn av funna i oppgåva kan kjønn vise seg å ha betydning for alpintrenarar sine opplevingar i feltet.

Nøkkelord: Alpint, alpintrenar, kjønn, kapital, habitus, maskulin dominans, doxa

# Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>4</b>
<b>Forord</b> .....	<b>6</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>7</b>
1.1 Problemstilling .....	10
1.2 Oppgåvestrukturen.....	10
<b>2. Kontekst – Alpint</b> .....	<b>11</b>
<b>3. Tidlegare forskning – kva veit me i dag?</b> .....	<b>16</b>
3.1 Trenarrolla .....	16
3.2 Trenaryrket – mannsdominert arena .....	17
3.3 Moglege forklaringar til mannsdominans i trenaryrket .....	18
3.4 Kjennskap til utøvarane sine preferansar .....	21
<b>4. Teoretisk rammeverk</b> .....	<b>24</b>
4.1 Pierre Bourdieu sitt sosiologiske perspektiv.....	25
4.2 Kapital.....	26
4.3 Habitus .....	28
4.4 Sosiale rom.....	29
4.5 Sosiale felt .....	31
4.5.1 Doxa og symbolsk vald .....	32
4.6 Maskulin dominans.....	32
4.7 Bourdieu og idrett .....	33
<b>5. Metode</b> .....	<b>36</b>
5.1 Vitskapleg tilnærming .....	36
5.1.1 Kvalitativ forskning .....	37
5.2 Datainnsamling .....	37
5.2.1 Det kvalitative forskingsintervjuet .....	37
5.2.2 Intervjuguide.....	38
5.2.3 Pilotintervju .....	39

5.2.4	Utval .....	40
5.2.5	Gjennomføring av intervju .....	41
5.2.6	Transkripsjon .....	42
<b>5.3</b>	<b>Databehandling og analyse.....</b>	<b>43</b>
<b>5.4</b>	<b>Reliabilitet, validitet og overførbarheit.....</b>	<b>44</b>
5.4.1	Reliabilitet.....	44
5.4.2	Validitet .....	46
5.4.3	Overførbarheit.....	47
<b>5.5</b>	<b>Etiske vurderingar .....</b>	<b>48</b>
<b>6.</b>	<b>Resultat og diskusjon .....</b>	<b>51</b>
<b>6.1</b>	<b>Presentasjon av alpintrenarane .....</b>	<b>51</b>
6.1.1	Alpintrenarane sin bakgrunn og kompetanse.....	54
<b>6.2</b>	<b>Trenarar si oppleving av eigen praksis og erfaringar av å vere kvinne eller mann i alpintfeltet .....</b>	<b>55</b>
6.2.1	Alpintrenarar sin trenarstil og treningsfilosofi .....	56
6.2.2	Alpintrenarar sin praksis.....	58
6.2.3	Korleis det er å vere kvinneleg og mannleg trenar i alpintmiljøet.....	63
<b>6.3</b>	<b>Alpintrenarar si oppleving av å trene jenter og gutar.....</b>	<b>70</b>
6.3.1	Ferdigheitsutvikling.....	70
6.3.2	Kommunikasjon.....	76
6.3.3	Sosial og emosjonell støtte .....	82
6.3.4	Kjønnsblanda treningsgrupper og kjønnsklassifiserte rennklassar .....	86
<b>7.</b>	<b>Avsluttande oppsummering .....</b>	<b>90</b>
<b>7.1</b>	<b>Avgrensingar ved oppgåva og forslag til vidare forskning .....</b>	<b>97</b>
	<b>Referansar.....</b>	<b>98</b>
	<b>Figuroversikt .....</b>	<b>106</b>
	<b>Forkortingar .....</b>	<b>107</b>
	<b>Vedlegg.....</b>	<b>108</b>

## Forord

Det er vanskeleg å finne gode nok ord til å skildre kjensla av å levere masteroppgåva og med det avslutte sju års studietilvære ved Noregs Idrettshøgskule. Erfaringane eg har fått det siste året har vore lærerike og spennande, men det har vore ein prosess som tidvis har vore utfordrande, og som truleg ikkje hadde vore mogleg å gjennomføra utan nokre sentrale personar. Eg nyttar derfor fororda til å takke personane som fortener litt ekstra merksemd.

Tusen takk Mari Kristin, for at du ville rettleie meg gjennom heile året. Utan deg ville ikkje denne masteroppgåva komme nokon veg. Takk for støtte, realitetsorientering, tilbakemeldingar, kaffi og trygge rettleingsstunder. Gjennom alle mine år på Norges Idrettshøgskule har du vore ei inspirasjonskjelde av dei sjeldne. Takk for di tolmodigheit! Eg vil òg takke min andre rettleiar Lone, for bidraga i dei innleiande fasane av masteroppgåva.

Takk til dei seks alpintrenarane som deltok i masterprosjektet. De har vore dei viktigaste puslespillbrikkene i oppgåva. Å få innsikt i dykkar opplevingar og erfaringar har vore heilt essensielt for resultatet av prosjektet og meget lærerikt for meg som ny forskar.

Vidare vil takke familie og venner for støtte, fysisk aktivitet og fine stunder. Ein spesiell takk til min sambuar og kjærast, Runar. Du har fått meg til å le når alt verka meningslaust og støtta meg når eg trengte det aller mest. Eg vil òg rekkje ein spesiell takk til min bror, Trond. Eg er takksam for at du har brukt tid på gjennomlesing, korrektur og originale tilbakemeldingar.

Avslutningsvis er eg takksam for mine medstudentar på tvers av alle studieretningar og foreiningar, de har gjort studietida fargerik og verdifull. Norges idrettshøgskule har gjeve meg venner for livet, brei rørsleerfaring og god utdanning. Eg leverer denne masteroppgåva med klump i halsen då det markerer slutten på ei fantastisk studietid.

Kjære Norges Idrettshøgskule, takk for sju fine år.

Anna Høgi Schøyen

Juni, 2023

# 1. Innleiing

Dette masterprosjektet tek sikte på å undersøkje kva betydning kjønn har for kvinnelege og mannlege trenarar sine erfaringar av å vere trenar i alpintmiljøet, samt deira opplevingar av å trene jenter og gutar. Interessa for å undersøkje alpintrenarar sine opplevingar og erfaringar spring ut frå mine erfaringar i feltet, både som aktiv utøvar og som trenar. Alpint har eit idrettsmiljø som har tydelege særpreg og vert av mange karakterisert som eit «cowboy»-miljø. Som elles i idretten er det mange sterke, etablerte førestillingar om kjønn i alpintporten og trenaryrket, som plasserer det maskuline som overlegent og det feminine som underlegent. Både som trenar og kvinne har eg erfart at alpintrenarar har ulike opplevingar og refleksjonar kring kjønn, og at dette har betydning for deira praksis. Det kveikte nysgjerrigheita for trenarar sine opplevingar i alpintmiljøet og deira opplevingar av å trene jenter og gutar sett i samheng med kjønn. Bakgrunnen for å undersøkje kjønn og alpintfeltet i eit sosiologisk perspektiv er òg på grunn av den magre forskinga som er gjort på feltet. Basert på litteratursøk er det gjort mykje forskning som handlar om skiteknikk, idretten sine fysiske krav og skader, men svært lite alpinrelatert forskning er gjort i samfunnsvitskapen. Det er gjort liknande studiar på andre idrettar som er relevante, og med tanke på at trenaren både i lagidrettar og individuelle idrettar har fleire likskapstrekk i sine opplevingar har litteratursøket omfatta begge. Ein felles faktor i desse studiane er at kjønn har ein eller anna betydning for trenarane si oppleving og erfaring.

Kjønnspraksisar og kjønnsideologiar varierer frå kultur til kultur, men dei fleste samfunn brukar ein enkel binær klassifikasjon som inneber at ein vert delt inn ein av to kjønnskategoriar: mann eller kvinne. Ein enkel binær klassifikasjon bygger på den biologiske skilnaden mellom kvinna og mannen sine reproduktive kjønnsorgan. Tilhøyrande til kjønnskategorien kvinne eller mann følgjer det normative forventningar om korleis individet skal føle, tenkje og handle, og desse knytast til sosialt konstruerte førestillingar av kva som reknast som feminint og maskulint. Kjønn er ein fundamental del av personlegdomen og påverkar oppfatninga menneske har av seg sjølv og andre, korleis ein relaterer til andre menneske, korleis ein presenterer seg sjølv og kva ein tenkjer om framtida (Coakley & Pike, 2014, s. 223).

Det er den sosiale konstruksjonen av kjønn som er av interesse i dette masterprosjektet, og den handlar om er psykiske, sosiale og kulturelle forskjellar mellom kjønna (Giddens & Sutton, 2017, s. 617). Kjønn er eit sentralt organiseringsprinsipp i det sosiale liv og i sosiale institusjonar, som idretten (Coakley & Pike, 2014, s. 223). Som til dømes jente- og gutetolett på skulen eller kvinne- og herreklassar i ulike idrettsdisiplinar. Trass at fleire sosiale system har opplevd ei auke i kjønnsintegrering beheld idretten si strenge kjønnssegregering (Giulianotti, 2015, s. 224).

Kjønnssteori kan forklare trenarane sine opplevingar og erfaringar på forskjellige måtar. Innan kjønnssteori er det ulike retningar som til dømes liberalfeminisme, radikalfeminisme, sosialistisk feminisme og postmoderne feminisme. Felles for alle dei teoretiske retningane i feminismen er å vektlegge kjønn i analysen av den sosiale verda og arbeide for å forklare og overkomme kjønnsforskjellar. Ifølgje liberalfeminismen er kjønnsforskjellar forankra i sosiale og kulturelle haldningar, og vert produsert av ulik tilgang til forskjellige rettigheitar og ressursar som utdanning og arbeid. Radikale feministar hevdar at kjønnsforskjellane er eit resultat av mannsdominans i alle aspekt av det sosiale og økonomiske liv. Ein sosialistisk feministisk teori hevdar at kvinna undertrykkjast både av kjønn og klasse, det vil sei både av patriarkatet og kapitalismen. Den postmoderne feminismen vert rekna som meir inkluderande og akseptierende for ein større variasjon av synspunkt, men kritiserast for å tøye dei grunnleggjande målsetningar til feminismen (Giddens et al., 2021, s. 338-345). Kjente feministiske teoretikarar er Chodorow, Beauvoir og særskilt Connell. Kjønnsforskaren Connell teoretiserte kjønn som ein strukturell maktrelasjon, og integrerte patriarkatet og maskulinitet i ein overordna kjønnssteori. På toppen av den hierarkiske modellen Connell skapte for å illustrere den kjønna ordenen plasserer han hegemonisk maskulinitet, som dominerer over andre menn og alle kvinner (Connell, 2005).

Forsking som fokuserer på kjønn byggjer ofte på ein feministisk teori, men likevel har eg valt å nytte Bourdieu som teoretisk rammeverk. Eg vedkjenner at Bourdieu sitt arbeid ikkje er synonymt med kjønnsforsking, og at han ikkje vigde kjønn særleg merksemd før *Masculine Domination* (2001), samt at arbeidet hans har vore kritisert av nokre feministiske forskarar for at han plasserer sosial klasse over kjønnsrelasjonar. Sjølv om Bourdieu ikkje vert rekna som ein kjønnsfokusert sosiolog finst det fleire linkar mellom habitus, praksis og kjønn i Bourdieu sine verk (de Haan & Norman,



2020). I dette masterprosjektet har eg valt å bruke Bourdieu sin teori fordi den er hensiktsmessig i undersøking av alpintrenarar sine erfaringar og opplevingar i feltet. Bourdieu var særskilt oppteken av sosial ulikskap, og i eit felt som alpint har både posisjon i feltet, mengde kapital og habitus betydning for praksis og oppleving. På bakgrunn av at alpint er ein kostbar og tidkrevjande idrett er familien sin sosiale klasse relevant, med referanse til Bourdieu (1995) vil det sei familien sin posisjon i feltet. Eit anna sentralt argument for å nytte Bourdieu (2001) er hans kjønnteori, maskulin dominans, som dannar eit bilete av korleis kjønn har betydning for makt og dominans det sosiale felt og i relasjon mellom aktørane.

## **1.1 Problemstilling**

Problemstillinga tek sikte på å belyse:

*Kva betydning har kjønn for alpintrenarar sine opplevingar av eigen praksis og erfaringar i alpintfeltet?*

Problemstillinga vert belyst ved hjelp av følgjande forskingsspørsmål:

1. Kva har kjønn å seie for trenaren si oppleving av å vere trenar i alpintfeltet?
2. Kva betydning har kjønn for alpintrenarar si oppleving av å trene jenter og gutar?

## **1.2 Oppgåvestrukturen**

Oppgåva er strukturert i sju kapittel. Etter innleiinga presenterer eg konteksten for oppgåva – alpint i Noreg. Deretter viser eg til tidlegare forskning som kan knytast til trenarrolla og maskulin dominans i idretten. I neste kapittel framstiller eg det teoretiske rammeverket og gjer greie for Bourdieu sin teori og dei følgjande analytiske omgrepa sosiale rom, kapital, felt, habitus, doxa, symbolsk vald og maskulin dominans. I metodekapittelet presenterer eg grunnleggjande metodiske val, samt erfaringane eg har gjort meg ved å bruke kvalitative forskingsintervju, tematisk analyse og ei vurdering av studia sine kvalitetar. I kapittelet «resultat og diskusjon» presenterer eg funn i datamaterialet og diskuterer desse tredelt i lys av teoretisk litteratur og tidlegare forskning på feltet. I første del av kapittelet presenterer eg informantane under fiktive namn. I andre del er fokuset alpintrenarane sine opplevingar av eigen praksis og erfaringar i alpintfeltet, og deretter tek den tredje delen føre seg korleis alpintrenarane opplever å trene jenter og gutar. Oppgåva avsluttar med ein oppsummering av sentrale funn av oppgåva sine problemstillingar og tankar om framtida i forskingsfeltet.

## 2. Kontekst – Alpint

Dette kapittelet har som hensikt å illustrere konteksten for oppgåva. Under presenterast den historiske bakgrunnen til norsk alpint, ei kortfatta beskriving av alpint og dei fysiske, mentale og sosiale krava i idretten. Samt, korleis norsk alpint er organisert på aldersbestemt nivå og trenarutdanning i alpint.

Norsk alpint si tidslinje byrjar på 1800-talet i Morgedal, Telemark. Det var den moderne skisporten sin far, Sondre Norheim, som oppdaga at ski kunne brukast til meir enn transport. På 1860-talet overraska Norheim med braksiger i skirenn i hovudstaden med teknikkar som telemarksvingen og kristianiasvingen. Kristianiasvingen var ein ny teknikk der Norheim svingte med parallelle ski, som la grunnlaget for dagens alpine skiteknikk (Gløersen & Woxholth, 2019, s. 14). Frå år 1886 vart det arrangert slalåmrenn over heile landet, men rennene hadde ulike reglar og det var ikkje alltid den raskaste løparen som vant. I 1890 gav Fridtjof Nansen ut boka «*Paa ski over Grønland*» som vart omsett til både tysk og engelsk. Nansen si bok og fascinasjonen for skisporten spreidde seg raskt over heile Mellom-Europa, og Austerrikarane var særskilt nysgjerrige. Det var der alpinsporten verkeleg skaut fart (Gløersen & Woxholth, 2019, s. 17).

Tidlegare var det hovudsakleg post som vart sendt gjennom Arlbergpasset i Austerrike og over til Sveits, men ved tusenårsskifte tok skigjester over sengeplassane på posthotella i området. I motsetning til dei slake bakkane i Morgedal i Telemark har Arlbergområdet eit bratt alpeterreng, noko som førte til nye skitekniske krav. I 1906 vart dei første skikursa arrangert i Arlbergområdet; ved eit av kursa var Hannes Schneider kursdeltakar. Han grunnla i 1922 den verdskjente Arlberg Skischule som organiserte treningsgrupper etter nivå (Kleppen, 1986, s. 74). Presidenten i det britiske skiforbundet, Sir Arnold Lunn, er kjent som ein viktig bidragsytar for den moderne alpinsporten og opphaldt seg mykje i Alpene på grunn av faren, Henry Lunn, som arbeidde som reiseagent. Før Lunn fekk gjennomslag for kunstige staur og eit sett med reglar som berre la vekt på tid frå start til mål brukte alpinsporten naturlege hinder som stein og busker, samt reglar som vektla stilpoeng (Gløersen & Woxholth, 2019, s. 18). Gjennomslaget i 1922 førte til at kristianiasvingen og den parallelle skiteknikken gradvis tok over i alle renn (Kleppen, 1986, s. 74).

Medan alpinsporten vart utvikla i Mellom-Europa var den framleis ny og framand i Noreg. Den norske skepsisen hindra at alpinsporten vart inkludert i det internasjonale skiforbundet (FIS) som vart stifta i Christiania 1910, men etter mykje motstand fekk alpinsport etter kvart aksept og under FIS-kongressen ved Hotel Bristol i Oslo 1930 fekk alpintporten vere med i FIS. Allereie i 1936 var alpint for første gong på OL-programmet (Gløersen & Woxholth, 2019, s. 29). Noreg hadde fått si første alpinstjerne, Stein Eriksen, som hadde ein særeigen og elegant skiteknikk med smale ski og hofteknakk. Eriksen og dei andre norske mannlege og kvinnelege alpinistane hadde stor medaljefangst i tida fram til 1960, men deretter venta tre tiår med tørketid for norsk alpinsport. Medaljetørke frå 1960-talet og fram til 1990-talet kan forklarast med amatørskapet som førte til at norske alpinistar mangla både tid og peng til å satse, samtidig som utanlandske konkurrentar hadde betre føresetnadar. I takt med profesjonalisering og kommersialisering av alpinsporten har utstyr, fart og skiteknikk utvikla seg, og frå 1992 har Noreg hatt store alpinistar som Finn Christian Jagge («Finken»), Lasse Kjus, Kjetil André Aamodt, Andrine Flemmen, Aksel Lund Svindal, Kjetil Jansrud, Nina Haver-Løseth, Ragnhild Mowinckel, Alexander Aamodt Kilde, Henrik Kristoffersen, Kajsa Vickhoff Lie, Atle Lie McGrath og Lucas Pinheiro Braathen (Gløersen & Woxholth, 2019). Den historiske bakgrunnen har forma alpintporten til den me kjenner i dag.

Alpint er ein kompleks skiidrett som utøvast i ulike disiplinane. Det som skil disiplinane er talet på retningsforandringar, varigheit, fart, tekniske løypevariantar og hopp. Dei tekniske disiplinane, slalåm og storslalåm, har fleire retningsforandringar og kortare varigheit enn fartsdisiplinane, super-g og utfor (Gilgien et al., 2018). Teknikk definerast som hensiktsmessige rørslemønster i løysinga av bestemte rørsleoppgåver (Olsen, 2005, s. 123). I alpint er hensikta å komme raskast frå start til mål, gjennom løypa. Idretten sine store, ytre variablar utfordrar utøveren, og kan til dømes vere vær, snøkvalitet, terreng, løypemodell og sikt. Med god skifølelse har utøveren evna til å omstille seg effektivt til endrande forhold og situasjonar (Witteveen, 1997, s. 63). For å handtere dei ytre krava idretten stiller til utøveren og nå ønska skitekniske effektmål (støtte, gli, balanse) kan utøveren utføre handlingar og interaksjonar med omgivnadane som kan delast inn i fire rørslekategoriar; fram/bak rørsle, vertikal rørsle, sidevegs rørsle og

rotasjonsrørsle. Det er kombinasjonen av desse rørslekategoriane som utgjer utøvaren sin skiteknikk. Alpint utfordrar om lag alle dei fysiske eigenskapane til ein utøvar, som blant anna styrke (maksimal, uthaldande, og stabiliserande), uthald (aerob og anaerob), koordinasjon, motorikk og bevegelegheit (Gilgien et al., 2018).

I alpint er mentale ferdigheiter avgjerande for prestasjonsnivået. Det er lite til ingen endring i alpinisten sitt fysiske og tekniske utgangspunkt før første og andre omgang på renn, likevel kan prestasjonane sprike veldig frå første omgang til andre. Det kan skyldast mentale ferdigheiter. Det er fire mentale «musklar» som Taylor og Kubitz (2023) meiner har innverknad på utøvaren sin skipprestasjon; motivasjon, sjølvtilitt, spenningsregulering og fokus. Motivasjon påverkar utøvaren si langsiktige utvikling og idrettslege suksess, og viser seg i idrettsrelatert innsats, livsstilsval, prioriteringar, forplikting og i utøvaren sitt møte med hindring (Taylor & Kubitz, 2023, s. 180). Sjølvtilitt vert definert som utøvaren si tru på eiga evne til å prestere og oppnå skikøyringsmål. Ifølgje Taylor og Kubitz (2023, s. 184) er spenningsregulering den mest avgjerande mentale «muskelen». I alpint er «overtenning» eit vanleg omgrep, og vert ofte brukt om ein utøvar køyrer ut i øvste del av løypa på grunn av høgt nivå av adrenalin og manglande konsentrasjon. Den fjerde mentale «muskelen» er fokus, og handlar om løparen si evne til å konsentrere seg (Taylor & Kubitz, 2023, s. 187). Eit ideelt fokus i alpint er å konsentrere seg for det som gjer utøvaren betre på ski, medan ein ukonsentrert utøvar fokuserer på interne og eksterne faktorar som distraherer utøvaren frå å prestere på sitt beste. For å lykkast som alpinist må ein ha eit bredt spekter av fysiske, tekniske og mentale ferdigheitar, men òg sosiale ferdigheiter (Gilgien et al., 2018).

«Alpint er en lagidrett bortsett fra de to minuttene vi konkurrerer» er slagordet til det norske landslaget, som kallar seg *The Attacking Vikings* (Svindal & Ekelund, 2019, s. 7). Alpinistar i same klubb har mange timar saman på grunn av idretten si utforming. For det første krev idretten at ein har tilgang til eit skianlegg med snø, noko som medfører fleire samlingsopphold. For det andre er kvar tur nokså ineffektiv på grunn av heisturen opp igjen. For det tredje er farta i løypa så høg at coaching hovudsakleg skjer gjennom kommunikasjon og demonstrasjon i samhandling mellom løpar og trenar i botn eller på start, før løparen gjer det eit nytt forsøk. Det medfører at sosiale ferdigheitar og kommunikative evner er sentrale for utvikling og trivsel i både trenar-utøvarrelasjonen

og mellom lagkameratar. Treningssituasjonen er ein kompleks, sosial interaksjon mellom idrettsmiljø, trenar og utøvar (Hardman, 2008, s. 67). Sosial kompetanse handlar om at utøvarane klarar å koordinere tankar, kjensler og åtferd for å utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar som gjer det mogleg å etablere og vedlikehalde sosiale relasjonar. Det medfører at utøvarane får ein realistisk oppfatning av eigen kompetanse, sosial meistring på kort og lang sikt, sosial aksept og personlege venskap (Ogden, 2009). Ifølgje Taylor og Kubitz (2023, s. 181) er ein god ven i treningsgruppa viktig for å oppretthalde motivasjonen i treningsarbeidet. På grunn av norsk alpint si organisering kan den venen vere ei jente eller ein gut.

Alpint er den nest største skidisiplinen i Norges Skiforbund, som er eit forbund underlagt Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske Komité. Ifølgje årsberetninga til alpintkomiteen er det 17.000 aktive alpinistar i Noreg (Skiforbundet, 2022a). I årsberetninga vert ikkje kjønnsfordelinga i medlemsmassen presisert. Det er vanleg at aldersbestemt alpin trening i Noreg vert organisert og klassifisert etter alder, ikkje kjønn. Det kan derfor seiast at kjønnsblanda treningsgrupper er norma. Ved undersøking av treningstilbodet for U14 frå eit utval klubbar som tilhøyrar Oslo Skikrins vart ikkje kjønn nemnt i det heile (IL Heming, 2022; Ingierkollen og Rustad Slålåmklubb, 2022; Kjelsås IL Alpint, 2022; Njård Alpint, 2022; Ready Alpin, 2022). Det er først i konkurranse at utøvarane vert klassifisert inn i jenteklassar og guteklassar, i tillegg til årsklassar. Til dømes vert utøvarane klassifisert etter både kjønn og alder i det nasjonale U14-meistarskapet, *Telenor leikane* (Skiforbundet, 2022b). Trenarane i dette masterprosjektet trenar utøvarar som konkurrerer i jente- og guteklassar i U14 og i U16. Når utøvarane veks ut av U16 byrjar dei å konkurrere i FIS (International Ski and Snowboard Federation), som arrangerer internasjonale renn i Noreg og utlandet, samt verdscup renn, meisterskap og skidisiplinar i dei olympiske leikar. I FIS-renn vert utøvarane klassifisert etter kjønn og konkurrerer i kjønnsklassar, men resultata vert rangert etter junior- og seniorklassar (International Ski and Snowboard Federation, 2022).

Alpint er ein kostbar idrett. Idretten krev ein stor variasjon av utstyr som passar som til dømes ski, støvlar, hjelm, fartsdress, stavar, beskyttelse, skibriller og meir. I tillegg treng utøvar og foreldre skiheis og heiskort, treningsavgift, skilisens, rennkontigent, skismørjing, kost og losji på samling og transport. For å halde kostnadane nede

oppfordrar Noregs Skiforbund si utviklingstrapp at alpiklubbar og trenarar legg til rette for mykje aktivitet med mindre kostnader (Witteveen, 2014). Til dømes ved å fokusere på element som er vanskeleg å få gjennomført i heimebakken på samling, gjere barmark gratis ved å trene utandørs eller legge opp til bruksal. Likevel gjer idretten si utforming at familie spelar ein viktig rolle for unge alpinistar si satsing, både gjennom økonomisk støtte til satsing og avsett tid til trening og samling. Undersøkinga gjort av Sisjord og Sørensen (2018) viste at alpinistar ofte har foreldre og sysken som har vore aktive og som har ein distinkt skihabitus. For alpinistar og deira familie er ofte alpint nært knytt til deira identitet, og dermed smak. Sisjord og Sørensen (2018) fant òg at familien sin sosiale klasse, saman med kulturelle og pedagogiske inntrykk pregar unge utøvarar si idrettsdeltaking. Sidan alpint er ein kostnadskrevjande idrett kan det seiast at alpinfamiliar vanlegvis høyrer til i ein høgare sosial klasse.

Sidan trenaren òg er ein sentral aktør i unge alpinistar si satsing arbeidar Norges Skiforbund for å auke kompetansen hjå alpintrenarar gjennom trenarkurs. I den langsiktige utviklingstrappa for alpint illustrerer Witteveen (2014) trenerløypa i alpint, der aldersgruppe og vektlegging i treningsarbeidet vert presisert. Trenarløypa i alpint strekkjer seg frå trenar 1 til trenar 4. Med trenar 1 skal ein kunne gjennomføre god og allsidig trening for barn og unge opp til 12 år, som handlar om å lære utøvarane å trene ved å fokusere på grunnteknikk gjennom leik og varierte situasjonar. Med Trenar 2 skal trenaren kunne gjennomføre systematisk og målretta barmark og skitrening for utøvarar opp til 16 år. Trenar 3 tek sikte på trenarar som skal lære junioralpinistar i FIS (16-21år) å trene for å konkurrere. Trenar 3 går i djupna på tema som teknikk, treningslære, fysiologi, treningsfilosofi og idrettspsykologi. Det høgaste kursnivået er trenar 4 som handlar om å trene for å vinne og tek sikte på FIS JR. og SR. trenarar, hovudsakleg på landslag (Witteveen, 2014). I dette masterprosjektet vert trenar 1 omtalt som låg trenarutdanning, trenar 2 omtalt som middels trenarutdanning og trenar 3 som høg trenarutdanning. Vidare tek neste kapittel føre seg tidlegare forskning om trenaryrket.

### **3. Tidlegare forskning – kva veit me i dag?**

For å undersøkje prosjektet si problemstilling har eg kartlagt kva tidlegare forskning viser angående trenarrolla og trenaryrket sett i samanheng med kjønn. Kapittelet tek føre seg kva trenarrolla inneber, moglege forklaringar for kvifor trenaryrket er prega av mannsdominans og kva barrierar som finst for kvinnelege trenarar. Avslutningsvis tek kapittelet føre seg kva forskning seier om utøvarane sine preferansar hjå ein trenar. Kapittelet gjev ein indikasjon for korleis fenomenet kjønn påverkar trenaryrket.

#### **3.1 *Trenarrolla***

Trenaren har ei vid og fundamental rolle i idretten. Ifølgje Lyle og Cushion (2017, s. 80) skal trenaren planleggje, organisere og kontrollere treningsprosessen som i samnhøve med eigen treningsfilosofi vil utvikle utøvarane sine fysiske, tekniske og mentale ferdigheitar. Korleis ein utøvar rolla varierer, ifølgje Sæther (2015, s. 9), med alder, kjønn, ferdigheitsnivå og idrett hjå både trenaren og utøvaren.

Trenaren har stor påverknadskraft og kan fungere som rollemodell for utøvarar (Wallinus-Rinne et al., 2016, s. 20). Likevel er det andre faktorar som òg spelar inn i utviklinga av idrettsutøvarar. Sidan ein treningsprosess er ein kompleks sosial interaksjon mellom idrettsmiljøet, trenaren og utøvaren kan relasjonen mellom trenaren og utøvarane reknast som ein faktor som påverkar det utviklande samarbeidet (Hardman, 2008, s. 67). Ein positiv trenar-utøvarrelasjon kan ifølgje tidlegare forskning auke utøvaren si kjensle av tilfredsheit, kjensle av støtte, motivasjon, stimulere til godt humør og redusere stress (Bortoli et al., 1995; Wrisberg, 1996).

Ifølgje Jowett og Poczwadowski (2007, s. 11) er kjønn ein av fleire varierende individuelle karakteristikkar som aukar kompleksiteten i interaksjonen mellom ein trenar og ein utøvar. Norman og French (2013) oppdaga at den sosiale konstruksjonen av kjønn påverkar både trenaren sine oppfatningar og handlingar. Blant anna utførte Gosai et al. (2022) ei studie som tok føre seg mannlege og kvinnelege trenarar si trenaråttferd og praksis i lagidrettane hockey, basketball, rugby, volleyball, cricket og lacrosse. Resultata viste at trenarane brukte, bevisst eller ubevisst, ei kjønnslinse i sitt treningsarbeid med kvinnelege og mannlege utøvarar. Vidare avdekkja Fasting et al. (2019) gjennom si studie om kvinnelege fotballtrenarar sine erfaringar på elitenivå at



maskuline verdier, idear og betydingar påverkar dei kvinnelege fotballtrenarane sine erfaringar knytt til trenarutdanning, sjølvtilitt i yrket og arbeidsmoglegheiter.

I de Haan og Knoppers (2020) si studie, som undersøkte ro-trenarar, avslørte funn at sjølv om trenarane hevda dei behandla kvinnelege og mannlege utøvarar likt, handla dei i tråd med diskursar som vurderte kvinnelege utøvarar som underlegne i forhold til forskjellige, implisitte mannlege normer. I bokseringen fant Tjønndal og Hovden (2016) at mannlege boksetrenarar oppfattar seg sjølv meir autokratiske enn sine kvinnelege kollegaer, mens dei kvinnelege trenarane opplev seg sjølv som meir demokratiske og sosialt støttande. Trenarane sine oppfatningar og leiingspraksisar avdekkjer kva utfordringar og moglegheiter trenarane møter i eit mannsdominert handlingsrom. Kvinnelege trenarar sine erfaringar og behov vert rekna som spesielle og kjønna, og kan dermed ikkje inkluderast i god treningsleiing. LaFontaine og Kamphoff (2016) tok føre seg fleire individuelle idrettar i si studie som handla om vidaregåande trenarar i USA, blant desse er alpint med. Studien viste at kvinnelege trenarar opplever meir strukturell og mellommenneskeleg støtte no enn tidlegare, men at dei framleis strevar med å bli respektert og følte ofte at dei måtte nytte maskuline eigenskapar for å lykkast.

### **3.2 *Trenaryrket – mannsdominert arena***

Tidlegare forskning viser at kvinner si deltaking i idrett har auka dramatisk dei siste 50 åra, men likevel er kvinnelege trenarar og idrettsleiarar i stort mindretal (Acosta & Carpenter, 2012; Fasting & Sand, 2009; Pfister, 2013). Fråværet av kvinnelege trenarar på store idrettsarrangement gjev ein indikasjon på kor underrepresentert dei er på elitenivå. Under dei Olympiske Leikar i Sochi 2014 var delen kvinner av den Canadiske trenarstaben 13 %, av den amerikanske trenarstaben 9 %, av den svenske trenarstaben 9 % og av den norske trenarstaben 6 % (Fasting, Sisjord & Sand, 2017).

Underrepresentasjonen av kvinnelege trenarar i Europa generelt sett er estimert til mellom 20-30%, medan i eliteidretten er berre 13-17% av trenarane kvinner (European Commission et al., 2022; Fasting et al., 2017).

Ein av konsekvensane av underrepresentasjonen av kvinnelege trenarar er få rollemodellar for unge kvinner med trenarambisjonar. I tillegg reduserast moglegheitene for at jenter vert trena av ein trenar med same kjønn og at kampen for å endre negative stereotypiar kring kvinner i leiarposisjonar vert vanskelegare (Acosta & Carpenter,

2012; Fasting et al., 2013). I norsk samanheng fant Fasting og Sand (2017) at blant 446 landslagstrenarar har talet på kvinner auka frå 10% i 2006 til 18% i 2016. Ifølgje undersøkinga av Seippel (2008), som basera seg på medlem i idrettslag frå 12 år og oppover, viste at 17% av utøvarane som konkurrerte på lågt nivå hadde kvinnelege trenarar, medan blant utøvarar som konkurrerte på middels nivå var det 12%, og på elitenivå var det 5% som hadde kvinnelege trenarar. Kjønnforskjellane i idrettslag var ifølgje idrettsregistreringa frå 2016 mindre, med 23% kvinnelege trenarar (Fasting & Sand, 2017). Kjønnbalansen varierer med idretten, men i idrettar med ganske lik kjønnfordeling blant utøvarane fant Fasting, Sand, Sisjord og Broch (2008) at menn trenar grupper på høgare nivå medan kvinner trenar barn- og nybyrtjargrupper.

### **3.3 Moglege forklaringar til mannsdominans i trenaryrket**

Dei dominerande diskursane i idrett er prega av heteroseksuelle, maskuline trekk og at idretten er eit heteroseksuelt mannleg domene (Connell, 2005). Det treng ikkje berre gjelde utøvarar, men òg idrettsleiarar som til dømes trenarar. Det finst fleire moglege forklaringar for kvifor maskulin dominans framleis er gjeldande i idretten, og spesielt i trenaryrket. LaVoi og Dutove (2012) utførte ein omfattande studie av faktorar som både bidreg til mangel på kvinner i trenaryrket og faktorar som kan gjere ei trenarkarriere for kvinner lettare på eit individuelt nivå, mellommenneskeleg nivå, strukturelt nivå og sosiokulturelt nivå.

Det individuelle nivået tek føre seg personlege, biologiske og psykiske faktorar som til dømes kognisjon, kjensler, tru, verdiar, ekspertise og personlegdom. På individuelt nivå er faktoren at kvinnelege trenarar er ein minoritet ein barriere i seg sjølv.

Sjølvpoppfatning, sjølvtilitt og syn på eigen kompetanse kan vere hindrande faktorar for kvinnelege trenarar. På generell basis viser forskning at kvinnelege trenarar tvilar på at dei er kvalifisert for trenarrolla trass tidlegare eige høgt idrettsleg nivå og trenarkapital (LaVoi & Dutove, 2012). Andre individuelle barrierar LaVoi og Dutove (2012) peikar på er belastninga av å kjenne seg mindre verdt, utøve perfeksjonisme eller å skjule delar av eigen identitet som til dømes legning. Likevel fant dei at kontinuitet i trenarrolla og tidlegare prestasjonar som utøvar styrkar sjølvsikkerheita til dei kvinnelege trenarane og aukar sjansen for at dei vert verande i yrket.

Fasting et al. (2019) hadde tilsvarende funn som viste at norske, kvinnelege trenarar opplevde låg sjølvtilitt og få moglegheiter i arbeidsmarknaden, samt at trenarutdanninga deira var prega av mannsdominans. Deltakarane i Fasting et al. (2019) var samde om at mannlege trenarar får meir respekt og autoritet, at kompetansen deira er meir verdsett av involverte i idretten. Ifølgje LaFontaine og Kamphoff (2016) tek kvinner i bruk «maskuline» kvalitetar som høg sjølvtilitt, mot, autoritet, tøffheit og standhaftigheit for å lykkast med å tilpasse seg sosiale normer i eit lag.

Mellommenneskeleg nivå handlar om dei sosiale relasjonane som påverkar trenaren, som til dømes kollegaer, partner, venner og foreldre (LaVoi & Dutove, 2012). Her er mangel på støtte og respekt hindrande faktorar, både på heimebane og hjå mentorer eller kollegaer i idretten. Fråværet av støtte og hjelp til å balansere jobb og familie frå nære relasjonar peikar LaVoi og Dutove (2012) på som ein av dei vanlegaste barrierane på mellommenneskeleg nivå, og utanfor heimen er det manglande støtte og lite samhandling med trenarkollegaar av begge kjønn. Forsking viser at kvinnelege trenarar ønskjer oppfølging av mentor eller uformelle nettverk for støtte, og utveksling av kunnskap eller å føle tilhøyrse (Allen & Shaw, 2009). Men ifølgje LaVoi og Dutove (2012) er kvinnelege trenarnettverk så godt som ikkje-eksisterande, samtidig som eksistensen og styrken til ein «Old Boys' Club» - som vi på norsk kallar «gutteklubben grei» - fungerer som ein barriere for kvinnelege trenarar. Vidare fant LaVoi og Dutove (2012) at kvinnelege trenarar følte at mannlege kollegaar, foreldre og dommarar konstant granska dei, utfordra autoriteten deira, viste truande åtferd ved å heve stemma eller brukte sexistisk språk, noko som fekk dei kvinnelege trenarane til å føle seg uvelkommen, ikkje tekne seriøst eller audmjuka. I den sosiale interaksjonen mellom trenar og utøvar kan negative samhandlingar vere ei mellommenneskeleg barriere for trenarar. Til dømes ved mangel på respekt for trenaren basert på kjønn eller ein openberr preferanse for mannlege trenarar, og at den maskuline kulturen i idrett gjer at kvinner ofte føler seg som inntrengarar i det maskuline domene (LaVoi & Dutove, 2012).

Barrierane på strukturelt nivå knytast til organisasjonen sin politikk og mangel på moglegheiter, løn og kompensasjon, og tilrettelegging. LaVoi og Dutove (2012) trekk fram manglande støtte og strukturell tilrettelegging frå ulike organisasjonsledd som til dømes manglande moglegheiter til formell utvikling i trenarrolla gjennom kurs. Samt,

trekkjast manglande tilrettelegging knytt til familieliv og mangel på strukturerte og tilgjengelege rettleiingsmoglegheitene fram. Både utøvande idrettspolitik og organisatoriske verdiar avgrensar påverknadsmoglegheitene til kvinnelege trenarar. Ifølgje LaVoi og Dutove (2012) følte kvinnelege trenarar at dei har lite påverknadskraft på organisasjonsnivå, til dømes når dei ser behov for endring eller å få komme med innspel til utvikling av organisasjonen. I tillegg opplevde trenarane at det var eit manglande kommunikasjonsledd mellom leiinga og trenaren.

I tilsetjingsprosessar opplever mange kvinnelege trenarar at organisasjonen sine tilsetjingskrav og prosessar undervurderer kvinner og er kjønnsblinde. I tillegg viser tidlegare forskning at homogen reproduksjon er ei utfordring ved tilsetjing av trenarar (LaVoi & Dutove, 2012). Det vil sei at den dominante gruppa systematisk reproduserer seg sjølv ved å tilsetje trenarar som er like seg sjølve. Unntaket er organisasjonar som er særskilt innstilt på å fremje kvinner og tilsette kvinnelege trenarar gjennom tilsetjingsstrategiar som ser og verdset kvinnelege trenarar sine evner, tilbyr fleksible arbeidstider, har ein familievenleg politikk som støttar kvinnelege trenarar med barn, har foreldrepermisjon og likestilt løn. I idrettsorganisasjonar med kvinner i leiarposisjonar er det større sannsyn at kvinnelege trenarar vert tilsett (LaVoi & Dutove, 2012). Det er tydeleg at menn dominerer den formelle organisasjonsstrukturen i idrett, og at tilgangen til den mannskrollerte uformelle strukturen med tilhøyrande uskrivne reglar kan hjelpe kvinnelege trenarar å overleve og trivast i trenaryrket. På organisasjonsnivå kan det seiast at organisasjons- og strukturelle retningslinjer, praksisar og system ser ut til å støtte og reprodusera mannlege trenarar medan den same praksisen marginaliserer kvinnelege trenarar (LaVoi & Dutove, 2012).

Dei sosiokulturelle barrierane for kvinnelege trenarar kan først og fremst knytast til dominerande kjønnsideologiar og stereotypiar. Tidlegare forskning konstaterer at det sosialt konstruerte kjønnshierarkiet i idretten, som plasserer kvinna i ein svakare sosial og fysisk posisjon samanlikna med menn, framleis er gjeldande (de Haan & Knoppers, 2020; Gosai et al., 2022; Hovden & Tjønndal, 2019). Eit døme er at menn vert assosiert med autoritet, noko som underbyggjer den patriarkalske kontrollen av idrett og coaching, og som dermed undertrykkjer motstand og hindrar mangfald (Norman, 2012). Funna til Sisjord et al. (2021) viser at idrettsfeltet, som samfunnet generelt, er organisert etter det androsentriske prinsippet. Det androsentriske synet erklærer seg sjølv som

«naturleg», og legitimerer både den maskuline dominansen og den naturlege grunnleggjvinga for dei sosialt konstruerte forskjellane mellom kjønn og fordeling av «eigna» aktivitetar etter kjønn (Bourdieu, 2001, s. 9). Eit resultat av dette synet er at menn reknast som norma, og at kvinner reknast som «den andre». Kvinner må derfor forhandle om fleire utfordringar og sannsynlegvis gå lengre vegar til trenarstillingar på elitenivå samanlikna med menn (LaVoi & Dutove, 2012; Sisjord et al., 2021).

Kjønnsideologiar og stereotypiar påverkar trenaren sin praksis både bevisst og ubevisst. Sjølv om trenarane i de Haan og Knoppers (2020) hevda deira eigen treningspraksis var kjønnsnøytral kom kjønna diskursar til overflata i kommunikasjonen deira. Dei kjønna diskursane plasserte kvinner som underordna samanlikna med implisitte mannlege normer. Vidare argumenterer de Haan og Knoppers (2020) at ei av dei viktigaste inspirasjonskjeldene til trenaren si åtferd og praksis er egne erfaringar som utøvar, og at desse erfaringane er prega av kjønna stereotypiar. I kva grad trenaren bevisst eller ubevisst reproducerer kjønna stereotypiar er avhengig av trenaren si forståing av kjønn og ønskje om å utfordre gjeldande dominerande diskursar i idretten (de Haan & Knoppers, 2020). I LaFontaine og Kamphoff (2016) hevda til dømes deltakarane at den mest kvalifiserte trenaren burde trene laget deira uavhengig av kjønn, likevel nemnte dei hovudsakleg stereotypiske maskuline karakteristikkar som viktige kriterium for å oppnå truverdighet blant utøvarane. Som eit resultat av stereotypiske kjønnsnormer viser kvinner maskulin åtferd for å oppfattast som kompetente trenarar (Hovden & Tjønndal, 2019; LaVoi & Dutove, 2012). Som vist over er det fleire hindrande faktorar enn støttande faktorar for kvinner i trenaryrket. Her kan òg utøvarane sin preferanse spele inn.

### **3.4 Kjennskap til utøvarane sine preferansar**

Tidlegare forskning viser at kvinnelege og mannlege utøvarar har forskjellige behov og ønskjer frå trenaren sin. Kvinnelege utøvarar føretrekkjer ein rasjonell og demokratisk trenarstil, medan mannlege utøvarar er meir prestasjonsorientert og føretrekk ein autoritativ trenarstil (MacKinnon, 2011; Norman, 2015, 2016).

Ifølgje tidlegare forskning føretrekk kvinnelege utøvarar blant anna at trenaren òg har kjennskap til og støttar mennesket bak idrettsutøvaren. Kjensle av tryggleik og tilhøyrsløse i trenar-utøvarrelasjonen reduserer prestasjonspress og angst, og aukar

sjølvstillita hjå utøvaren, derfor er trenaren si evne til å skape ein trygg sfære og møte dei sosiale behova hjå utøvaren rekna som viktig hjå kvinnelege utøvarar (Gilbert, 2016; Gosai et al., 2022; MacKinnon, 2011; Norman, 2015). Ifølgje tidlegare forskning føretrekk kvinnelege utøvarar at treningsarbeidet er eit gjensidig, meningsfullt og demokratisk samarbeid. Trenarar som gjev utøvarane verktøy og rettleiar dei til idrettsleg utvikling vert særskilt verdsett (Norman, 2015). Forsking har vist at ein meir demokratisk, og mindre autoritær trenarstil har hatt positiv effekt på utøvaren sin motivasjon i idretten, uavhengig av kjønn (Barnett et al., 1992). Felles for utøvarane av begge kjønn er òg at dei forventar at trenaren har kompetanse om idretten og trenarrolla (Hovden & Tjønndal, 2019).

Kommunikasjon er eit viktig verktøy i trenar-utøvarrelasjonen, og kjønn har betydning for preferansane i både hyppigheit og type kommunikasjon (Gilbert, 2016; Hovden & Tjønndal, 2019; Norman, 2015). Tidlegare forskning viser at hyppigheita i trenar-utøvar kommunikasjonen er høgare hjå kvinner enn hjå menn, og at kontinuerleg og hyppig kommunikasjon er avgjerande for ein god trenar-utøvarrelasjon og utøvaren sitt prestasjonsnivå (Gosai et al., 2022; Norman, 2015). Med tanke på utøvarane sine preferansar i type kommunikasjon viser MacKinnon (2011) at kvinnelege utøvarar føretrekk positiv og personleg kommunikasjon og responderer betre på positiv forsterking og oppmuntring. Kommunikasjon som manglar autentisitet eller er støytande og åtferd som straffar utøvaren har negativ effekt på trenar-utøvarrelasjonen og utøvaren sin sjølvstillit (Felton & Jowett, 2015; Gosai et al., 2022). Kvinnelege utøvarar har eit større behov enn mannlege utøvarar for å tileigne seg kunnskap og forstå bakgrunnen for treningsarbeidet eller trenaren sine val og utsegn. «The coaches explained that ‘women need to talk – male athletes just do what you ask them to do’» (de Haan & Knoppers, 2020, s. 643). Kvinnelege utøvarar stiller fleire kritiske spørsmål på bakgrunn av behov for å få kontroll, føle på autonomi eller for å auke kompetansen sin og vere meir involvert i eigen utvikling (de Haan & Knoppers, 2020; Gosai et al., 2022).

For utøvarar er det viktig at trenaren erkjenner at kjønn, både utøvaren og trenaren sitt, er ein faktor i trenar-utøvardynamikken. Til dømes ved å forstå at tilnærminga til trening og prestasjonar kan vere forskjellig for kvinner og menn, og å forstå at trenaren sitt kjønn kan påverke utøvaren sitt syn og samhandling i relasjonen (Norman, 2015).

Trenarar og utøvarar med same kjønn kan enklare etablere gjensidige tillitsforhold og tette band grunna delte kjønna erfaringar og ei djupare forståing for kjensler og opplevingar (Hovden & Tjønndal, 2019; Lorimer & Jowett, 2010). Forskjellane mellom kvinner og menn er eit resultat av ulike sosialiseringssprossar som utøvarane har opplevd knytt til kjønn gjennom heile si idrettsdeltaking (Jowett & Clark-Carter, 2006; Lorimer & Jowett, 2009; Norman, 2016). Ifølgje funna til de Haan og Knoppers (2020) vil trenarar reprodusera kjønna diskursar på bakgrunn av tidlegare sosialiseringssprossar, både bevisst og ubevisst. Norman (2015) presenterte bevis på at trenaren sin relasjonskompetanse var det fremste behovet til elitekvinnene i studien, og indikerte at kvinner sine erfaringar med coaching er sosialt konstruert, samt at kjønnsideologiar angående kvinner sine sportslege evner påverkar forholdet deira til trenaren på ein negativ måte. Fersk forskning av Gosai et al. (2022) understrekar at forventningar og stereotypiske oppfatningar knytt til kjønn framleis eksisterer for både menn og kvinner, og har betydning for deira rolle, kapasitet og verdi i idretten.

Forskarar viser til manglande grunnlag for å fremje ein bestemt trenarstil for kvart kjønn, men understrekar viktigheita av at trenarar utøver ein praksis som er kjønnsstilpassa. Trenarar bør unngå ein kjønnsblind praksis som går på kostnad av både mannlege og kvinnelege idrettsutøvarar si positive utvikling og progresjon (de Haan & Knoppers, 2020; Norman, 2015, 2016; Norman & French, 2013).

## 4. Teoretisk rammeverk

Då Bourdieu døydde i januar 2002 hadde han fått fleire prestisjetunge prisar for arbeidet sitt, og reknast som ein av dei mest innverknadsrike samfunnsforskarane i moderne tid (Prieur et al., 2006, s. 9). Postmeistersonen, Pierre Bourdieu, vart fødd i 1930 i den sørvestlege, franske byen Denguin, og var landsbyguten som meistra utdanningssystemet ved hjelp av dyktigheit og stipend. Oppveksten og bakgrunnen til Bourdieu la grunnlaget for tenkinga hans, til dømes erfarte Bourdieu prisen av sosial mobilitet då han bevegde seg frå provinsens småborgarskap til hovudstadens intellektuelle elitære miljø (Wilken & Andreassen, 2008, s. 13).

Den store og varierte produksjonen til Pierre Bourdieu inspirerer framleis til samfunnskritiske diskusjonar om globalisering, sosial ulikskap og kjønnsforhold (Wilken & Andreassen, 2008, s. 7). Bourdieu adresserte og kritiserte eit breitt utval teoretiske tema, og har utvikla teoriar om sosial praksis, kultur, makt og sosiologisk kunnskap (Laberge & Kay, 2002, s. 239). Dei sosiologiske tankeverktøya Bourdieu har utvikla er omgrep som han trekkjer inn i ulike situasjonar og samanhengar for å forklare maktstrukturar som opprettheld eller skapar ulikskap og dominans i samfunnet (Aakvaag, 2008, s. 148). Bourdieu hevda at sosiologar er heilt nødvendige for å utfordre ulike formar for sosial dominans (Giulianotti, 2016, s. 170).

Av Bourdieu sitt arbeid legg dette prosjektet særskilt fokus på *Esquisse d'une théorie de la pratique* (engelsk omsetjing: *Outline of Theory of practice* (1977)) frå 1972 kor Bourdieu presenterte sin teori om praksis og habitusomgrepet. *La Distinction: Critique sociale du jugement* (1979) (norsk oversetning: *Distinksjonen* (1995)) som handlar om sosial distinksjon og smak, og *La Domination masculine* (1998) (engelsk oversetning: *Maskuline Domination* (2001)) som undersøker kjønnsforhold (Prieur et al., 2006, s. 18-19).

Vidare tek dette kapittelet føre seg Bourdieu sitt sosiologiske perspektiv, og gjev ei framstilling av sentrale omgrep som kapital, habitus, sosialt rom, sosiale felt, sosial distinksjon og doxa. Kapittelet avsluttar med Bourdieu sin teori om maskulin dominans, samt hans arbeid som handlar om idrett.



#### **4.1 Pierre Bourdieu sitt sosiologiske perspektiv**

Pierre Bourdieu var ein typisk konfliktteoretikar. Som mange andre store, innverknadsrike teoretikarar før han, hevda Bourdieu at hans sosiologiske tilnærming utfordra sosiologiens binære motsetning mellom subjektivismen og objektivisme. Bourdieu var inspirert av subjektivismen og overtydinga om at aktørar er skaparar av den sosiale verda, men meinte at subjektivismen tileigna aktørane for mykje makt og ignorerte dei strukturelle banda aktørane var underlagt (Ritzer & Stepnisky, 2014, s. 519). Subjektivisme sett søkelyset på sosiale handlingar og tolkingar som forsøker å forstå den sosiale verda gjennom eit daglegdags nivå (Giulianotti, 2016, s. 171). Under subjektivisme plasserer Bourdieu teoriar som Schutz sin fenomenologi, den sosiale interaksjonisme til Blumer og eksistensialismen til Sartre (Ritzer & Stepnisky, 2014, s. 516).

På grunn av subjektivismen si manglande anerkjening av dei strukturelle banda aktøren er underlagt søkte Bourdieu mot eit meir strukturalistisk perspektiv. Den strukturalistiske sosialteorien, objektivisme, er eit teoretisk perspektiv som hevdar at alle samfunn har underliggende, logiske strukturar eller mønster som eksisterer utanfor sosiale aktørar si bevisstheit, men som er mogleg å identifisera av sosiologar (Giulianotti, 2016, s. 171). Bourdieu plasserer teoriar som Durkheims arbeid om sosiale fakta, strukturalismen til Lévi-Strauss, og den strukturelle marxistiske tankegangen under objektivisme (Ritzer & Stepnisky, 2014, s. 516). Problemet var at Bourdieu opplevde strukturalismen som avgrensande og ignorant som ikkje inkluderte sosiale aktørar sin innverknad (Giulianotti, 2016, s. 171). Bourdieu forsøkte derfor å bevege seg utanfor den tradisjonelle teoretiske dualismen, og samtidig behalde nøkkelord som 'action' og 'structure' (Bourdieu & Wacquant, 1992, s. 121-122). Resultatet var at Bourdieu utvikla den teoretiske tilnærminga 'genetic structuralism' som legg vekt på ein meir handlingsfokusert versjon av strukturalismen som avslører korleis sosiale strukturar dannast og reproduserast gjennom kvardagsleg praksis (Giulianotti, 2016, s. 171).

Bourdieu si tenking var påverka av tre klassiske kritiske sosiale teoretikarar: Karl Marx, Max Weber og Emile Durkheim. Sjølv om Bourdieu ikkje reknast som Marxist var tenkinga hans inspirert av Karl Marx sine idear. Blant anna er Bourdieu samd i Marx sin påstand om at sosial teori ikkje bør bestå i ein diskurs som er lukka for seg sjølv, men

bør ta sikte på å avsløre prosessar prega av dominans. I tillegg anerkjenner Bourdieu, i likskap med Marx og Weber, posisjonen til klassekonfliktar og materielle interesser i forståinga av sosiale ulikskapar (Laberge & Kay, 2002, s. 240). Bourdieu er inspirert av Marx sitt kapitalomgrep, men meinte den økonomiske kapitalen berre var ein av fleire kapitalformer som individ og sosiale grupper bruker for å tileigne seg fordelar i det sosiale liv (Giddens & Sutton, 2017, s. 814).

Inspirasjonen Bourdieu henta frå Max Weber finn ein spesielt i tolkinga hans av sosial klasse, interesse og symbolsk kapital. I likskap med Weber har Bourdieu eit omfattande og mangfaldig klasseomgrep. Bourdieu definerar sosial klasse ut frå eit kulturelt og relasjonelt standpunkt, og Weber meiner klassar er aggregat av livssjansar, ikkje reelle sosiale grupper. Førstnemnde viser til sosial klasse som ei gruppe sosiale aktørar som deler dei same sosiale forholda i sin eksistens, interesse, sosiale erfaringar og verdisystem, samt definerer seg sjølv i forhold til andre grupper med aktørar (Laberge & Kay, 2002, s. 241). Felles for Bourdieu og Weber er framstillinga av samfunnslivet som ein kontinuerleg prosess av små og store konfliktar der kryssingar skjer. Den sosiale posisjonen i samfunnet knytast til livsstil og forbruk, noko som gjer at Bourdieu si framstilling av kulturell kapital på mange måtar kan jamstillast med Weber si framstilling av sosial status og livsstil (Bourdieu, 1995, s. 18).

## **4.2 Kapital**

For å forstå Bourdieu sitt syn på sosialt liv er det viktig å forstå omgrepet *kapital*. All samhandling er meiningsfulle sosiale kampar for å akkumulera mest mogleg kapital, og desse kampane er føresetnaden for at ein kan forstå verda (Bourdieu, 1986, s. 241).

Kapitalomgrepet til Bourdieu var inspirert av Marx si forståing mellom makt og kapital kombinert med Weber sin distinksjon mellom makt og status (Wilken & Andreassen, 2008, s. 39). Ifølgje Bourdieu (1986, s. 16) kan makt forkle seg i tre former for kapital: økonomisk, kulturell, sosial og symbolsk. Kapital er derfor både eit mål og eit middel i samfunnslivet (Aakvaag, 2008, s. 152)

Økonomisk kapital er den mest grunnleggande forma for kapital. Den økonomiske kapitalen kan konverterast direkte til pengar og kan verte institusjonalisert i form av eigendomsrettigheitar (Bourdieu, 1986, s. 242). Den økonomiske kapitalen eksisterer i

fysisk, ytre form. Som til dømes eigendom, peng, aksjar, land og fabrikkar (Aakvaag, 2008, s. 152).

Ifølgje Bourdieu (1986, s. 243) eksisterer kulturell kapital i tre former: *kroppslaggjort form*, *objektiv form* og *institusjonalisert form*. Kulturell kapital i *kroppslaggjorte forma* er langvarige disposisjonar i kropp og sinn, og tileignast først og fremst gjennom tidleg danning, sosialisering og oppvekst i familie, skule, venner, nærmiljø og idrett (Bourdieu, 1986, s. 243). Automatiserte rørsler i skiteknikk er til dømes kroppslaggjort form for kulturell kapital. Den *objektive forma* for kulturell kapital er eigarskap av kulturelle gode som til dømes maleri, bøker eller sportsutstyr (Bourdieu, 1986, s. 245). Kulturell kapital i institusjonalisert form handlar om akademisk kvalifikasjon som til dømes utdanning (Bourdieu, 1986, s. 246). Den kroppslaggjorte og objektive forma for kulturell kapital er uformelle former som handlar om å kjenne att, verdsetje og beherske den dominerande kulturen sin smak. Den formelle forma, institusjonalisert kapital, tileignar ein seg gjennom utdanningssystem som skulen eller kurs i særforbund (Aakvaag, 2008, s. 152). Å ha kulturell kapital betyr at ein meistrar den dominerande kulturelle koden i samfunnet (Aakvaag, 2008, s. 152).

Sosial kapital er ressursar ein har frå varige, sosiale nettverk med kjennskap, venskap og anerkjening i grupper som til dømes familie, venskap, naboskap, kollegia og andre relasjonar (Bourdieu, 1986, s. 247). Sosial kapital gjev makt ved at nettverk kan mobiliserast for å oppnå noko (Aakvaag, 2008, s. 153). Til dømes kan sosial kapital vere avgjerande i tilsetjingsprosessar av trenarar då det er vanleg at trenarar vert tilsett gjennom uformelle, sosiale kanalar (Sisjord et al., 2021).

Symbolsk kapital er kapital som er ein sosialt konstruert kognitiv kapasitet (Bourdieu, 1986, s. 253). Den symbolske kapitalen referer til ære, prestisje og andre verdifulle former for formell aksept (Giulianotti, 2016, s. 174). Aktøren har symbolsk kapital der dei andre kapitalformene, det vil sei økonomisk, kulturell og sosial kapital, reklassifiserast og oppfattast som fordelaktige personlege eigenskapar (Aakvaag, 2008, s. 158). Eit døme på symbolsk kapital er medaljar i idrett som er eit symbol på idrettsleg kapital eller vitnemål når ein er ferdig utdanna.

Verdien av kapitalen som aktøren har er bestemt av sosiale felt. Feltspesifikke former for kapital gjev grunnlag for dominans og makt og kan brukast som ressurs for å oppnå fordelar i det sosiale liv (Aakvaag, 2008, s. 151). Kapitalformer som gjev tilgang til makt i større sosiale system er objektivt sett meir verdt enn kapitalformer som berre gjev prestisje, ære og makt i eitt enkelt felt (Wilken & Andreassen, 2008, s. 40). Kapital heng tett saman med fordeling av makt fordi relevansen og volumet av kapital påverkar tilgangen til spesifikke profittar som står på spel i feltet (Bourdieu & Wacquant, 1992, s. 97). Eit anna sentralt verktøy Bourdieu nyttar for å forstå makt og dominans i samfunnet er omgrepet *habitus*.

### **4.3 Habitus**


Habitus er den sosialiserte subjektiviteten til sosiale aktørar (Giulianotti, 2016, s. 173). Habitus referer til individet sine tileigna mentale disposisjonar, forankring for kroppsleggjorde erfaringar, umedvitne strategiar og individet sine sosiale forankringar. Aktøren sin habitus er styrande for deira praksisar, vanar, smak og handlingar (lisahunter et al., 2015, s. 9). Sidan habitus er kroppsleggjort, og er orientert mot praktiske funksjonar, viser habitus seg i ganglag, talemåte, kroppshaldning og livsstil, som fysisk aktivitet og kosthald (Giulianotti, 2016, s. 173). Habitus kan forståast som eit skjema for handling.

Bourdieu refererar til habitus som ein «del av ryggmargen» og som eit produkt av sosialisering, spesielt den tidlege sosialiseringa som legger grunnlaget for danning av disposisjonane individet handlar ut i frå (Wilken & Andreassen, 2008, s. 37). Utviklinga av habitus skjer gjennom medviten og umedviten læring av normer, reglar, verkelegheitsoppfatningar og synspunkt, men òg gjennom observasjon og etterlikning av andre aktørar, som familie, venner eller aktørar i barnehage, skule eller idrett (lisahunter et al., 2015, s. 11). Dei sosiale, kulturelle og økonomiske forholda aktøren veks opp under gjer at mennesker har forskjellig habitus (Wilken, 2020, s. 124). Habitus er dynamisk og forandring i habitus er knytt til forandringar i omgivnadane (Wilken & Andreassen, 2008, s. 38). Habitusen er både produsert av og produserer den sosiale verda (Ritzer & Stepnisky, 2014, s. 521). Habitus er eit nyttig verktøy for å undersøkje den reproduserande basisen av ein sosial praksis (lisahunter et al., 2015, s. 9).

#### **4.4 Sosiale rom**

Bourdieu (1995) brukar omgrepet *sosialt rom* for å skildre dei sosiale strukturane som påverkar aktørane. Det sosiale rommet er ein hierarkisk struktur av sosiale posisjonar som aktøren innehar, og posisjonen til aktøren er bestemt av kva mengde kapital og kva samansetning av kapital individet har. Bourdieu (1995, s. 42) hevdar at samfunnsklassar ikkje eksisterer, men brukar heller inndelingar i det sosiale rom. Posisjonen til aktøren bestemmer derfor førestillingane av det sosiale rom og kva standpunkt aktøren tek i kampane for å bevare eller forandre dei konstruerte inndelingane (Bourdieu, 1995, s. 42).

Det sosiale rom byggjer på ei relasjonell forståing av den sosiale verda (Bourdieu, 1995, s. 33). I modellen av det sosiale rom (figur 1), henta frå *Distinksjonen* (1995, s. 35) illustrerer Bourdieu individet sin posisjon og forklarar plasseringa ved hjelp av samla kapitalmengde og samansetning av ulike kapitaltypar. Den vertikale aksen syner forskjellar i samla kapitalmengde, medan den horisontale aksen viser samansetning av ulike kapitaltypar. Modellen beskrivast som relasjonell, det vil sei at aktøren sin posisjon vert til gjennom relasjonar til sameksisterande aktørar, og definerast gjennom avstand til kvarandre og gjennom rangen dei har i forhold til kvarandre (Bourdieu, 1995, s. 35). Sidan det er ein relasjonell modell må nokon vere under for at andre skal vere over. Langs den horisontale aksen representerar det venstre ytterpunktet høg kulturell kapital og den høgre ytterpunktet høg økonomisk kapital. Det vil sei at sjølv om aktørar tilhøyrar ein dominerande klasse med like høg samla kapital kan dei vere posisjonert på kvar si side på den horisontale aksen (Bourdieu, 1995, s. 34). Til dømes har universitetslæraren og arbeidsgivaren i handel omtrent like høg samla kapital, men står i kontrast til kvarandre med tanke på fordeling av kulturell og økonomisk kapital. I idrettsleg samanheng vil universitetslæraren mest sannsynleg verdsetje aktivitetar i fjellet, sykkelturar eller sjakk. Samstundes likar arbeidsgivaren i handel mest truleg aktivitetar som riding, vasski og jakt; aktivitetar som har nærare tilknytning til høg økonomisk kapital.



Figur 1. – Rommet for sosiale posisjoner og rommet for livsstilar (Bourdieu, 1995, s. 35).

## 4.5 Sosiale felt

Med sosialt rom ser ein på samfunnet som ein heilskap, og eit *sosialt felt* er ein sfære, arena eller institusjon i det sosiale rom (Aakvaag, 2008, s. 155). Eit sosialt felt produserer, sirkulerer og tileignar forskjellige godar, tenester, kunnskap og statusar som er organisert rundt ein eller fleire typar kapital. I tillegg er eit sosialt felt prega av historiske maktforhold mellom individet, sosiale grupper og institusjonar sine posisjonar (Bourdieu & Wacquant, 1992, s. 253). Eit felt kan vere knytt til aktøren sitt yrke, studie, interesser, livsstil eller sosiale klasse, og kan til dømes vere kunstfeltet, medisinfeltet, fagfellesskap, idrettsfeltet eller trusfellesskap. For aktørane er feltet ein arena for konkurranse om ressursar og anerkjenning for det som vert rekna som akseptert og teljande i feltet (Laberge & Kay, 2002, s. 254). Det som verdsetjast og kjempast om i idrettsfeltet er til dømes ikkje gjenstand for meiningsfulle sosiale kampar i det religiøse felt (Wilken & Andreassen, 2008, s. 39). I dette masterprosjektet reknast idrettsgreina alpint som eit delfelt i idrettsfeltet.

I likskap med det sosiale rom har sosialt felt ein relasjonell, hierarkisk struktur der aktørane har ein posisjon bestemt av kapital (Bourdieu & Wacquant, 1992, s. 97; Aakvaag, 2008, s. 155). Det som skil sosiale rom frå sosiale felt er at i rommet vert aktøren sin posisjon bestemt av mengde og samansetning av dei generelle kapitaltypane, økonomisk og kulturell kapital, medan i feltet er posisjonen bestemt av den feltspesifikke kapitalen (Laberge & Kay, 2002, s. 254; Aakvaag, 2008, s. 155).

Bourdieu hevdar, ifølgje Laberge og Kay (2002, s. 254), at alle sosiale felt er prega av konflikthar som oppstår når aktørane i feltet vil forsvare eller endre sin posisjon i feltet, og meiner at den sosiale kampen er verdt å kjempe. Ein avgjerande karakteristikkk av eit felt er at alle aktørar som er involvert deler ei rekkje fundamentale interesser som kan koplast til eksistensen av feltet. Det fører til ei objektiv semje om *kva* som er verdt å kjempe for. Den objektive semja vert ofte teke for gitt og ved å delta i kampen aksepterer ein ubevisst føresetnadane som konstituerer sjølvfeltet, spelet og innsatsen (Wilken & Andreassen, 2008, s. 42)

På bakgrunn av Bourdieu sine empiriske studiar på forskjellige felt anerkjenner ein eksistensen av delfelt i eit felt. Delfelt kan utvikle egne særtrekk på feltet sin logikk, meiningsfulle gjenstandar og regulerande prinsipp (Laberge & Kay, 2002, s. 255).

#### **4.5.1 Doxa og symbolsk vald**

Kvart felt er prega av ein feltspesifikk grunnleggjande, taus og implisitt semje om spelereglane på feltet, samt kva som reknast som kapital. Bourdieu definerer dette som doxa – «the relationship of immediate adherence that is established in practice between a habitus and the field to which it is attuned» (Bourdieu, 1990, s. 68). Doxa er det som vert teke for gitt i samfunnet, det sjølvsegte og udiskutable som ikkje uttrykkjast verbalt, men som likevel gjer aktørane sine handlingar og val meiningsfulle (Wilken, 2011, s. 56).

Strukturen i sosiale rom og sosiale felt er ifølgje Bourdieu hierarkisk og baserer seg på ei vilkårleg skeivfordeling av kapital. «The Paradox of Doxa» kallar Bourdieu det faktum at undertrykte og dominerte grupper i stor grad aksepterer sin vanskelege og urettferdige posisjon i ordenen. Bourdieu hevdar at ulikskap og urettferd dekkast til gjennom måtar verkelegheita klassifiserast og forståast på. Den makta som dominerande grupper og klassar utøver gjennom å klassifisera verda på måtar som dekker til og naturaliserer deira vilkårlege privilegium vert kalla symbolsk vald (Bourdieu, 2001, s. 33). Ifølgje Bourdieu er maskulin dominans prototypiske døme på symbolsk vald, der ein dominerande struktur er så djupt forankra i feltet sine sosiale strukturar og i aktørane sine kognitive strukturar, at den produserast både i tid og rom som ein avgjerande faktor i danninga av det sosiale liv. Den symbolske valda er mild, umerkeleg og usynleg, òg for offera, og vert utøvd gjennom symbolske kanalar som kommunikasjon, erkjenning, anerkjenning og kjensler (Bourdieu, 2001, s. 1-2).

#### **4.6 Maskulin dominans**

Mot slutten av sin karriere gav Bourdieu ut *Maskuline dominans* (2001), kor han utvida førestillingane om makt og dominans til kjønnsrelasjonar. Ifølgje Bourdieu sin teori om kjønnsrelasjonar kan dei sosiale relasjonane av dominans og utnytting mellom kjønn reduserast til ein opposisjon mellom mann og kvinne (Sisjord et al., 2021). Kjønn forståast som motsetningar av kvarandre, og plasserer det maskuline som overordna og det feminine som underordna i Bourdieu sitt kulturelle skjema av motsetningar (Bourdieu, 2001, s. 11). Relasjonen mellom det maskuline og feminine er den same som mellom den dominerande og den dominerte (Bourdieu, 2001, s. 10). Det maskuline får status som det generelle, normale og kjønnsnøytrale, noko som fører til at det feminine



kategoriserast som spesielt, underordna og dermed mindre viktig. Feminitet tileignast betydingar som unormalt, særlege og det kjønna (Hovden, 2015, s. 93).

Dei sosialt konstruerte forskjellane mellom kjønna vert naturleg rettferdiggjort av dei biologiske forskjellane mellom kjønna og deira tilhøyrande kroppar (Bourdieu, 2001, s. 11). Dei sosialt konstruerte forskjellane mellom maskulin og feminin finst i ting sin objektive tilstand (alle ting som er kjønna), i den sosiale verda og i kroppsleggjord tilstand, habitus (Bourdieu, 2001, s. 9). I arbeidslivet er dei sosialt konstruerte forskjellane særskilt synleg (Bourdieu, 2001, s. 11). Leiarposisjonar og mannsdominerte yrker meiner Bourdieu (2001, s. 62) er konstruert på ein måte som ekskluderer kvinner fordi arbeidsgivarar har ønskje om kjønna eigenskapar som ofte knytast til det mannlege kjønn, samt arbeidslivet sine strukturar og organisering.

Det som gjer den maskuline dominans motstandsdyktig er at den sosialt konstruerte inndeling av kjønna er naturleggjordt og har dermed legitimert maktrelasjonen mellom maskuline og feminine (Bourdieu, 2001, s. 9). Den maskuline dominansen vert naturleggjordt ved at dei dominerte tek i bruk skjema for handling som er konstruert basert på dei dominerande sine synspunkt på dominanserelasjonane (Bourdieu, 2001, s. 35). Det faktum at dei dominerte aksepterer sin undertrykte og urettferdige posisjon, samt at dominansen ikkje treng å rettferdiggjeras kallar Bourdieu som nemnt for «Paradox of Doxa» (Bourdieu, 2001, s. 1). Reproduksjonen av dei godt innarbeida objektive og subjektive strukturane av dominansen opprettheld den sosiale ordenen og dei kjønna forventingane knytt til det maskuline og feminine, noko som resulterer i ein dominansrelasjon (Bourdieu, 2001, s. 83).

Bourdieu reknar maskulin dominans, både med tanke på korleis den vert innført og utøva, som det beste døme på symbolsk vald. Vidare understrekar han at for å forstå effektane av den maskuline dominans sin paradoksale logikk og den symbolske valda den utøver må fenomenet sjåast i saman med dei varige effektane den sosiale orden har på kvinner (Bourdieu, 2001, s. 38).

#### **4.7 Bourdieu og idrett**

Særskilt i den franske idrettssosiologien, men òg i internasjonal idrettssosiologi har Bourdieu hatt stor innverknad på idrettsvitskapen. Bourdieu har produsert fleire verk

som koplar idrett til sosiale praksisar, og brukast for å studere sosial distinksjon, kultur kring idrettsdeltaking og for å forstå samankoplinga mellom idrettens meining og praksisar knytt til sosial identitet og samfunnslag (Giulianotti, 2016, s. 182). Bourdieu anerkjenner den sosiale betydninga av idrett og diskuterte temaet i fleire publikasjonar, som til dømes *Distinksjonen* (1995), «Sport and Class» (1978) og «Program for a sociology of sport» (1988).

I *Distinksjonen*, som var eit av Bourdieu sine viktigaste verk, utarbeida han tesen om at kultur er eit stort, kompleks felt der ulike sosiale grupper kjemper for å skilje seg frå andre grupper gjennom ulike typar statuskonkurranse. I kvart felt fremjar kvar gruppe sine samla krav for utmerking og gjennom kulturell forfengelegheit uttrykkjer dei sosiale gruppene avsky for kvarandre sin smak (Bourdieu, 1995). Overklassen fordømmer praksisar og produkt som assosierast med ‘populær smak’ eller trend, og gjensidig avviser arbeidarklassen det som presenterast for dei som ‘god smak’. Smak reknast som eit uttrykk for den symbolske dimensjonen ved klasseforhold (Bourdieu, 1995). Bourdieu sine tankar om *smak* gjev ei betre forståing for preferansar i val av idrett og val i idretten. Preferansane i praksis er grunnleggande sosiale, men vert òg involvert på det symbolske nivået i maktforhold mellom sosiale grupper, og ikkje som eit resultat av naturleg disposisjon eller psykologiske eigenskapar (Laberge & Kay, 2002, s. 246). Smak er eit uttrykk for individet sin habitus, og ein kvar klasse av posisjonar svarar til ein type habitus som er fremja av dei sosiale vilkåra. Via dei ulike formene for habitus og deira evne til å fremje eigenskapar svarer ein systematisk heilskap av godar og eigenskapar som forbindast med kvarandre ved stilmessig forbinding (Bourdieu, 1995, s. 36).

Bourdieu understrekjer at det er ei djup samankopling mellom den spesifikke idrettslege smaken til sosiale aktørar og deira spesifikke klassehabitus (Bourdieu, 1984, s. 215). For å forstå dei sosiale klassane sine val av idrettar, må ein ta omsyn til kostnadane og fordelane idretten gjev den aktuelle klassen. Avgjerande faktorar for distribusjonen av idrettspraksis blant aktørane er fritid, økonomisk kapital og kulturell kapital (Bourdieu, 1978, s. 298). Den dominerande klassen føretrekk estetiske, kontemplative og helsebringande idrettar som til dømes golf, tennis, segling, riding eller sprangriding, ski og fekting. Samanlikna med den dominerande klassen er idrettane i den dominerte

klassen meir intense og involverer meir kroppskontakt mellom utøvarane, som til dømes fotball eller boksing (Bourdieu, 1984, s. 215).

Likevel krev innpass i eit delfelt i idrettsfeltet meir enn riktig kapital. Til dømes krev idrettar som ski, golf og cricket kostbart utstyr, men å eige utstyret og ha tilstrekkeleg fritid er ikkje nok for å sikre innpass i det sosiale feltet. Å sikre innpass i feltet er prega av kulturelle og sosiale faktorar som familiehabitus, idrettserfaring frå barndommen, innviing av riktig kroppsleg habitus og sosialiseringsteknikkar (Bourdieu, 1978, s. 301; 1984, s. 217). Utvalet i denne oppgåva har innpass i alpintfeltet og har høg godkjend kapital. Som individ med høge ferdigheitsnivå har dei spesialisert kulturell kapital (trenarutdanning, skikunnskap og skiferdigheiter), og dei får økonomisk kapital i form av løn og utstyr, og både nyttar og utvidar sin sosiale omgangskrins i utføring av trenaryrket.

I idrettsfeltet kan kroppen sine eigenskapar og ferdigheiter reknast som verdifull kapital. Bourdieu analyserer korleis kroppen er gjort til gjenstand for meiningsfulle kampar i feltet. I tillegg til å vere ein føresetnad for kjøp og sal av arbeidskraft er den fysiske kapitalen, kroppen, ei kjelde til makt, status og symbolikk (Shilling, 2003, s. 111). Bourdieu introduserte omgrepet *fysisk kapital* i sin artikkel «Sport and Social Class» (1978, s. 297). Danning av fysisk kapital viser til utviklinga av kroppen på måtar som anerkjennast som verdifulle i sosiale felt og omsetjing av fysisk kapital handlar om kroppsleg deltaking i felt som arbeid, fritid eller idrettsdeltaking, som resulterer i andre former for kapital (Shilling, 2003, s. 111). I utviklinga av fysisk kapital ber kroppen preg av individet sin sosiale klasse grunna individet sin sosiale posisjon, habitusen deira og utvikling av individet sin smak (Shilling, 2003, s. 112). Forskarar inspirert av Bourdieu har vidareutvikla omgrepet og skapt variasjonar som til dømes *kroppsleg kapital* (Wacquant, 1995), *fysisk kapital* (Shilling, 2003) og *sport kapital* (Moret & Ohl, 2019). Ifølgje Moret og Ohl (2019) bør sportskapital brukast om eliteidretten og kroppsleg kapital nyttast for massane. Vidare i masterprosjektet nyttar eg Bourdieu si forståing av fysisk kapital og idrettslag kapital.

## 5. Metode

Dette kapittelet gjer reie for dei vitenskaplege forskingsmetodane eg har nytta i masterprosjektet mitt. Eg skal beskrive og grunngje den vitenskaplege tilnærminga, metodiske val, kvalitetsvurderingar og etiske vurderingar eg har gjort i forskingsarbeidet. Metode kan definerast som «vegen til målet» eller som eit middel til å oppsøkje ny kunnskap, løyse problem og som ein framgangsmåte for å nå mål (Everett & Furseth, 2012; Kvale et al., 2009, s. 121). Val av metode er bestemt av føremålet med prosjektet og informasjonen ein søker (Olsson et al., 2003, s. 42). Basert på problemstillinga har eg valt eit kvalitativt forskingsdesign med semi-strukturert intervju som metode.

### 5.1 Vitenskapleg tilnærming

Tidleg i arbeidet med masterprosjektet avgjorde eg kva vitenskapsteoretisk forankring eg ville bruke. Den vitenskapsteoretiske forankringa har betydning for kva informasjon ein søker og dannar eit utgangspunkt for den forståinga ein utviklar. Dette gjorde at eg valte å plassere masterprosjektet mitt i det fortolkande paradigme (Thagaard, 2018, s. 33). Paradigmet referer til dei grunnleggande epistemologiske og metodiske premissane som ligg til grunn for den vitenskaplege tilnærminga. Det vil sei at premissane gjev forskarar dei ideelle måtane å stille forskarspørsmål, utføre forskinga og forklare funna sine (Loland & McNamee, 2017, s. 64)

I eit fortolkande paradigme tek forskaren sikte på å *forstå* sosiokulturelle fenomen framfor å *forklare* dei (Føllesdal et al., 2000, s. 83). Det finst ulike tilnærmingar i det fortolkande paradigme, to av dei er fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming. Ei hermeneutisk tilnærming handlar om å fortolke meningsfulle fenomen og beskrive vilkåra for at forståinga av meining skal vere mogleg. Opphaveleg vart metoden brukt på å fortolke tekstar, men etterkvart har metoden utvikla seg til å vere ein allmenn brukt metode for å skape forståing og fortolking (Thagaard, 2018, s. 37). Medan ei fenomenologisk tilnærming tek utgangspunkt i den subjektive opplevinga og søker å oppnå forståing av den djupare meininga i enkeltindivid sine erfaringar (Thagaard, 2018, s. 36). Fenomenologien peikar på ei interesse for å forstå sosiale fenomen ut frå aktørane sine eigne perspektiv og beskriv verda slik den vert oppfatta av informantane (Kvale et al., 2009, s. 45). Ifølgje Thagaard (2018, s. 36) legg fenomenologiske studiar

vekt på fellestrekk ved informantane sine erfaringar for å utvikle ei generell forståing av det fenomenet ein studerer. Prosjektet si vitskapsteoretiske fenomenologiske tilnærming og problemstillinga tek sikte på å forstå kva betydning kjønn har for alpintrenarar sine opplevde erfaringar med utøvarar og i miljøet.

Valet mellom kvantitativ og kvalitativ forskingsmetode har betydning for strukturen på forskingsarbeidet og data undersøkinga produserer. Kvantitativ forskingsmetode undersøker kor utbreidd eit fenomen er og nyttar statistikk. Kvantitative studiar omfattar eit stort utval og har stor avstand til forskingsobjektet, og kan ved hjelp av statistiske metodar generalisere funna sine (Thagaard, 2018, s. 16).

### **5.1.1 Kvalitativ forskning**

Kvalitative metodar er tradisjonelt knytt til forskning som inneber nær kontakt mellom den som undersøker og den som vert undersøkt, og har ein fleksibel struktur. Med ei kvalitativ tilnærming får ein grunnlag for å fordjupe seg i og utføre analysar av det sosiale fenomenet ein studerer (Thagaard, 2018, s. 12). Kvalitativ forskning inneberer å utforske korleis noko gjerast, seiast, opplevast, framstår, erfarast eller utviklast (Brinkmann et al., 2012, s. 11). Den kvalitative orienteringa gjer at merksemda rettast mot kulturelle, daglegdagse og situerte aspekt ved menneskeleg tenking, læring, kunne, handling og vår måte å forstå oss sjølv som personar på (Kvale et al., 2015, s. 30). I masterprosjektet ville eg gå i djupna på tematikken, og valte derfor å bruke kvalitativ forskingsintervju som metode for datainnsamling. Intervju er den mest anvendte metoden innanfor kvalitativ forskning og eignar seg godt til å få innsikt i personar sine erfaringar, tankar og kjensler (Thagaard, 2018, s. 89).

## **5.2 Datainnsamling**

Vidare vil eg presentere metode for datainnsamling og gjer greie for datainnsamlingprosessen, samt grunngjev eg metodiske val eg har teke knytt til førebuingane av intervju, utval og gjennomføring av intervju.

### **5.2.1 Det kvalitative forskingsintervjuet**

Eit kvalitativt forskingsintervju forsøker å forstå verda frå intervjupersonen sitt perspektiv (Kvale et al., 2015, s. 20). Bakgrunnen for val av intervju som metode er at det eignar seg godt til å innhente fylldig, omfattande kunnskap om menneskje sine

opplevingar, erfaringar, haldningar og synspunkt om temaet, samt deira livssituasjon. Intervju utspelar seg som ein samtale, og det er i samspelet mellom intervjuperson og intervjuar ein utviklar forståing av intervjupersonen sine erfaringar (Thagaard, 2018, s. 89). I søket etter kunnskap om alpintrenarar sine opplevingar av å trene jenter og gutar valte eg å gjennomføre ein-til-ein intervju. Med intervju som metode får ein moglegheita til å konsentrere seg om korleis enkeltpersonar oppfattar hendingar eller fenomen i deira eige liv, og gjennom intervjuet får ein fram ei detaljert analyse av ei gruppe personar sine opplevingar av bestemte hendingar og situasjonar (Brinkmann et al., 2012, s. 20).

Det kvalitative forskingsintervjuet kan utformast på forskjellige måtar. Ved utforming av forskingsintervjuet kan ein plassera seg på det eine ytterpunktet på kontinuumet med relativt lite strukturert oppbygning og få planlagde spørsmål, til det andre ytterpunktet med tydelig struktur og førande spørsmål frå intervjuaren (Brinkmann et al., 2012, s. 24). Metoden for datainnsamling eg valte å bruke kallast delvis strukturert eller semi-strukturert intervju (Thagaard, 2018, s. 91). Det semi-strukturerte intervjuet har ein fleksibel struktur slik at eg kunne tilpasse spørsmåla mine til intervjupersonen sine beskrivingar og inkludera nye spørsmål som ikkje var planlagde på førehand. Gjennom gode førebuingar og utarbeiding av intervjuguide kan ein opne opp for kreativitet i intervjusituasjonen (Brinkmann et al., 2012, s. 28).

### **5.2.2 Intervjuguide**

Ein godt utforma intervjuguide og gode kunnskapar om konteksten for intervjuet er eit hensiktsmessig utgangspunkt for å gjennomføre vellykka intervju (Thagaard, 2018, s. 95). Ein intervjuguide er eit manuskript som er utforma basert på det metodiske valet forskaren har teke med tanke på val av forskingsintervju (Kvale et al., 2015, s. 162). Sidan eg har valt eit semi-strukturert intervju inneheld intervjuguiden (vedlegg 2) sentrale emne som skulle dekkjast og spørsmål som dekkjer emnet. Med tanke på metodiske val stod eg fritt til å bevege meg utanfor manuskriptet og stille spørsmål basert på intervjupersonen sine svar.

Ved utarbeiding av intervjuguiden byrja eg med å lage eit tankekart knytt til temaet og prosjektet si problemstilling med utgangspunkt i eigen erfaring, tidlegare forskning og litteratur angående temaet. Basert på tankekartet formulerte eg eit førsteutkast med overordna emne og spørsmål. Dette førsteutkastet arbeida eg med saman med rettleiar i fleire omgangar og formulerte følgjande emne til den endelege intervjuguiden; *trenaren sin bakgrunn, ferdigheitsutvikling, kommunikasjon i trenar-utøvarrelasjonen, krav og forventningar til utøvarane, sosial og emosjonell støtte og trenaren sine erfaringar i alpintmiljøet*. Rekkjefølgja på emna og spørsmåla legg til rette for ein mjuk start for intervjupersonen. Intervjuguiden byrjar med å stille spørsmål om trenaren sin bakgrunn og deretter beveger seg over til emne som kan knytast til trenaren sin praksis, før den avsluttar med det mest utfordrande temaet: trenaren sine erfaringar i alpintmiljøet. Ifølgje Thagaard (2018, s. 97) inviterer opne spørsmål intervjupersonen til å presentera sine synspunkt og erfaringar. Derfor har eg etterstreva å formulera spørsmåla i intervjuguiden på ein open måte, samt unngått leiande spørsmål som fargar svaret til intervjupersonen. Ved å nytte opne spørsmålsformuleringar fekk eg oppriktige svar om trenarane sine erfaringar. Med ein utarbeida intervjuguide ville eg teste den i eit pilotintervju før eg starta datainnsamlinga.

### **5.2.3 Pilotintervju**

Pilotintervju er generalprøven før datainnsamlinga startar. Å gjennomføre eitt eller to testintervju med personar kan ifølgje Mason (2002, s. 75) gje intervjuaren gode øvingsmoglegheiter. Det er føremålstenleg fordi forskaren får kartlagt eige forbettringspotensiale i intervjusituasjon, ein vert tryggare, får meir sjølvtrullit og evnar å skape ein god atmosfære for intervjupersonen (Kvale et al., 2009, s. 105; Mason, 2002, s. 75).

Før datainnsamlinga starta gjennomførte eg eit pilotintervju med ein trenarkollega, noko eg gjorde av fleire årsaker. Først og fremst fekk eg ein indikasjon på korleis intervjuguiden fungerte og kva endringar som eg måtte gjere. Blant anna fjerna eg spørsmål som førte til gjentakingar, la til eitt spørsmål om emne eg opplevde ikkje vart tilstrekkeleg dekkja og formulerte eitt spørsmål på nytt. Målet var at spørsmåla skulle vere så presise som mogleg. For det andre fekk ein direkte tilbakemelding på korleis eg sjølv handterte intervjuarrolla. Basert på erfaringane frå pilotintervjuet fekk eg bekrefta viktigheita av å lytte og stille gode oppfølgings spørsmål. Ein føresetnad for at eg skulle

lykkast med det var å framstå roleg og styre iveren min. For det tredje fekk eit konkret estimat på lengda på intervjuet. Eg hadde førespegla at intervjuet kom til vare omtrent 60 minutt, noko det gjorde. Sist, men ikkje minst fekk eg teste lydopptakarutstyret før datainnsamlinga starta. Eg opplevde pilotintervju som lærerikt og gjekk med dette inn intervjusituasjon med meir tryggleik i rolla. I påfølgjande delkapittel skal eg ta føre meg grunningjevinga for utvalet i prosjektet og korleis eg rekrutterte alpintrenarane.

#### **5.2.4 Utval**

For å velje utvalet i dette kvalitative prosjektet har eg nytta strategisk utveljing, som vil sei at eg har systematisk valt ut personar som har dei eigenskapane og kvalifikasjonane som er strategiske i forhold til problemstillinga (Thagaard, 2018, s. 54). Bakgrunnen for å nytte strategisk utveljing var prosjektet sitt omfang og for å sikre eit utval som var eigna til å skape forståing for fenomenet som skal studerast.

Alpintrenarar kvalifiserte til deltaking dersom følgjande kriterium var tilfredsstillt:

- (a) Alpintrenaren har arbeidserfaring med jenter og gutar i aldersgruppa U14/U16
- (b) Alpintrenaren har trenarutdanning
- (c) Alpintrenaren er tilsett i ein klubb tilhøyrande Oslo Skikrins

Bakgrunnen for val av kriterium var å sikre eit utval som hadde opplevingar med blanda treningsgrupper i alpintfeltet og erfaringar frå alpintfeltet. Aldersgruppa valte eg fordi, basert på eigne observasjonar i feltet og tidlegare forskning, kan det seiast at kjønnskeivheita er større blant trenarar på eldre aldersgrupper (Fasting et al., 2008). Det kan tenkast at kjønnskeivheita kan forsterke etablerte dominanseforhold, noko som var relevant for masterprosjektet. Bakgrunnen for den geografiske avgrensinga er tilgjengelegheit til intervjupersonane og fordi alpintrenarar i Oslo skikrins er formelt tilsett hjå klubbar og mottek løn. Om ein er tilsett med løn eller frivillig med ei form for kompensasjon varierer blant klubbane i dei forskjellige skikrinsane (Skiforbundet, 2022a, s. 42)



Eg ønskte å inkludera både den kvinneleg og mannlege trenaren for å få deira perspektiv på temaet, samt ha like mange trenarar av kvart kjønn. Det resulterte i seks alpintrenarar frå fem forskjellige alpinklubar tilhøyrande Oslo skikrins, som eg rekrutterte gjennom mine kontaktar i feltet. Tilgang til feltet var derfor ikkje noko problem, men kan vere ein faktor i min forforståing av temaet og analyse av datamaterialet. Eg rekrutterte deltakarane først gjennom direkte kontakt ved fysisk møte eller telefon og deretter på e-post. Eg sendte eit informasjonsskriv (vedlegg 1) på e-post til dei aktuelle deltakarane for å informere om prosjektet.

På grunn av ein hektisk sesong valte den eine trenaren å trekkje seg seint i innsamlingsperioden, noko som førte til forseinkingar i prosjektet. Men eg valte å rekruttera ein anna trenar for å sikre kjønnsbalanse i utvalet. Utvalet sin storleik er bestemt av prosjektet sitt tidsperspektiv, omfanget og tilgjengelege ressursar (Thagaard, 2018, s. 59). Ifølgje Brinkmann et al. (2012, s. 20) har studentprosjekt vanlegvis mellom 3-5 intervjupersonar. Samtidig som Thagaard (2018, s. 59) påpeikar at storleiken på utvalet er avhengig av kor mange kategoriar ein inkluderer i utvalet.

### **5.2.5 Gjennomføring av intervju**

Etter den førebuande prosessen var det klart for å utføre intervju. Informasjon kring prosjektet fekk trenarane tilsendt i eit informasjonsskriv (vedlegg 1) på e-post, saman med informasjonsskrivet sendte eg ei samtykkeerklæring som trenarane skreiv under på før gjennomføring av intervjuet. Ved planlegging av gjennomføring av intervju avtalte eg tid og stad saman med alpintrenarane på e-post. For å imøtekomme trenarane la eg til rette for at trenarane fekk velje tid og stad, og samtidig hadde eit forslag klart. Målet var å gjere prosessen minst mogleg problematisk for deltakarane og skape trygge, uforstyrta omgivningar for intervjusituasjonen (Dalland & Keeping, 2020, s. 87). I løpet av november hadde eg avtalt intervju med alle seks deltakarane. Fire av seks intervju vart gjennomført i byrjinga av desember. Etter ønskje frå deltakar vart eit intervju gjennomført i januar. Det siste intervjuet var først planlagt i januar, men deltakaren utsette to gonger før han trakk sitt samtykke. Noko som førte at det siste intervjuet vart gjennomført i byrjinga av mars med ein ny deltakar. Alle intervju vart gjennomført på grupperom på NIH eller på deltakaren sitt kontor med ein varigheit mellom 50 min og 75 min.

Ved oppstart av intervjuet informerte eg om førmålet med intervjuet, intervjupersonen sine rettigheitar, bruk av lydopptakar og emna i intervjuet. Under intervjuet nytta eg lydopptakar for å fange mest mogleg av det trenarane delte, samtidig som det gav meg moglegheit til å vere til stades i augeblikket, stille oppfølgingsspørsmål og notere non-verbale trekk ved intervjupersonen. Ifølgje Thagaard (2018, s. 111) er det lydopptak i intervjusituasjonen som gjev den mest fyldige informasjonen om dialogen mellom forskar og intervjuperson.

Gjennomføring av intervju og min intervjupraksis opplevde eg som uproblematisk og er nøgd med. Trass min nærleik til feltet og kjennskap til trenarane opplevde eg at trenarane svarte oppriktig og sannferdig. Med erfaringane frå pilotintervjuet hadde eg gjort meg opp nokre tankar for korleis eg skulle skape ein trygg og tillitsfull atmosfære i intervjusituasjon. Dei første minuttane er ifølgje Thagaard (2018, s. 101) avgjerande for å danne relasjonen mellom intervjuperson og intervjuaren. I tillegg understrekar Kvale et al. (2009, s. 52) at eg som forskaren må vere medviten kring det asymmetriske maktforholdet mellom forskaren og intervjupersonen i intervjusituasjon. I intervjuarrolla var eg særskilt bevisst på å lytte og at kroppsspråket mitt uttrykte respekt og interesse, fordi det auka sannsynet for at intervjupersonar ville dele sine erfaringar og synspunkt med meg (Thagaard, 2018, s. 99). Eg opplevde trenarane som fitalande og som trygge i intervjusituasjonen. Stort sett opplevde eg at eg tok regi over intervjusituasjon og oppretthaldt ein god flyt med balanse mellom å stille oppfølgingsspørsmål, lytte og styre samtalen vidare. Likevel oppdaga eg eit par parti under transkripsjonen der eg skulle ønskje eg fortsette å følgje opp.

### **5.2.6 Transkripsjon**

Når intervju transkriberast frå munnleg til skrifteleg form, vert intervjusamtalane strukturert slik at dei er betre eigna for analyse (Kvale et al., 2015, s. 206).

Transkriberinga vart utført jamsides med datainnsamling. Eg valte å transkribere manuelt ved å høyre på lydopptaket og skrive ord for ord. Det var ein tidkrevjande prosess, men det gjorde at eg vart godt kjent med datamateriale. Ved å nytte denne transkriberingsmetoden fekk eg notert ned kroppsspråk, latter og pausar i samtalen, noko som gav meg eit meir heilskapleg bilete. Med tanke på at eg skulle nytte transkripsjonane til ei beskriving av intervjupersonen sine opplevingar valte eg å kutte

ned fyllord og gjentakande ord, samt skrive om dialekt til skriftspråket bokmål. På denne måten sikra eg òg anonymiteten til trenaren.

### **5.3 Databehandling og analyse**

Kapittelet tek føre seg framgangsmåten eg har brukt i analyse og tolking av datamaterialet. I arbeidet med å analysera og tolke datamaterialet har eg nytta ei tematisk analyse. Analysemetoden, tematisk analyse, er ein robust metode som utviklar, analyserer og tolkar mønster i det kvalitative datamaterialet (Braun et al., 2022, s. 4). Det er ei analyse der ein rettar merksemda mot *tema* som er representert i prosjektet. Analyseprosessen er ein kontinuerleg prosess med flytande overgangar mellom datainnsamling og analyse av datamaterialet (Thagaard, 2018, s. 151). Sidan eg gjennomførte alle fasane i masterprosjektet sjølv danna eg meg tankar som vart brukt i analysen allereie ved gjennomføring av intervju og transkripsjon.

Etter å ha lest datamaterialet fleire gonger og vorte kjent med innhaldet starta eg prosessen med å kode. Koding inneberer at ein deler opp teksten og set kodeord for segmenter av teksten. (Thagaard, 2018, s. 153). Ein kode summerer opp dei analytiske ideane og framhevar meiningsinnhaldet i teksten (Braun et al., 2022, s. 52). Då eg skulle starte kodingsarbeidet fekk eg tilbod frå rettleiaren om å lese gjennom og kode to transkripsjonar kvar for å sikre at eg var på riktig spor. Etterpå møtte eg rettleiaren for å diskutere funn og samanlikne dei koda transkripsjonane våre. Det var veldig lærerikt og nyttig for vidare arbeid med koding. Etter møtet med rettleiar arbeida eg meg systematisk gjennom alle transkripsjonane, farga ut sitat og noterte kodane i margin. I andre del av kodingsarbeidet rydda eg opp og samanfatta kodane mine ved å notere dei inn i eit skjema i skriveprogrammet Word, før eg skreiv ut dokumenta og klippa opp kodane for å samle dei i overordna kategoriar. Kategorisering av data er ifølgje Thagaard (2018, s. 154) både eit analytisk hjelpemiddel og ei avgrensing fordi det framhevar tendensar og mønster, samtidig som det stenger for andre perspektiv. I kategoriseringsarbeidet brukte eg ei blanding mellom deduktiv og induktiv tilnærming, kor eg utvikla kategoriar ved hjelp av teoretiske omgrep og problemstillinga i masterprosjektet, samt tok i bruk kategoriar som oppstod undervegs i analysearbeidet (Braun et al., 2022, s. 10).

For dette prosjektet valte eg å nytte ei tematisert analyse, som ifølgje Thagaard (2018, s. 171) handlar om at ein retter merksemda mot temaa som er representert i datamaterialet og tolkar intervjupersonane sine opplevingar under kvart tema. Grunngevinga for at eg valte å analysere datamaterialet med ei tematisert tilnærming er at eg ønskte å gå i djupna på fellestrekk og ulikskapar i alpintrenarane sine opplevingar av og i feltet. Å strukturere etter tema var derfor ein hensiktsmessig måte å synleggjere desse fellestrekkane og ulikskapane. På bakgrunn av kontekst, tidlegare forskning og teoretisk rammeverk hadde eg danna meg eit bilete over kva tema eg kom til å bruke, og med nokre justeringar vart mine hovudtema: «bakgrunn og kompetanse», «trenaren sin praksis og erfaringar i feltet» og «trenaren si oppleving av å trene jenter og gutar». I analysearbeidet har eg valt å nytte undertema for å fange fleire av nyansane i dei ulike hovudtemaa. Ifølgje Braun et al. (2022, s. 196) kan undertema løfte fram fleire aspekt i hovudtemaet, men samtidig halde datamaterialet innanfor dei tematiske rammene. Vidare plasserte eg sitat under riktig kategori og kontrollerte at dei vart framstilt i riktig kontekst. Den endelege analysen vert presentert i kapittelet; «resultat og diskusjon».

## **5.4 Reliabilitet, validitet og overførbarheit**

Ein viktig del av forskingsprosessen er at forskaren rettar eit kritisk blikk mot eigen forskning for å kvalitetssikra arbeidet. Dette delkapittelet tek føre seg oppgåva sin pålitelegheit, gyldigheit og overførbarheit, og er eit uttrykk for forskaren si vurdering av framgangsmåten og resultata i prosjektet (Thagaard, 2018, s. 181). Ved å nytte dei tre omgrepa skal eg drøfte studien sin kvalitet.

### **5.4.1 Reliabilitet**

Reliabilitet i kvalitativ forskning handlar om forskingsresultata si truverdigheit og utførast ved at forskaren gjer ei kritisk vurdering om forskingsarbeidet er gjort på ein påliteleg og tillitsvekkande måte (Kvale et al., 2009, s. 250; Thagaard, 2018, s. 187). Ved eit påliteleg forskingsprosjekt skal ei slik vurdering vise at ved gjentakning av datainnsamling får ein dei same resultata (Kvale et al., 2009, s. 250). Ein fullstendig objektiv datainnsamling er ikkje mogleg i kvalitativ forskning fordi datamaterialet vert produsert i eit samspel mellom forskar og intervjupersonar (Thagaard, 2018, s. 188). For å styrke reliabiliteten har eg som forskaren gjort greie for korleis eg har utvikla, henta inn og analysert datamaterialet. Gjennom metodekapittelet har eg derfor forsøkt å gi ei detaljert skildring av framgangsmåten i forskingsprosessen, med skildringar av

utval av intervjupersonar, av førebuingar og gjennomføring av intervjusituasjon, transkriberingsarbeidet og av fortolking- og analysemetoden.

Eg oppfattar følgjande faktorar som fordelaktige å presisere for oppgåva si reliabilitet. Mi interesse for feltet er forankra i personleg tilknytning til alpint og at eg er aktivt deltakande i feltet som trenar. Det gjer at eg som forskar har nærleik til feltet og ein relasjon til fleire av intervjupersonane. Ifølgje Thagaard (2018, s. 188) har konteksten for utvikling av data og relasjonen til intervjudeltakarane betydning for utvikling av data. Eg opplever min relasjon til utøvarane som god, men relasjonen vår kan påverke mi evne til å objektivt vurdere det intervjupersonane har delt i intervjuet. Vidare tenkjer eg at både mitt og intervjupersonane sitt kjønn kan ha ein betydning for korleis intervjupersonane svarar. Thagaard (2018, s. 82) påpeikar at det er viktig å vurdere kjønn som faktor i oppgåva sin reliabilitet. Ei mogleg svakheit ved reliabiliteten til oppgåva er at relasjonen mellom meg og intervjupersonane kan legge føringar for kva dei opplever dei kan og ikkje kan dele med meg, samt kva svar som er sosialt forventa av dei å svare. På ei anna side kan kjennskap til intervjuaren skape tillit i intervjusituasjonen og dermed kan det medføre meir openheit i intervjupersonen sine svar. Eg var særskilt bevist på mi nærleik til feltet og har derfor etterstreva ein objektiv, distansert og profesjonell posisjon som intervjuar der eg forsøkte å halde personlege meiningar og fordommar for meg sjølv, samt å ikkje reagere på intervjupersonane sine svar som strid med mine egne verdiar.

Det skal òg seiast at mi nærleik til feltet betyr at eg har ei forforståing for temaet og problemstillinga. Eg har derfor brukt mykje tid på å setje meg inn i teori, tidlegare forskning og anna relevant litteratur. Eg gjennomførte eit litteratursøk for å kartlegge tidlegare forskning. Litteraturen eg har nytta har eg funne gjennom litteratursøk, fått tilsendt frå rettleiar og i referanselista på relevante artiklar, som eg har kontrollert ved å undersøkje den opphavslege artikkelen. For å etterstreve ein nøytral datainnsamling gjennomførte eg pilotintervju for å førebu meg og øve på intervjusituasjon. Eg fekk hjelp hjå rettleiar til formulering av spørsmål i intervjuguiden og forsøkte å halde meg til denne formuleringa. I oppfølgingsspørsmål etterstreva eg å fortsetje å unngå leiande spørsmål og la intervjupersonen få tid til å svare, som Kvale et al. (2009, s. 250) påpeikar kan svekke reliabiliteten.

I databehandlinga transkriberte, koda, kategoriserte, tematiserte og analyserte sjølv. På denne måten vart eg godt kjent med materialet og hadde kontroll over alt som vart nytta i oppgåva. Ein faktor som styrkar reliabiliteten til oppgåva er at eg nytta lydopptakar under intervjuet, noko som gjorde det mogleg for meg å fange akkurat det informantane har sagt. Denne styrken følgjer dermed alle steg i analysen. I kodeprosessen fekk eg hjelp hjå rettleiar til å kontrollere at eg var på rett kurs, som eg opplever er styrkande for pålitelegheita i oppgåva. Resultatet i masterprosjektet er presentert i «resultat og diskusjon», kor eg har eit tydeleg skilje mellom kva som er data henta frå feltet og kva som er mine fortolkingar, noko som styrkar ifølgje Thagaard (2018, s. 188) reliabiliteten til oppgåva. Måten eg har gjort dette på er å markere sitat i kursiv eller hermeteikn og tydeleggjort kven sitatet høyrer til, og mine tolkingar i vanleg skrift. Ein faktor som påverkar reliabilitet i oppgåva er tidspunktet for datainnsamling. Eg gjennomførte datainnsamlinga frå barmarkssesong til skisesong, som vil sei at arbeidskvardagen til trenarane var noko ulik i tida datamaterialet vart samla inn. Eg opplevde likevel svara til informantane som tydelege, ærlege og relevante. Samla sett vurderer eg at datamaterialet har tilstrekkeleg grad av reliabilitet til å utgjere føresetnaden for vurdering av oppgåva sin validitet.

#### **5.4.2 Validitet**

Validitet i samfunnsvitskapen handlar om i kva grad ein metode er eigna for å undersøkje det som skal undersøkjast og om prosjektet verkeleg undersøkjer det den har til hensikt å undersøkje (Kvale et al., 2009, s. 250). I dei førebuande fasane av datainnsamlinga sikra eg validitet ved å søke kunnskap i teori og gjennom litteratursøk for å danne eit breiare grunnlag for arbeidet med tematisering og problemstilling. Vidare nytta eg eit strategisk utval av informantar for å sikre at datamaterialet var konstruert i samspel med personar som hadde eigenskapar som eigna seg til datainnsamling i alpintfeltet. I gjennomføring av dei semistrukturerte intervju nytta eg ein intervjuguide som hjelpemiddel for å sikre at eg undersøkte tema som på ein hensiktsmessig måte kunne bidra til å kaste lys på problemstillinga. Validiteten i undersøkinga var avhengig av at spørsmåla mine tok føre seg relevante tema frå alpintfeltet og hadde kjønnsnøytrale formuleringar. Kvale et al. (2009, s. 253) påpeikar at ei grundig utspørjing om meininga med det som vert sagt og kontrollspørsmål av informasjonen som vert delt bør finne stad i intervjuet for å sikre validitet. Når eg gjennomførte intervju følgde eg opp der eg opplevde informasjonen uklart og opplevde

at eg lykkast med det. Likevel oppdaga eg under transkripsjonen at det var eit par parti eg skulle ønskje eg følgde betre opp.

Validitet kan knytast til gyldigheita av dei tolkingane forskaren kjem fram til (Thagaard, 2018, s. 189). Ifølgje Thagaard (2018, s. 189) er ein viktig føresetnad for validitet at forskaren legg vekt på teoretisk gjennomsiktighet ved å beskrive sin teoretiske ståstad som dannar grunnlaget for tolking. Gjennom analyseprosessen har eg derfor gjort kritiske vurderingar av mine tolkingar ved å arbeide med materialet i delar og i heilskap, som er i tråd med den hermeneutiske metoden. Til dømes valte eg ut sitat som eg nytta i tolkinga mi, for så å kontrollere at sitatet i oppgåva samsvarar med temaet og konteksten sitatet vart gitt i intervjuet.

For å sikre validitet bør forskaren ifølgje Thagaard (2018, s. 189) gjere greie for korleis analysen har gitt grunnlag for å trekkje konklusjonar. På bakgrunn av alpintrenarane sine synspunkt, teori, tidlegare forskning og eigen forståing har eg tolka datamaterialet som vert presentert i resultat og diskusjon. På grunn av min bakgrunn som alpintrenar har eg danna meg kjennskap til miljøet og trenarkollegiet, noko som gjev meg eit godt utgangspunkt for å forstå fenomenet som studerast (Thagaard, 2018, s. 190). På den andre sida kan det seiast at mi nærleik til feltet kan føre til at eg overser nyansar som ikkje samsvarar med egne opplevingar. I tillegg anerkjenner eg at det medfører ein risiko ved undersøking av fenomenet fordi mi forforståing for fenomenet kan farge perspektivet i forskingsprosjektet, som ifølgje Prieur et al. (2006, s. 57) kan vere viktig å tenkje over. For å forsøke å motverke at min bakgrunn eller erfaringar påverkar resultata i masterprosjektet har eg gitt ei konkret framstilling av alpintrenarane sine utsegn knytt til dei ulike temaa, og diskutert likskapar og ulikskapar i trenarane sine opplevingar opp mot teori og tidlegare forskning. Likevel kan eg ikkje med sikkerheit sei at mi subjektive forståing av temaet ikkje har prega tolkingane i oppgåva. Eit siste punkt som styrkar validiteten er at resultata i masterprosjektet i stor grad samsvarar med tidlegare forskning knytt til kjønn og trenarrolla. Ifølgje Thagaard (2018, s. 191) styrkast validiteten i oppgåva når tolkingar frå ulike studiar bekreftar kvarandre.

### **5.4.3 Overførbarheit**

Når ein har vurdert prosjektet sin reliabilitet og validitet i metodiske val, kan ein spørje seg i kva grad resultata er mogleg å generalisere eller kva overførbarheit funna har

(Kvale et al., 2009, s. 264). Med tanke på dette masterprosjektet sitt omfang og det avgrensa talet på informantar vil eg stille meg kritisk til generalisering, men på grunnlag av fortolking gjort i masterprosjektet sine bestemte rammer kan funna vere relevante i andre samanhengar. Ifølgje Thagaard (2018, s. 194) er det forskaren si oppgave å argumentere for at funna i ein studie kan vere relevante i ein større samanheng.

Alpintrenarane i utvalet, som er eit sentralt punkt i spørsmålet om overførbarheit, vart rekruttert etter følgjande kriterium; arbeidserfaring med jenter og gutar i aldersgruppa U14/16, har trenarutdanning og høyre til Oslo skikrins. Med det aktuelle utvalet vil overførbarheita gjelde tilsvarende gruppe med mennesker, men grunna det magre talet på trenarar og den geografiske avgrensinga kan det ikkje seiast at utvalet er representativt for alle alpintrenarar. Likevel kan det seiast at trenarane kan oppleve gjenkjenning i resultata, som òg kan knytast til overførbarheit (Thagaard, 2018, s. 195). Eg ser det som sannsynleg at alpintrenarar kan kjenne seg igjen i noko av resultata som vert presentert og tolkingane eg har gjort, og sidan resultata samsvarar med tidlegare forskning har eg grunnlag til å tru at resultata kan overførast til andre liknande studiar i idrettsfeltet.

## **5.5 Ethiske vurderingar**

All vitenskapleg forskingsverksemd krev at forskaren opptre i høve med etiske prinsipp og sørgjer for at forskarane viser ærlegdom og nøyaktigheit i tolking og presentering av eigne forskingsresultat (Brottveit & Del Busso, 2018, s. 118; Thagaard, 2018, s. 20). I løpet av forskingsarbeidet skal forskaren utføre etiske vurderingar før, under og etter datainnsamling (Postholm, 2010, s. 142). Allereie ved val av tema og utforming av problemstilling tenkte eg over kva etiske spørsmål som kunne dukke opp i mitt prosjekt. Før datainnsamling kunne starte sette eg meg inn i forskningsetiske retningslinjer og normer knytt til samfunnsvitenskapleg forskning. Ved hjelp av retningslinjene for samfunnsvitenskap og humaniora utvikla av De nasjonale forskningsetiske komiteene (2021) kartla eg kva forskningsetiske val eg måtte ta. Sidan mitt masterprosjekt ikkje skulle utføre forsøk på mennesker trengte eg ikkje søkje godkjenning hjå REK (Regional Komité for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk) eller NIHs etiske komité, men sidan eg skulle utføre kvalitative intervju og behandle personopplysningar var prosjektet underlagt meldeplikt hjå Norsk senter for forskingsdata (NSD). I



samarbeid med rettleiar vart prosjektet meldt inn til NSD sitt personvernombud (Norsk Senter for Forskingsdata, u.å. ) og vart godkjent hausten 2022 (vedlegg 3).

Forskarar har eit ansvar i forskarfellesskapet for å opptre sannferdig, anerkjenne andre forskarar sitt arbeid og utføre god vitskapleg praksis (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2021). For å møte dette ansvaret har eg etterstreva god, kritisk kjeldehenvisning og har presentert resultatane på ein open måte.

Under datainnsamling er eit sentralt etisk prinsipp i forskingsprosjekt at deltakarane vert godt ivaretekne og respektert gjennom heile prosessen (Thagaard, 2018, p. 113). Grunna nærleiken mellom forskar og informant ved intervju som forskingsmetode er det følgjande tre prinsipp ein særskilt viktig å ta omsyn til; informert samtykke, konfidensialitet og konsekvensar av deltaking (Thagaard, 2018, s. 22).

I forskingsarbeidet skal alle deltakarar, i samhøve med Helsinkideklarasjonen (Førde, 2014), informerast om alle aspekt ved prosjektet og deretter gi informert, frivillig samtykke før deltaking. Som nemnt tidlegare fekk alle deltakarar tilsendt eit informasjonsskriv som omhandla prosjektet sitt føremål, framgangsmåte og kva betydning det hadde for deltakarane å delta per e-post, samt opna eg for spørsmål kring prosjektet. For å sikre at deltakarane hadde fått eit godt innsyn i prosjektet repeterte eg denne informasjonen i forkant av intervjustart. Eit frivillig samtykke betyr at deltakarane som er involvert i forskinga gjer dette med vita og vilje på eit fritt og sjølvstendig grunnlag (Dalland, 2012, s. 105). Saman med informasjonsskrivet fekk deltakarane eit samtykkeskjema som dei signerte og returnerte før intervjustart. Prinsippet om informert samtykke er basert på respekten for individets råderett over eige liv og at den enkelte har kontroll over opplysingar om seg sjølv som delast med andre (Thagaard, 2018, s. 23). Deltakarane vart òg informert om at dei når som helst i prosessen kunne trekkje sitt samtykke.

Eit anna grunnprinsipp for forsvarleg forskingspraksis er kravet om konfidensialitet. Å utføre forskingsarbeid som er tilfredsstillande i høve til konfidensialitet inneber mellom anna å anonymisere deltakarar og kjenneteikn i datamaterialet som kan identifisere personane (Thagaard, 2018, s. 24). For å bevare anonymiteten til deltakarane i prosjektet har eg nytta fiktive namn og fjerna informasjon som kan knytast til trenaren,

som til dømes utdanning og yrke utanfor idrettsfeltet. Eit viktig aspekt ved prosjektet er storleiken på miljøet. I norsk alpint er det få kvinnelege trenarar i aldersbestemte grupper over barneidretten, og det gjer at kvinnelege trenarar er særskilt synlege i miljøet. Gjennom arbeidet med masterprosjektet har eg prioritert høgt å behandle opplysningane konfidensielt. Eg har vore særskilt oppteken av anonymiteten til deltakarane i alle delprosessar av prosjektet, og spesielt i transkripsjonen og analyse av materialet. Detaljar som namn, klubb, stadar og andre kjenneteikn (til dømes dialekt) som kan avsløre deltakarane sin identitet er anonymisert eller fjerna. Eg har òg møtt kravet om konfidensialitet ved å oppbevare data utilgjengeleg for andre og oppretthaldt tausheitsplikt gjennom heile prosjektet.

Konsekvensane forskinga kan ha for deltakarane er det tredje grunnprinsippet for etisk forsvarleg forskning. Forskaren har eit etisk ansvar for å unngå forskning som medfører negative konsekvensar for deltakarane som til dømes alvorleg fysisk skade eller alvorlege belastningar (Thagaard, 2018, s. 26). Gjennom forskingsarbeidet forplikta eg meg til å beskytte integriteten til deltakarane ved å arbeide ut frå ein grunnleggande respekt for menneskeverdet, og respektere deltakarane sin autonomi, integritet, fridom og medbestemming (Thagaard, 2018, s. 26). Gjennom heile arbeidsprosessen har eg opplevd eit moralsk ansvar for å handle i tråd med lovbestemte retningslinjer og deltakarane sitt beste.

## 6. Resultat og diskusjon

Dette kapitlet presenterer resultatene i prosjektet, og drøftar datamaterialet opp mot Bourdieu sine analyseverktøy og teori om maskulin dominans, samt tidlegare forskning. Resultat og diskusjon vert framstilt tematisk og delt inn i tre hovudtema.

Før eg tek føre meg det andre og tredje delkapitlet, som samsvarar med forskingsspørsmåla, vert intervjupersonane presentert. Hensikta med å presentere alpintrinarane er å danne eit nyttig bakteppe for å forstå resultatene som kjem fram i datamaterialet, og å synleggjere trenaren sin posisjon i det sosiale felt og deira habitus. Deretter tek andre delkapittel føre seg trenarane sine tankar om eigen praksis og erfaringar som mann eller kvinne i alpintfeltet. Det tredje delkapitlet presenterer trenarane si oppleving av å trene jenter og gutar.

### 6.1 Presentasjon av alpintrinarane

For å forstå trenarane sine erfaringar i alpintfeltet og opplevingar av å trene jenter og gutar er det hensiktsmessig å danne eit bilete av trenarane i konteksten dei arbeidar i. Ein treningssituasjon er ein kompleks sosial interaksjon mellom miljøet, trenaren og utøvarane som er påverka av historikk, makt og relasjonar. Med Bourdieu (1995) som referanse har posisjonen til trenaren i det sosiale felt betydning for opplevingane og erfaringane i alpintfeltet. Basert på resultatene av datamaterialet kan ein forstå kva som er gjenstand for kamp i alpintfeltet og kva kapital som gir status og makt. Under presenterast kvar trenar kort, med fokus på kulturell kapital og habitus.

#### «Tuva»

Tuva byrja med ski og å køyre renn i ung alder og fortsette karriera til ho gjekk ut av skigymnas. Ho beskriv sine eigne idrettsferdigheitar som gode, noko som refererer til hennar fysiske kapital (Bourdieu, 1978). Tuva vart rekruttert til trenarjobben ved at sportsleg leiar i klubben tok kontakt for å tilby ho trenarjobb. Ho har middels høg trenarutdanning og er hovudtrenar for U14 gruppa både på ski og barmark, på deltid. Trenarutdanninga hennar gjev ifølgje Bourdieu (1995) utrykk for Tuva sin formelle kulturelle kapital. Hovudmotivasjonen hennar for å bli trenar er skiglede og kjærleik for sporten. I tillegg ønskjer ho å skape meistring hjå løparane og eit trygt miljø for ungdom. Tuva skildrar trenarstilen sin som direkte, bestemt og omsorgsfull. Ho

praktiserer òg ein spørjande trenarstil ved å hjelpe utøvarane å søkje forståing i alt dei gjer. I treningsarbeidet er ho særskilt opptatt av å skape forståing og formidle kunnskap om skiteknikk, og å legge til rette for kreativ og røff trening som gir utøvarane eit breitt rørslegrunnlag.

#### «Kim»

Kim begynte å stå på ski i ein alder av 2 år med familien og begynte først i klubb da han var i U10. I løpet av U16 vart Kim svært ivrig og søkte seg inn på skigymnas. Han konkurrerte i FIS til og med året etter fullført skigymnas, det viser til Kim sin fysiske kapital. Han beskriv sitt idrettslege ferdigheitsnivå som høgt og vart trenar kort tid etter at han la skia på hylla. Da Kim vart rekruttert av sportsleg leiar tenkte han «[...] man tjener jo penger og fortsatt kan være i bakken. Det er ganske dugg». Kim er trenar på deltid og hovudtrenar for U16, men trenar U16 og U14 samla. Motivasjon hans for å utøve treneryrket er gleda av å lære vekk og å sjå utøvarane nå mål. Ved spørsmål om ambisjonar svarar Kim at alpintrenaryrket er ein fin plan b dersom studiane ikkje går vegen. I treningsfilosofien vektlegg han forståing og utøvarane sin sjølvråderett, og hevdar at ein må forstå korleis ein svingar før ein kan utøve det. Kim seier han har ein spørjande trenarstil og forklarar at han spør og graver i utøvarane sin forståing før han deler sine tankar med utøvarane. Når Kim skal legge til rette alpintrening er han opptatt av å dyrke fram konkurranseinstinktet og arbeider for å skape samhald i gruppa.

#### «Una»

Una var ein aktiv alpinist til og med siste året på skigymnas. Ho beskriv sitt idrettslege ferdigheitsnivå som middels, og eit realistisk syn på eigne ferdigheitar forklarar ho som årsaka til kvifor ho la opp. Etter berre eit halvt år vekke får bakken sakna ho idretten og søkte trenaryrket. Una har høg trenarutdanning. I klubben trenar ofte U14 og U16 saman. Derfor trenar ho begge grupper, men arbeidar tettast på U14 gruppa. Sjølv om Una arbeidar fullt i si stilling i klubben og trivast godt med kombinasjonen mellom trenaryrket og administrativt arbeid har ho ambisjonar om å arbeide på skigymnas. Det som motiverer Una til å arbeide som alpintrenar er skiglede og arbeidsinnsats. Ho skildrar lidenskapen og arbeidsviljen til utøvarane som veldig smittande. Ho beskriv trenarstilen sin som lyttande og demokratisk. Una indikerer at å trumfe gjennom meiningane sine er ganske vanleg i alpintmiljøet, men at det ikkje kler ho.

Treningsfilosofien til Una legg vekt på sjølvstendigheit, sosialt samvær og innsats på trening.

#### «Jonas»

Jonas fortsette med satsing i to år etter fullført skigymnas og beskriv sitt idrettslege ferdigheitsnivå som høgt. Han vart rekruttert til trenaryrket ved at ein representant frå klubben kontakta han for å spørje om han ønskte å verte trenar. Han har høg trenarutdanning og er hovudtrenar for U16-gruppa. Jonas er trenar på heiltid. Han vert motivert av å formidle kunnskap om både fysiske og tekniske element. Jonas fortel at litt av årsaka til at han er trenar er fordi han ikkje kjem seg vekk frå miljøet. Han har ambisjonar om å vere landslagstrenar nokre år, men syns eigentleg at administrativt arbeid i skiforbundet verkar meir spennande. Trenarstilen til Jonas er ein blanding mellom autoritær og kompis, ein trenar som rettleiar løparane og som løparane høyrer etter. Jonas fortel at han bruker mange av trenarstrategiane som vart brukt på han då han var løpar. Treningsfilosofien til Jonas bygger på at ein skal lære å trene og han legger stor vekt på grunnleggjande skiteknikk.

#### «Kaja»

Kaja begynte å konkurrere i alpint då ho var 5 år og køyrte til ho var 18, det vil sei etter andre året på skigymnas. Då Kaja si karriere vart avslutta på grunn av skade søkte ho seg til trenaryrket fordi ho ikkje følte seg ferdig med idretten. Ho har høg trenarutdanning og hovudsyssele hennar er å vere trenar i U14. Det som motiverer Kaja til å utøve trenaryrket er å sjå utøvarane meistre. Ho har ambisjonar om å arbeide på skigymnas først og deretter utvikle seg vidare mot landslag. Kaja praktiserer ein spørjande trenarstil, og forklarar at utøvarane må sjølv presentere sine tankar før ho gir tilbakemelding. Ho presiserer at relasjonen mellom trenar og utøvar er særskilt viktig for korleis ho utøver trenaryrket. Kaja er opptatt av å tilpasse treninga for at løparane skal oppleve meistring, og dersom planen skjer seg leitar ho etter løysningar.

#### «Alex»

Alex avslutta si karriere etter sju år i FIS. Det vil sei at han køyrte på ski tre år etter skigymnas og dermed har høg fysisk kapital. Han vart trenar fordi ein klubbtrenar spurte kva han skulle mot slutten av siste sesong og Alex viste ikkje, så då vart han trenar. Han arbeidar med både U14 og U16 på heiltid, men trenar dei separat. Alex har

høg trenarutdanning og har stor kjærleik til idretten. Motivasjonen for trenaryrket finn ein i Alex sin skiglede. Han fortel om meistringsorienterte ambisjonar framfør karrieremål. Han er ute etter at løparen skal vise forståing før han deler tankane sine. Han praktiserer ein spørjande trenarstil. I treningsarbeidet legg Alex vekt på variasjon og kunnskap.

### **6.1.1 Alpintrenarane sin bakgrunn og kompetanse**

Alle alpintrenarane har tilknytning til alpint frå tidleg barndom, som er ein kostbar og tidkrevjande idrett. Det har betydning for deira habitus, smak og kapital. Deltaking og satsing i alpint føreset at utøveren sine foreldre er involvert, på grunn av sosialisering inn i idretten og den økonomiske kostnaden av satsing i alpint. Det tyder på at dei har vakse opp med idrett og i ein idrettsaktiv familie, noko som samsvarar med funna til Sisjord og Sørensen (2018), som studerte elevar på skigymnas. Sidan foreldre er dei viktigaste sosialiseringssaktørane arvar individet danning, smak og kulturell forfengelegheit som samsvarar med deira posisjon i det sosiale rom (Prieur et al., 2006, s. 57). Familien sin posisjon i det sosiale rom har derfor betydning for at alpintrenarane valte nettopp alpint i sin unge alder og forsette satsinga. Med tanke på at alpintrenarane har hatt nokså lik sosialisering inn i idrettsfeltet og deltfeltet alpint, kan det tenkjast at alpintrenarane har nokså lik posisjon i det sosiale rom. Det medfører at alpintrenarane sin habitus er nokså lik, og dermed har deira interesser, verdiar og verkelegheitsoppfatningar likskapstrekk. Som nemnt tidlegare er det ei djup samankopling mellom den spesifikke idrettslege smaken til sosiale aktørar og deira spesifikke klassehabitus (Bourdieu, 1984, s. 215; 1995). Det bør nemnast at yrket og utdanning er utelate grunna informantane sin anonymitet og gjennomsiktige miljø.

Gjennom sosialisering i alpintmiljøet har trenarane tileigna seg ein idrettsleg habitus og kulturell kapital, noko som kan forklare at trenarane etter enda alpinkarriere framleis var tiltrekte til alpintfeltet. Den kulturelle kapitalen alpintrenarane har tileigna seg gjennom si skikarriere og trenarutdanning har betydning for posisjonen deira i det sosiale felt og til dømes moglegheitene dei har fått i trenaryrket. Den kulturelle, kroppsleggjorde kapitalen viser til alpintrenaren sine idrettslege ferdigheitar på ski og kunnskap om skiteknikk og trening. Dei fire trenarane som hadde lengst skikarriere og konkurrerte på høgast nivå fekk tilbod om trenarjobb, medan trenarane med noko kortare skikarriere søkte yrket sjølve.

Den institusjonelle kulturelle kapitalen alpintrenarane har er trenarutdanning. Blant dei seks alpintrenarane er det fire som har høg trenarutdanning, to kvinner og to menn, ein kvinneleg trenar som har middels trenarutdanning, og ein mannleg trenar som har låg utdanning. Blant alpintrenarane i dette prosjektet har dei kvinnelege trenarane høgare samla institusjonell kulturell kapital enn dei mannlege trenarane, men ein må vere varsam med å generalisera ut frå så få intervjupersonar. Høg utdanning gir ifølgje Bourdieu (1996) individet tryggleik og sjølvtilit. Blant dei fire trenarane som fekk tilbod om å arbeide som alpintrenarar er tre menn og ei kvinne, og dei to trenarane som søkte yrket er kvinner. Dette kan tolkast som eit døme på homogen reproduksjon, der sannsynet for at menn tilset menn er stor, noko som samsvarar med funna til LaVoi og Dutove (2012). På ei anna side skal ein ikkje sjå vekk frå at det kan vere andre årsaker til at dei fekk tilbodet, som til dømes grunna sosial kapital.

Det er verdt å merke seg at i fordeling av grupper er det flest menn som har hovudansvaret for U16 og flest kvinner som har hovudansvaret for U14, trass at dei kvinnelege trenarane har høgare trenarutdanning. Basert på moglegheitene alpintrenarane i dette prosjektet har fått kan det tenkjast at den kroppsleggjorde kulturelle kapitalen er høgare verdsett i alpintfeltet enn den institusjonaliserte kulturelle kapitalen, og at menn sin kroppsleggjorde kulturelle kapital er høgare verdsett i feltet enn kvinner sin. Med bakteppet som er illustrert over vendar prosjektet seg mot trenaren sin praksis.

## **6.2 *Trenarar si oppleving av eigen praksis og erfaringar av å vere kvinne eller mann i alpintfeltet***

Dette delkapittelet tek føre seg kjønnsaspekta ved trenarane si oppleving av å vere trenar i alpintfeltet, i lys av forskningsspørsmålet «kva har kjønn å seie for trenaren si oppleving av å vere trenar i alpintfeltet?». Delkapittelet presenterer kjønnslikkskapar- og ulikkskapar i trenaren sin trenarstil og filosofi, trenaren sin praksis og oppleving av å vere kvinneleg og mannleg alpintrenar i treningskvardagen. Dette vert undersøkt med hjelp av Bourdieu sin teori, tidlegare forskning og eigne tolkingar.

Trenarstil og treningsfilosofi handlar om visjonen trenarane legg til grunn for sin praksis. Vidare tek trenaren sin praksis og handtering av utøvarar føre seg kjønnskildadar i krav og forventningar, straff og kontroll og syn på motivasjon i

alpintrenarane sin eigen praksis. For å danne eit heilskapleg bilete av kjønn sin betydning for trenarar si oppleving av å vere trenar i feltet avsluttar delkapittelet med alpintrenarane sine refleksjonar kring det å vera kvinnelege og mannlege trenarar. Dette viser korleis kjønn påverkar trenaren si oppleving av sjølvtilitt i trenarrolla, respekt, sosialt nettverk, trivsel og kjønnsyn.

### **6.2.1 Alpintrenarar sin trenarstil og treningsfilosofi**

For å forstå trenarane sin praksis må ein identifisere karakteristikkane ved deira trenarhabitus. Gjennom formell læring og uformell erfaring i feltet har trenarane tileigna seg kunnskap og oppfatning av trenarrolla. Den uformelle erfaringa spelar ei sentral rolle i utvikling av trenarhabitus, som dannar handlings skjema, oppfatningar og bestemte praksisar for trenaren (lisahunter et al., 2015, s. 66). Dei tre faktorane som har betydning for korleis trenarhabitusen vert utvikla er korleis dei vart trenarar, kva erfaringar dei har og korleis den sosiokulturelle konteksten forma erfaringane til trenarane (lisahunter et al., 2015, s. 67). Gjennom å analysere delar av alpintrenarane sin praksis og vektlegging i treningsarbeidet vert likskapar og ulikskapar i opplevingane av eigen praksis presentert og drøfta.

Ved spørsmål om korleis trenarstil alpintrenarane har svarte fem av seks at dei har ein spørjande trenarstil. Kaja fortel at «min trenerstil er det mange trenere kaller den nye stilen, og det er en spørrende stil. At jeg graver i utøverne og får de selv til å stille spørsmål og svare på ting før jeg kommer med tilbakemeldinger». Fleire av trenarane omtalar stilen som ny eller annleis enn korleis dei sjølve vart trena. Ifølgje de Haan og Knoppers (2020) er den viktigaste inspirasjonskjelda for ein trenar sin praksis deira egne erfaringar som utøvarar. Dersom det er tilfelle har alpintrenarane aktivt brote med trenarstilen dei opplevde som utøvarar, og heller teke i bruk ein ny stil som dei har tileigna seg gjennom trenarutdanning eller observasjon i feltet. I så fall vil det vere eit kollektivt brot fordi ein så stor del av utvalet, uavhengig av kjønn, beskriv at dei praktiserer den spørjande stilen. Det kan tyde på at det har vore ein endring i feltet sidan informantane var løparar – eit brot med etablert praksis og dermed med doxa i trenarverksemda.

I trenarrolla legg trenaren ein treningsfilosofi til grunn for planlegging, organisering og gjennomføring av praksis. Treningsfilosofien er ein samling av trenaren sine verdiar,



tru, meining, prinsipp og prioriteringar (Lyle & Cushion, 2017, s. 235). Treningarane skildrar treningsfilosofien sin i to dimensjonar, ein kognitiv og ein praktisk. Den kognitive går på sjølvstende, forståing, interesse og vilje, og den praktiske handlar om kva dei vektlegg i treningsarbeidet sitt, som til dømes treningsmetode og treningsmåte. Tre av seks trenarar fortel at grunnsteinen i deira treningsfilosofi er forståing. Kim beskriv det slik:

*For jeg mener at med en gang man begynner å forstå hvordan man kjører en bra sving oppe i hodet, da er det mye lettere å gjøre det i praksis på en måte. Så å forstå sving og svingteknikk før man klarer å gjøre det i praksis.*

Som nemnt gjer utforminga av idretten det vanskeleg å gi tilbakemeldingar på skiteknikk medan utøvaren held på. Derfor er det sentralt å skape forståing for skiteknikk hjå utøvaren gjennom kommunikasjon og demonstrasjon. Dette samsvarar godt med ein spørjande trenarstil. Sjølv om det ikkje er nokon kjønnsforskjell i vektlegging av forståing i treningsfilosofien meiner likevel ein av dei kvinnelege trenarane at det er ein forskjell i kven som har ansvaret for å oppnå forståing. Ho meiner at kvinnelege trenarar tek ansvaret for at utøvarar oppnår forståing på seg sjølve, medan mannlege trenarar legg ansvaret for å forstå over på utøvaren. Det kan ifølgje Lorimer og Jowett (2010) stemme fordi kjønn har betydning for aktøren sin motivasjon og evne til å skape forståing i interaksjonen mellom trenar og utøvar, og kvinnelege trenarar og kvinnelege utøvarar med mannlege trenarar har betre empatiske evner. Ofte vert kvinner oppfatta som emosjonelle og menn som instrumentelle, noko som kan ifølgje Bourdieu (2001, s. 30) forklarast ved sosialt konstruerte kjønnsroller som gjennom kroppsleggjort habitus og førestillingar om praksis som kan reduserast til mann/kvinne motsetninga. Det vil sei at kjønn har betydning for om trenaren kjenner på eit ansvar for forståing eller ikkje. Som nemnt, skildrar alpintrenarane ein praktisk treningsfilosofi i tillegg til den kognitive.

I den delen av treningsfilosofien som er orientert mot praktiske utføring er det små variasjonar knytt til kjønn, men felles for alle trenarane er at dei prioriterer grunnleggande skiteknikk i arbeidet sitt. Basert på datamaterialet er det totalt sett få kjønnsforskjellar i treningsfilosofien til trenarane. Både i den kognitive og praktiske delen av treningsfilosofien har trenarane fleire likskapstrekk på tvers av kjønn, noko

som tyder på eit innarbeida doxa i feltet og ein kroppsleggjort habitus. Det betyr at alle seks trenarane i alpintfeltet, med den innarbeida doxiske logikken som er utforma etter maskuline ideal, har nokså like visjonar angående korleis trenarrolla skal utøvast. Ein kan derfor sei at dei uformelle erfaringane som har forma trenarhabitusen til alpintrenarane er kjønnsblinde, og ifølgje Sisjord (2023, s. 46) finn ein denne kjønnsblindheita i trenarutdanninga òg. Det kan derfor argumenterast for at doxa i feltet og dermed grunnlaget for trenarane sin praksis vert reproduisert.

### 6.2.2 Alpintrenarar sin praksis

I datamaterialet synest likskapar og ulikskapar i trenarane sin praksis gjennom deira krav og forventningar, straff og kontroll og syn på motivasjon

Trenarane sine krav og forventningar har mange likskapstrekk og kan delast inn i kategoriane; å bidra til organisering, å møte mentalt og fysisk førebudd, målretta treningsarbeid og å respektere andre. Datamaterialet viser ingen kjønnsforskjellar i kravet om å bidra til organisering av trening, men det er berre éin kvinneleg trenar som erkjenner at kjønn og fysisk storleik og styrke er ein faktor for *korleis* utøvarane kan bidra, som ifølgje Norman (2015) er ein særskilt viktig faktor for relasjonen mellom trenar og utøvar. Vidare forventar trenarane at utøvarane møter på trening både mentalt og fysisk førebudd. Den fysiske førebuinga handlar om at utøvaren har kontroll på eigen ernæring, væskebalanse, utstyr og presist oppmøte. I den mentale førebuinga legg alle trenarane særskilt vekt på fokus og målretta treningsarbeid, og at utøvarane tek eigarskap over treningsarbeidet sitt. Alle trenarane, uavhengig av kjønn, forventar at utøvarane arbeider fokusert ved å utøve ein viss innsats og arbeidsvilje, og at føresetnaden for det er riktig mental innstilling. Kaja understrekkjer dette synet med følgjande sitat: «ingen forventer at de skal få til en dritt og kjøre kjempebra. Men de skal ha innsats og prøve å gjøre sitt beste». Kaja signaliserer med sitatet at det viktigste er arbeidsinnsats og stå-på-vilje.

I tillegg til å ha riktig mental innstilling før og under trening peikar fleire av trenarane på viktigheita ved å ta eigarskap for treningsarbeidet. Både Tuva og Una gjev uttrykk for liknande synspunkt som Kim uttrykkjer her:

*Forventer også, spesielt på skitrening, at når du kommer på trening så skal du vite hva du har jobbet med tidligere. Så jeg liker å spørre om «hva og hvordan». Hva er det du har jobbet med og hvordan skal du jobbe med det.*

Å ta eigarskap over treningsarbeidet handlar ifølgje fleire av trenarane om å søkje kunnskap gjennom nysgjerrigheit og å vere mentalt til stades i trenings situasjon. Det samsvarar med Taylor og Kubitz (2023) sine anbefalingar om at utøvaren sjølv skal resonnerer seg fram til kva utøvaren ønskjer å oppnå og korleis utøvaren skal oppnå det. Ved å stille krav til at utøvaren skal setje seg mål og ta eigarskap over eigen trening må utøvaren vurdere sin eigen fysiske og idrettslege kapital, og sjå det i saman med egne verdiar. Eit samarbeidande treningsarbeid kan seiest å vere foreinleg med ein spørjande og demokratisk trenarstil, som ifølgje Norman (2015) og Barnett et al. (1992) har positiv effekt på utøvaren sin motivasjon.

Felles for alle trenarane er at dei forventar at utøvarane har respekt for kvarandre og for trenaren. Basert på egne observasjonar er det vanleg at utøvarar leikar og herjar mellom treningsrundane i løypa, og tidvis tøy utøvarane strikken ved å fortsetje leiken litt for lenge i forhold til sin tur på start. Trenarane stiller krav om at ingen utøvar skal øydeleggje for andre. Jonas uttalar til dømes at det er «greit nok å ha det litt gøy og sosialt, men ikke ødelegg for de som ikke er ferdig eller de som vil fortsette. Gjør ditt beste og ikke ødelegg. Det er ikke så mye vanskeligere enn det». Fire av seks trenarar bekreftar at utøvarane leikar, herjar og tullar på start, og at det er hovudsakleg hannkjønnsloparar som tøy strikken lengst. Alle trenarane forventar at utøvarane utøver respekt ved å la andre arbeide fokusert, vere lydhøyre og vere respektfulle overfor trenar og lagkameratar.

Generelt sett viser datamaterialet at trenaren sitt kjønn ikkje har betydning for krav og forventningar som stillast til utøvaren, og det er få kjønnsforskjellar i alpintrenarane sine krav og forventningar til jenter og gutar. Samtidig kjem det fram i datamaterialet at utøvarar med åtferd som strid med desse krava og forventningane tidvis vert sett på som motiverte og lidenskaplege. Tuva beskriv til dømes korleis gutane i gruppa hennar brøyter seg framfor jentene for å køyre først i løypa, som synast å vera ei akseptert åtferd trass at gutane bryt med krav og forventningar om respekt for andre. Det kan tenkjast at trenarane sjølv opplever sine egne krav og forventningar som

kjønnsnøytrale, men gjennom trenarane si skildring av styrker i utøvarane sitt treningsarbeid kjem kjønna krav og forventningar fram, noko som samsvarar med de Haan og Knoppers (2020) sine funn om trenarar sin praksis. Til dømes er det sosialt akseptert og forventa at gutar kjem til å bryte med krav og forventningar som er satt for gruppa som heilskap. Det kan tyde på at som eit resultat av den maskuline dominans trenarane er underlagt vert gutar si brøytande, direkte og arrogante åtferd rekna som norm og akseptert, og dermed heia fram. På den andre sida vert jenter som er respektfulle og lydhøyre sett på som uinteresserte og lite motiverte fordi dei er annleis eller dårlegare enn norma. Skilje mellom forventningane til jenter og gutar er eit resultat av den innlærte sosiale ordenen og vert ifølgje Bourdieu (2001) presentert i aktørane sin habitus i form av oppfatning, tankar og handling. Den sosiale ordenen som rangerer mannen over kvinna er så naturleggjort og normal at trenarane stiller ikkje spørsmål ved det.

Dersom utøvarane bryt med trenarane sine forventningar eller krav fortel fem av seks trenarar, to kvinner og tre menn, at det får konsekvensar og sanksjonar. Sidan det er trenaren som har ansvaret for å definere normal, passande åtferd i feltet kan det seiast at trenaren sin kroppsleggjorde habitus, samt doxa har betydning for kva som karakteriserer denne åtferda. Dei fem trenarane fortel at dei nyttar forskjellige strategiar for å sikre kontroll og disiplin som er i tråd med passande åtferd. Nokre dømer her er å stille krav, trekkje utøveren til sides for å gi beskjed, ta utøveren ut av aktiviteten, gje fysiske straffar som armhevingar eller praktiske oppgåver, og true med å sende utøveren heim eller faktisk sende utøveren heim. Blant anna fortel Kim at:

*[Det er] veldig demotiverende med folk man ser ikke har lyst til å være der. Så det har jeg hatt et par runder på hvor jeg har tatt personen til side og spurt «vil du faktisk være her? Eller så er døra der».*

Ein føresetnad for å utøve kontroll eller disiplin på ei gruppe er at trenaren har makt, som er bestemt av trenaren sin kapital. Med referanse til Bourdieu kan det tolkast som at trenaren sin posisjon i feltet, som viser til mengda og samansetning av feltspesifikk kapital, kan koplant til behovet og moglegheita til å utøve makt. Sidan trenarfeltet er utforma etter maskuline ideal har mannlege trenarar betre tilgang til symbolsk kapital. Ifølgje Thorpe (2009) kan kvinnelege trenarar tileigne seg symbolsk kapital, og dermed

moglegheita til å utøve makt, gjennom å vise idrettsspesifikke evner, engasjement, tapperheit, mot og risikovilligheit. Det skal likevel påpeikast at ifølgje Felton og Jowett (2015) har straff negativ effekt på trenar-utøvarrelasjonen, og det kan tenkjast at det er hensiktsmessig å kontrollere gruppa på andre måtar. Ein av dei kvinnelege trenarane fortel at ho nyttar ein anna strategi for å halde orden i gruppa. Ho fortel at ho let den «indre justisen» i gruppa kontrollere og hevdar at det har betre effekt enn straff og kjefting frå trenaren, noko som samsvarar med funn gjort av Felton og Jowett (2015). I lys av funna til de Haan og Knoppers (2020) kan det seiast at trenarane reproduserer praksis, og det kan derfor tenkjast at trenarane vart utsett for relativt like metodar for kontroll og disiplin som dei no nyttar på utøvarane sine. I høve med Bourdieu (2001) kan det seiast at alpintrenarane sine metodar for kontroll og disiplin er kroppsleggjorde.

Eit anna område i trenaren sin praksis der kjønn kjem til uttrykk er gjennom deira syn på motivasjon. Fire av seks trenarar, to kvinner og to menn, skil mellom utøvarar som er motivert og umotiverte eller delvis motiverte, men synet på kva som reknast som motivert og umotivert er nyansert. Alle dei fire trenarane fortel at utøvaren sin motivasjon for deltaking og prestasjon på ski kan knytast til utøvaren sin sjølvbestemte satsing, men to av trenarane, ei kvinne og ein mann, hevdar at det er ei kopling mellom kjønn til utøvaren og kva motivasjonskategori utøvaren er i. Kaja hevdar at gutar deltek for å prestere på ski medan jenter deltek for å vere sosiale ved å uttale at «guttene er litt mer resultatorienterte føler jeg. Mens jentene er med for det sosiale». Sjølv om det ifølgje Gosai et al. (2022) er viktig å erkjenne at kvinnelege utøvarar har større sosiale behov enn mannlege utøvarar, vil det vere ei grov forenkling å argumentere for at jenter berre deltek i alpint for det sosiale. Jonas signaliserer at han har eit tilsvarende syn på jenter og gutar sin motivasjon, og fortel at «det er flere gutter som vil drive med idrett for å satse, ikke bare for å ha det gøy». Vidare skildrar han kva kjønnskilnadar som er gjeldande for å rekne utøvaren som motivert:

*Den største forskjellen hos den mest motiverte jenta mot de andre er det at hun er veldig introvert og stille, og bare gjør jobben. Gjør som hun skal. Er liksom «flink pike». Mens på gutta er det, uansett så er det litt ramp. Det gjelder uansett hvilken gutt det er så er de litt rampete.*

Med sitatet viser trenaren at han har ulike spelereglar for jenteløparar og guteløparar, og ei stereotypisk oppfatning av kjønnet sin veremåte. Trenaren førespeglar og aksepterer at gutar er rampete og dermed fritekne frå fellesskapet sine generelle reglar og norm for passende framferd. I neste ledd fører aksepten til ei meir tilgivande haldning i synet på guteløparar sin motivasjon.

I likskap med andre idrettsfelt kan det seiast at utøvarar må vise maskuline verdiar og karakteristikkar for å anerkjennast i alpinbakken. Det resulterer i at jenteløparar vert utsett for ein dobbel standard som krev at dei tileignar seg og tek i bruk maskuline trekk for å lykkast idrettsfeltet, men samtidig fullbyrdar rolla si med kulturelle forventingar om ein feminin veremåte og ein «flink pike»-haldning, noko som er i tråd med Hovden (2002, 2004) sitt omgrep «doble kjønnskodar». Hovden (2002, 2004) meiner idretten er strukturert gjennom kulturelle kodar der det ligg ei «kjønnsmessig dobbelheit» som formidlar idretten som nøytral og likestilt, og samtidig har ein kjønnsmessig undertrykkande struktur under overflata, som vert kommunisert gjennom doble kjønnskodar. Desse kodane seier at kvinner skal «vere sitt kjønn» samtidig som dei vert vurdert i forhold til mannleg målestokk for prestasjonar. Den maskuline dominans gjer at aktørar er underlagt ei sjølvfølge av at det maskuline har større handlingsrom medan det feminine må følgje strenge sosiale forventningar. Bourdieu (2001, s. 25) hevdar at den maskuline ordenen vert innskripe i kroppen gjennom sosialisering som fortel kvinna og mannen kva som er passende praksis for kjønnet og upassande åtferd, spesielt i relasjon til det andre kjønnet. Effekten av eit kjønna syn på motivasjon kan prege moglegheitene jenter har til å lykkast som alpinistar i det norske alpintfeltet

Det er lite som tydar på at trenaren sitt kjønn har betydning for trenaren sitt syn på motivasjon, men at det finst tendensar i datamaterialet som tyder på at utøvarer sitt kjønn har betydning for trenaren sitt syn på jenter og gutar sin motivasjon. For dei to trenarane som koplear kjønn til motivasjon har stereotypiar betydning for deira syn på motivasjon. Totalt sett er det få forskjellar i trenarane sin praksis. Trenarane stiller dei same krava og forventningane, disiplinierer utøvarane på same måte og har eit nokså likt syn på motivasjon, men det kan likevel tenkjast at kjønnsdiskursar og stereotypiske førestillingar er så innarbeida i doxa at trenarane ikkje stiller spørsmål ved det i eigen praksis. Eit døme på dette er at trenarar har ei meir tilgivande haldning overfor gutar.

### 6.2.3 Korleis det er å vere kvinneleg og mannleg trenar i alpintmiljøet

Kvinnelege og mannlege alpintrenarar har ulik oppleving av å vere trenar i alpintfeltet og resultatane viser at kjønn er ein avgjerande faktor for trenaren si oppleving av sjølvtilitt i trenarrolla, støtte og respekt frå andre aktørar i feltet, trivsel og sosialt nettverk, samt trenarane sitt perspektiv på betydning av kjønn i feltet. Generelt fortel dei tre kvinnelege trenarane om fleire utfordringar med å vere trenar i feltet enn det dei mannlege trenarane gjer.

Eit føremålstenleg personlegdomstrekk når ein skal utøve trenarrolla og vise gode leiaregenskapar er sjølvtilitt. Funna i masterprosjektet tydar på at kvinnelege trenarar har mindre sjølvtilitt enn dei mannlege trenarane, det stemmer overeins med funna til Norman (2014) og Fasting et al. (2019). Idrettsfeltet er ein maskulin arena der den sosiale konstruksjonen av kjønn kan ha konsekvensar for kvinnelege trenarar sin sjølvtilitt og syn på eigen kompetanse, samt korleis miljøet opplever trenarane (Fasting et al., 2019). Tuva skildrar si eiga oppleving av viktigheita av å ta plass og stole på at ein sjølv har noko å gjere der:

*Det å ta plass. For jeg føler at på en måte det er jeg som må ta plassen og gjøre greia mi, og si «jeg skal ha den traséen» eller «jeg skal stikke der» eller gjøre sånn og sånn. For det er det de [mannlige trenerne] gjør. Jeg merker jeg har blitt flinkere på det nå, men i starten så var jeg ikke like flink til å ta plassen min i løypestikking eller på traséfordelingsmøte. Jeg var mye mer forsiktig, og de andre trenerne har vært mye lengre i gamet enn meg. Så jeg føler at det er lett å skyve meg unna fordi jeg er en ung jente, og de tar mye større plass enn meg fordi jeg ikke tør å si ifra. At jeg kommer med drillen min og ja, at det automatisk er sånn at de har mer peiling enn meg. Men nå føler jeg at jeg har blitt flinkere å tenke at jeg kan det jeg kan og jeg har med meg en gruppe jeg også. Så jeg skal ha den samme plassen som deg. Derfor er det viktig at jeg tar den plassen jeg skal ha, selv om det ikke alltid er like lett.*

Tuva skildrar to forskjellige typar sjølvtilitt i sitatet. Den første skildrar ho ved at ho må ta plass og gjere seg sjølv synleg i treningskonteksten ved å setje krav på området i bakken eller stå sjølvikkert i kravet om trasé på traséfordelingsmøtet. Den andre typen sjølvtilitt handlar om å vere overtydd om at hennar egne evner er gode nok til at ho

fortenar å bli høyr. Tuva sitt sitat samsvarar med funna til Fasting et al. (2019) som påviste at kvinnelege trenarar har lågare sjølvtilitt og at dei har ei klar oppfatning av at mannlege trenarar har høg sjølvtilitt. Ifølgje Fasting et al. (2019) speglar dette perspektivet tradisjonelle kjønnsroller og at ein kan spekulere i om kvinnelege trenarar har ei sosialt konstruert forventning om at 'sånn burde det vere' fordi høg sjølvtilitt er ein karakteristikk som er meir forventa å finne hjå ein mannleg versus ein kvinneleg trenar. Som eit resultat av kvinnelege trenarar si sosialisering inn i sosialt konstruerte forventningar og oppfatningar skapt av den maskuline dominans i idretten kan det tenkjast at kvinnelege trenarar både må kjempe ein kamp utanfor og inne i seg sjølv. Ifølgje LaVoi og Dutove (2012) er idretten full av barrierar på individuelt, mellommenneskeleg, strukturelt og sosiokulturelt nivå som kvinnelege trenarar må overkomme for å lykkast. I lys av Bourdieu (2001) kan det tenkjast at grunna den maskuline dominansen i feltet sosialiseras jenter vekk frå arbeidsmoglegheiter som reknast som maskuline, og at gutar sosialiseras inn i desse moglegheitene. I tillegg viser resultatata til Norman (2014) at kvinnelege trenarar har interne barrierar som hindrar dei i å strekkje seg mot høgare nivå, men at løysninga er å skape eit miljø som verdset kvinnelege trenarar og gjer at dei føler seg inkludert.

Dei to andre kvinnelege trenarane viser til tilsvarande opplevingar og legger til at kvinnelege trenarar har meir å bevise enn mannlege trenarar. Ifølgje Una får mannlege trenarar raskare tillitt enn kvinnelege trenarar, det viser seg blant anna i tildeling av treningsgrupper frå klubb:

*Jeg har tenkt mye på hvorfor du ser ganske mange kvinnelige trenere på yngre grupper, U8, U10, nå er det også en god del på U12. Men hvorfor er det så få på U14 og U16 av kvinnelige trenere? [...] Også opplever jeg at gutter kanskje kan komme rett ut fra skigymnas med ingen form for trenerutdanning og så får de U14/U16.*

Mykje tyder på at kvinnelege trenarar må gå gradene og bevise eigen kompetanse før dei får tillitt nok til å trene eldre grupper som U14 og U16, medan mannlege trenarar får ein snarveg inn utan å måtte vise til utdanning og erfaring. Med følgjande sitat bekreftar Jonas nettopp dette: «Har jo litt erfaring, men hadde ikke trodd at jeg skulle få fulltidsjobb med en gang eller å bli tilbudt det før jeg i det hele tatt hadde tenkt på å bli



trenere». Den mannlige treneren er overraska over å få så raskt tillit i klubben då han følte han burde bevise kompetansen sin først. Medan kvinnelege trenarar opplever det som krevjande å få innpass og krevje sin plass opplever dei mannlige trenarane det som uproblematisk å tre inn i trenaryrket. Sisjord et al. (2021) nyttar omgrepet labyrint for å identifisere og forstå at kvinnelege trenarar har ein lengre karriereveg enn mannlige trenarar.

I rekruttering til trenarjobben viser Sisjord et al. (2021) at symbolsk kapital i form av tidlegare idrettsprestasjonar er fordelaktig, og særskilt for kvinner fordi anerkjening for verdsett kapital i feltet fører med seg respekt og arbeidsmoglegheiter. Som nemnt i alpintrenarane sin bakgrunn og kompetanse kan det seiast at den kroppsleggjorde kulturelle kapitalen er høgare verdsett i alpintfeltet enn den institusjonaliserte kulturelle kapitalen, og at menn sin kroppsleggjorde kulturelle kapital er høgare verdsett i feltet enn kvinner sin. Likevel reknast trenarutdanning som eit bidrag til å auke den kulturelle kapitalen til trenaren, noko som kan tenkjast å ha ein særskilt positiv effekt for kvinnelege trenarar sin respekt i feltet (Hovden & Tjønndal, 2019).

For alpintrenarane har kjønnet deira betydning for kva grad av respekt og støtte dei opplever i feltet. Alle dei tre mannlige trenarane fortel at dei opplever å verte respektert og verdsett av trenarkollegaar, foreldre og løparar. Ved spørsmål om Kim føler seg respektert og verdsett blant trenarkollegaar svarer han:

*Ja, det gjør jeg vel. Nå har jeg ikke den største trenerutdanningen der ute, men hvert fall sånn skiteknisk, generelle spørsmål rundt løypesetting og utstyr, og den type ting så føler jeg folk verdsetter min kunnskap. Jeg føler mange kommer til meg med spørsmål, og det setter jeg pris på.*

Kim nemner at han har lite trenarutdanning, og som vist tidlegare har han låg trenarutdanning som i dette masterprosjektet indikerar trenar I. Trass låg formell kulturell kapital vert Kim sin kompetanse både anerkjent og respektert. For kvinnelege trenarar derimot er respekt og verdsetjing noko som ein må opparbeide seg. Sjølv om dei tre kvinnelege trenarane fortel at dei føler seg respektert og verdsett poengterer alle tre at det er eit resultat av deira innsats i feltet. Til dømes fortel Tuva at: «Det siste året

er det jeg som har møtt opp mest og planlagt mest, og da føler jeg at jeg har fått respekt og blitt verdsatt».

Kvinnelege trenarar må arbeide hardare for å oppnå same grad av respekt som mannlege trenarar, noko som samsvarar med funna til Fasting et al. (2019). Ifølgje LaVoi og Dutove (2012) føler unge kvinnelege trenarar seg kontinuerleg vurdert av trenarkollegaar, foreldre og utøvarar. Det kan tenkjast at grunna dei sosialt konstruerte førestillingane av kvinner og menn sine evner og ferdigheitar er det ei underliggjande mistillit til at kvinnelege trenarar kan utføre trenarjobben. Eit mogleg resultat av denne underliggjande mistillita er at kvinnelege trenarar ofte forsvorar vala sine, både som eit svar på krav frå andre aktørar i feltet og som ein styrkande strategi overfor eigen sjølvoppfatning. Dei tre kvinnelege trenarane fortel at dei ofte føler dei må forsvare kompetansen sin og grunngjeve vala sine overfor trenarkollega, foreldre og eldre løparar. Kaja skildrar til dømes ei situasjon der ho nyttar sin formelle kulturelle kapital for å forsvare kompetansen sin:

*Og så ble jeg møtt med kritiske spørsmål som «hvorfør mener du det? Hvilken erfaring har du som gjør at du kan mene det?». Da svarte jeg at det lærte jeg på trener 3, og da sa de «åja, da er det kanskje sant det du sier».*

Sitatet syner at ho må forsvare eigen kompetanse ved å vise til formell kulturell kapital for å gjere argumentet sitt gyldig. Tuva fortel at ho opplever ikkje at mannlege trenarar treng å grunngjeve vala sine på same måte som kvinnelege trenarar må, noko som stemmer med opplevingane til dei andre fem alpintrenarane. Dei tre mannlege trenarane ytrar at dei eigentleg ikkje treng å forsvare kompetansen sin eller grunngjeve val. Det einaste unntaket i datamaterialet var Kim som fortel at ein gong «måtte jeg forsvare [kompetansen min] mot en pappa. Det handla om regler ved løypesetting, litt diskusjoner om det er lov å sette motsatt hårnål og sånne ting. Jeg hadde rett da». Dømet i sitatet viser at det er trenaren si tolking av regelverk som er gjenstand for vurdering, og ikkje tvil kring hans evne til å utføre trenarrolla.

Med dei sosialt konstruerte førestillingane om kvinner og menn sine evner og ferdigheitar følgjer formodningar om haldningar og åtferd. Desse er forankra i habitus. Som vist i trenaren sin praksis, vert guteløparar som brøyter seg fram for å køyre først,

rekna som akseptert åtferd. Det er derfor til dømes ikkje overraskande at mannlege trenarar utviser den same åtferda i heiskøen på breen. Det kan tolkast som at alpintrenarar, dei som tidlegare var guteløparar, har lært at brøytande åtferda er forventa og akseptert, og dermed reproduserer åtferda. Vidare påpeikar Tuva at mannlege trenarar har ulike haldningar avhengig av kjønn når dei går inn i diskusjon i skibakken med ein anna trenar:

*Jeg tror at når de diskuterer med meg så kommer de inn med en holdning om at jeg skal flytte meg, men når de diskuterer seg imellom så planlegger de mer og samarbeider mer. At når de gjør det så er det for å samarbeide og bli enige om hvordan de skal gjøre det, men med meg så er det mer at «vi vil stikke her, så hva har du tenkt å gjøre?».*

Sitatet tyder på at den kvinnelege trenaren ikkje reknast som likeverdig i feltet, i det ho vert spurt om kva ho har tenkt å gjera. Eit slikt synspunkt stemmer overeins med LaVoi og Dutove (2012) som viser til oppfatningar av kvinnelege trenarar som inntrengarar i det maskuline domenet, idrettsfeltet. Ein konsekvens av at idretten er organisert etter eit androsentrisk prinsipp er ifølgje Sisjord et al. (2021) at den normaliserer og legitimerer den maskuline dominansen, noko som fører til ei naturleg rettferdiggjering av dei sosialt konstruerte forskjellane mellom kjønna. Eit anna døme på at den maskuline dominansen er normalisert og legitimert i idrettsfeltet er at dei tre mannlege trenarane reagerer med latter når dei vert spurt korleis dei opplever å vere *mannleg* trenar i alpintfeltet, samt at dei svarar at det har dei ikkje tenkt på. Dei mannlege trenarane sine reaksjonar og svar tydar på at dei tek for gitt at mannlege trenarar høyrer heime i feltet. Det resulterer i at kvinner vert rekna som «den andre» og må forhandle seg til ein betre posisjon samanlikna med menn, noko som er i tråd med Bourdieu (2001).

I alpintfeltet er kvinnelege trenarar ein minoritet. Som elles i idretten er kvinnelege trenarar ei mangelvare, og i takt med aukande alder og nivå er det færre kvinnelege trenarar (LaVoi & Dutove, 2012). Dei seks trenarane er samde om at det er flest mannlege trenarar og få kvinnelege trenarar. Kim kommenterer «Jeg er ikke den eneste [mannlige treneren] da» før han ler og skildra si oppleving av feltet:

*Jeg syns det er veldig gøy. Det er mange som er veldig ivrige, både av foreldre og trenere. Og så syns jeg generelt det er veldig bra idrettsmiljø, sånn egentlig. Er man mye på ski så kjenner man jo til de fleste. Så veldig mye åpenhet blant trenere. Man slår alltid av en prat og sier «hei» og «hadet», og ønsker god økt. Det er god etikette der.*

Sitatet tyder på at kjønnsdimensjonen ikkje eksisterer i Kim si oppleving, då han fleiper og direkte byrjar å skildre positive sider ved det å vere trenar. På liknande vis fortel alle seks trenarane at dei trivast i feltet. Likevel understrekjer dei kvinnelege trenarane at det er eit mannsdominert miljø og at det pregar sjargongen i feltet, noko som er i tråd med funna til LaVoi og Dutove (2012). I motsetning til dei mannlege trenarane grunngjev dei kvinnelege trenarane kvifor dei trivast i miljøet, noko som kan tyde på at trenarane tek for gitt at den mannlege trenaren trivast i ei maskulin sfære, men ikkje at kvinnelege trenarar nødvendigvis gjer det. Una fortel at:

*Man jobber jo i et mannsdominert yrke for så vidt, men det er jo det jeg trives med. Hadde jeg villet jobbe med flere kvinner så burde jeg kanskje sett etter et annet yrke, men jeg tror det er noe av det som gjør at jeg har lyst å være her da.*

Sitatet til Una kan tolkast som at personleg preferanse og veremåte er nødvendige faktorar for at kvinnelege trenarar skal trivast i feltet. Med Bourdieu (2001) som referanse kan det tenkjast at dei kvinnelege aktørane som trivst i feltet har utvikla ein habitus og tileigna seg kapital som verdsetjast i feltet, og derfor vel å fortsetje si deltaking i feltet etter avslutta satsing. Alle seks trenarane indikerar at relasjonane dei danna gjennom si tid som aktiv alpinist er viktig for den sosiale kapitalen dei har og trivsel i feltet i dag. Likevel er det to av dei kvinnelege trenarane som saknar eit støttande jente-nettverk i trenarfeltet, og at dei tidvis føler seg einsame i feltet, tilsvarande funn gjorde LaVoi og Dutove (2012).

Erfaringane trenarane fortel om tydar på at dei har ulikt syn på betydninga kjønn har i feltet, men då trenarane fekk spørsmål om kva kjønn har å seie for utøvarane si ferdigheitsutvikling uttrykte alle trenarane tilsvarande synspunkt som Tuva: «Jeg føler ikke det utgjør så stor forskjell om jeg hadde vært jente eller gutt for deres ferdighetsutvikling, egentlig». På ei side kan det tenkjast at trenarane har erfart

kompetente trenarar av det motsette kjønn som har «produsert» gode utøvarar, men ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at synspunktet strider med kvinnelege trenarar sine opplevingar av mistillit og kjønna haldningar i høve til eigen kompetanse, som er vist i tidlegare eksempel. Ein kan derfor stille seg spørsmål om trenarane bevisst eller ubevisst tok eit standpunkt som hevdar at alle er likestilte fordi det er «den rette tingen» å gjera.

Ved spørsmål om kjønn har betydning for praksisen deira skildra trenarane store forskjellar knytt til kjønn. Dei tre mannlege trenarane fortel at dei er litt usikre og at dei trur kjønn påverkar praksisen deira, men klarar ikkje å forklare det. Igjen syner dei mannlege trenarane at utfordringar knytt til kjønn ikkje gjeld dei. Dei kvinnelege trenarane fortel at dei er særskilt bevisste på kjønn i trenarverksemda. Fleire av dei kvinnelege trenarane peikar på at det ville vore hensiktsmessig med fleire kvinnelege trenarar for å skape fleire rollemodellar og ein betre kjønnsbalanse i feltet. Tuva understrekkjer at ho er oppteken av at jenteløparar skal ha førebilete i trenarstaben og fortel at:

*For jentene sin del at man ser ... hvorfor er det bare mannlige trenere, hvorfor er det ingen kvinnelige trenere? At det er like mange mannlige og kvinnelige trenere. Og at de ser at jeg tar like mye plass som mannlige trenere på start, at det ikke bare trenger å være [mannlige trenerkollegaer] som er dominante og vet hva de driver med. Det kan også være en jente, jeg trenger ikke være feig eller bare følge etter.*

Basert på sitatet kan det tolkast som om den einaste måten å markere sitt nærvær i feltet er å tre inn i maskuline trekk, noko som stemmer overeins med LaFontaine og Kamphoff (2016) som fant at kvinnelege trenarar som trenar mannlege utøvarar strevar med å oppnå respekt og tyr derfor til maskuline karakteristikkar for å lykkast. Kaja er på si side oppteken av at for å auke talet på kvinnelege trenarar må nokon gå i bresjen:

*Som alpintrener har jeg en mest sannsynlig lengre vei å gå enn det gutter har, men da er det egentlig bare å ta den kampen da. Begynne å jobbe seg oppover. Jeg tror det er viktig for idretten å få flere jenter opp. Ikke bare i alpint, men*

*generelt i idrett. For det er veldig få jentetrenerer på høyt nivå. Så noen kvinnelige trenere må bare ta den kampen og jobbe seg oppover.*

Det tyder igjen på at den doxiske logikken i feltet, som er prega av maskulin dominans, plasserer det maskuline og den mannlege trenaren som norm. Dei mannlege klarar ikkje å skildre kvifor kjønnet deira har betydning fordi det er heilt naturleg for dei, og det kan derfor indikere at mannlege trenarar har kjønnsblindheit. Dei diskriminerande og kjønna forskjellane kvinnelege trenarar opplever i feltet gjev dei eit perspektiv på forskjellsbehandling og ulik åtferd basert på kjønn. Ifølgje Bourdieu (2001) har den kritiske feministiske rørsle svekka den maskuline dominansen i samfunnet, og i likskap med at fleire arbeidande kvinner påverkar fordelinga av oppgåver etter tradisjonelle kjønnsroller, kan det speulerast i om kjønnsforskjellane i alpintfeltet kan balanserast meir ut med fleire kvinnelege aktørar.

Resultata viser at kjønn har stor betydning for trenarane sine opplevingar av å vere trenar i feltet, og kan knytast til trenarane si sjølvtilitt, moglegheiter og tilitt i feltet, respekt, deira sosiale nettverk, trivsel og deira eiga syn på betydning av kjønn i feltet.

### **6.3 *Alpintrenarar si oppleving av å trene jenter og gutar***

Som vist over har kjønn i ulik grad påverka trenarane sin sjølvoppfatta praksis og deira oppleving og trivsel i alpintmiljøet. Dette delkapittelet tek føre seg kva betydning kjønn har for alpintrenarar si oppleving av å trene jenter og gutar. Kapittelet er delt i fire delar som handlar om ferdigheitsutvikling, kommunikasjon, sosial og emosjonell støtte og som til slutt ser på kjønnsblanda treningsgrupper og kjønnsklassifiserte konkurransegrupper.

#### **6.3.1 Ferdigheitsutvikling**

Det er viktig å minnst at aldersgruppene alpintrenarane arbeidar med er unge menneske i utvikling, og at fysiske og mentale utvikling har betydning for ferdigheitsutvikling på ski. Datamaterialet viser at alpintrenarane opplever kjønnsforskjellar i jenter og gutar sine fysiske og mentale ferdigheiter, og at dette slår ut på utøveren sin skiteknikk.

I den fysiske utviklinga skildrar trenarane korleis jenter og gutar sin pubertet og kroppsleg vekst har betydning for utvikling av fysiske eigenskapar som styrke, uthald, hurtigheit, spenst og koordinasjon. Alle trenarane er samde i at det er mindre fysiske forskjellar i U14 enn i U16, noko som kan forklarast med pubertetsutviklinga. Sidan jenter ofte kjem tidlegare i puberteten enn gutar får dei ein tjuvstart i utvikling av fysiske eigenskapar. Kim fortel til dømes at «I U14 syns jeg ofte, i hvert fall på styrkebiten, at jenter er sterkere enn gutter av min erfaring i klubben», noko som samsvarer med opplevinga til Una: «For hvis man ser på U14 så er ofte guttene mindre enn jentene, i den perioden der. Da kan du ha jenter som kjører så sinnsykt fort, og godt teknisk». Vidare beskriv Alex korleis dei kroppslege endringane påverkar løparane i overgangen og i U16:

*Du merker veldig stor forskjell på når gutta kommer i puberteten så er det en tendens til at de enten blir sterkere og alt går veldig mye bedre eller så vokser de veldig og blir hengslete. Mens jentene har en tendens til å bli.. egentlig litt seigere da. [Jentene] har en periode i U16 der det stopper litt opp for dem, spesielt på skibiten. På grunn av at de blir større og ikke nødvendigvis altfor mye sterkere med en gang, og da har de en periode hvor det buttrer litt imot da. Har jeg opplevd. At de ikke får til det skitekniske de har lyst til å få til, enten fordi de ikke er sterke nok eller fordi forandringer i kroppen gjør det vanskelig da.*

Med sitatet viser Alex både at puberteten påverkar jenter og gutar i U16, og at det har betydning for skiteknikken. Han poengterer at på grunn av effektane av puberteten vert utøvarane tyngre eller får «uproporsjonale» kroppar som gjer at utøvarane opplever stagnasjon i ferdigheitsutvikling. Det kan forklarast med at utøvarane ikkje er sterke nok eller tilstrekkeleg utvikla til å handtere dei nye, ytre kreftene som påverkar skikøyringa. Det er i hovudsak tre ytre krefter som påverkar utøvaren i alpint. Tyngdekraft er ei tiltrekkingskraft som trekkjer utøvaren både ned mot snøen si overflate og nedover bakken. Luftmotstand er ei kraft som oppstår på dei delar av utøvaren sin kropp som er eksponert for vinden når den beveger seg gjennom luft, og den bremsande effekten er avhengig av utøvaren si hastigheit og posisjon. Den siste krafta er snøen si reaksjonskraft, som er ei motkraft på krafta utøvaren utviklar mot underlaget og som oppstår når snøen under skia er komprimert og dannar ein plattform for kraftutvikling

(Haugen, 2016). Det kan derfor seiast at utøvarane si vekt og kroppslege utforming har betydning for utføring av svingteknikk, som samsvarar med det fire av alpintrenarane over fortel. Utøvarane si utvikling omfattar det fysiske, men òg det mentale.

I dei mentale ferdigheitene til utøvarane er det kjønnsforskjellar, og alpintrenarane beskriv jenter og gutar som to ytterpunkt der jenter oppfattast som defensive og overtenkjarar, og gutar oppfattast som offensive og med lineær tankegong. Tuva seier at «Jeg vil si at jeg opplever at gutta generelt tenker mindre og gjør ting lettere. Mens jentene generelt tenker litt mer og gjør ting vanskeligere enn det der er, mer komplisert». Sitatet til Tuva samsvarar med funna til Sisjord (2023) som peikar på at jenter reflekterer meir enn gutar. Datamaterialet viser at trenarane opplever ein tydeleg kjønnsforskjell i perspektivet til utøvarane og grad av nødvendig eller unødvendig kompleksitet i tankegongen kring teknikk. Fire av trenarane hevdar at jenter gjer skiteknikk vanskelegare enn det er fordi dei fokuserer på ytre faktorar og detaljar framfor å sjå på den store heilskapen. Alex beskriv eit døme frå besiktelse som syner skilnaden på renn:

*Gutta er litt bedre på å se ned bakken og få litt oversikt, og jentene kjører til en port og ser, og så kjører til neste port og ser, og da får de ikke det fulle bildet. De er litt for detaljorientert.*

Sitatet skildrar at jenter og gutar har ulik zoom i perspektivet sitt på løypa under besiktelse. Dette viser at jenter fokuserer på detaljar ved korte sekvensar av løypa, og i kontrast dannar gutar seg ei oversikt over løypa, eit funn som er i tråd med Sisjord (2023) som viser at mannlege snowboardutøvarar har ei meir heilskapleg oversikt og utnyttar terrenget betre.

Grunna hastigheita i alpint kan det argumenterast for at det er hensiktsmessig å danne seg eit heilskapleg bilete av løypa, og samtidig fokusere på særskilt vanskelege parti. Ifølgje tre av trenarane viser jenteløparar tilsvarande tendensar i utføring av skiteknikk på trening. Alex skildrar eit anna døme på at jenter overkompliserer skikøyring og viser til at jenter si evne til å visualisere vert hindra fordi jenter heng seg opp i deler og detaljar ved skikøyringa som øydeleggar flyten:



*Jentene har en tendens til å overkomplisere ting, og [...] når du sier flere arbeidsoppgaver som kan knyttes sammen hvis du visualiserer i hodet så har jentene en tendens til å kjøre en og en ting imens de kjører på ski og det går jo for sakte i forhold til hvor fort skikjøring går. Så om det liksom er «opp, frem og utover ytterski» så tenker jentene «opp», «frem» og så «utover ytterski».*

Som sitatet viser kan det tolkast som at jenter analyserer tekniske løysingar i den grad at det går på kostnad av det Witteveen (1997) kallar skifølelse, noko som påverkar skikøyringa deira. I det andre ytterpunktet Tuva illustrerer over finn ein gutane som tenkjer mindre og gjer skikøyring lettare. Ifølgje alle alpintrenarane er ei mogleg forklaring for kvifor gutar klarar å gjere skikøyring enklare er at dei tenkjer mindre på konsekvensar og tek lettare på risiko. Det harmonerer godt med Sisjord (2023) som fant at mannlege utøvarar i snowboarding er meir opne for risiko og tek lettare på konsekvensar enn kvinnelege utøvarar. Datamaterialet viser vidare at utøvaren si evaluering av risiko og sjølvtilitt påverkar ferdigheitsutvikling.

Jenter reflekterer mykje – på godt og vondt – i motsetning til gutar som reflekterer mindre. Fem av alpintrenarane fortel at gutar er meir uredde enn jenter, og at frykt for løypesegment med høg fart, ukjente element eller dårlege prestasjonar hemmar jenteløparane meir enn gutane. Dette poengterer Tuva med sitatet: «[I ferdigheitsutvikling] spiller også fart en rolle, og det å være redd». Sitatet minnar ein på at alpint er ein idrett som tek sikte på å skape høgast mogleg hastigheit innafor idretten sine rammer, og ein føresetnad for å komme gjennom løypa kan seiast å vera at utøvaren må handtere dei skitekniske krava ved gitt hastigheit. Det kan derfor tyde på at gutar si fryktlausheit og intensitet i skikøyringa vert rekna som verdifull idrettsleg kapital, og at frykt for fart kan koplast til utøvaren sin sjølvtilitt og overtyding at skiferdigheitene er gode nok. Kim forklarar at fart har betydning for jenter og gutar si ferdigheitsutvikling:

*Så når man kommer ut i praksis så ser man at hvis man skal stå bra på ski så må du forstå hva du skal gjøre og deretter våge å gjøre det. Og der er ofte gutta litt bedre. Det er en balanse å finne der, men starter man med «slow drill» for eksempel, hvor man tar bort litt av frykten ved kjøringen, da ser man bedre progresjon på jenter, men så tar man løperne inn i løypa igjen og da kan man*

*generelt se at gutter drar på litt mer da. Selv om det nødvendigvis ikke er med arbeidsoppgaven.*

I sitatet viser Kim til «slow drill», som er ein metode for å lære teknikk der ein gjennomfører svingteknikk i svært låg hastigheit og har fokus på detaljar. Ved å ta bort fartselementet i skikøyringa viser jenter større progresjon. Ved å anta at dei fysiske føresetnadane er på plass kan det tyde på at utøvaren si sjølvtilitt og overtiding om at eigne evner er gode nok spelar ei sentral rolle for progresjon på ski. Det samsvarar med Taylor og Kubitz (2023) som hevdar at utan sjølvtilitt og tru på eigne evner vil ikkje alpinisten nå sitt potensiale. I likskap med snowboardtrenarane i Sisjord (2023) fortel alpintrenarane at jenter stolar mindre på egne ferdigheiter når risiko, i dette tilfelle fart, er involvert.

Generelt sett viser datamaterialet at gutar stolar meir på både egne og andre sine vurderingar kring deira ferdigheiter og tryggleik, enn det jenter gjer. Ifølgje Una viser kjønnsforskjellen seg slik:

*Gutta er fryktløse. Eller er de flinkere å bare legge de vekk og tenke at «dette er trygt, man hadde jo ikke kjørt denne løypa eller traseen hvis det ikke er gjort en gjennomgang av det for å sikre». Så det er kanskje det at man stoler på at [trenerne] har gjort det som skal gjøres for at [løypa] skal bli bra. Det går mye på tillit og å stole på prosessen.*

Med Una sitt utsegn kan det tolkast som at gutar har meir tillit til at trenaren sørgjer for sikkerheita på trening, noko ein alpintrenar skal. Men på den andre sida kan kjønnsforskjellen koplast til at gutar har mindre konsekvenstenking, og dermed stolar blindt på trenaren si vurdering. Datamaterialet viser at trenarane omtalar gutar sin villigheit til å ta risiko som positivt for ferdigheitsutvikling. Sett i lys av Bourdieu kan det seiast at gutar si villigheit til å ta riskar vert verdsett i feltet, og ifølgje Atencio et al. (2009) kan prinsippet om å ta risiko koplast til habitusen til menn som utfører risikofylte aktivitetar.

Ved å forstå villigheit til å ta risiko som ein del av habitus kan det tenkjast at det har betydning for alpintrenarane si risikovurdering ved organisering av trening. Det kan

forklare kvifor dei tre kvinnelege trenarane rapporterer at deira sikkerheitsterskel er lågare enn deira mannlege kollega. Tuva beskriv reaksjonen frå ein mannlege trenarkollega og hennar tankar om situasjonar der ho vel å avbryte trening eller trene på ein anna måte på grunn av dårlege forhold:

*Da har jeg fått høre av [mannlige trenerkollega] at jeg er pysete og ikke tør fordi sånn var jeg når jeg selv kjørte på ski. Men det mener ikke jeg. Det har vært et par ganger hvor vi har kjørt fart og jeg sier at jeg vil gi meg. Da handler det ikke om at jeg ikke tør, men at jeg mener det ikke er forsvarlig med de to siste turene. Jeg mener ikke det er riktig, men da har ikke jeg noe jeg skulle sagt. Og da får jeg beskjed om at «du er så pingle». Det ligger noe i det fordi jeg vet de mener det. Må man tøye strikken så jævlig langt hele tiden?*

Sitatet viser at kjønnsdistinksjonen i villigheit til å ta risiko følgjer aktørane i feltet frå alpinist til trenar. Tuva vert kalla «pyse» og «pingle» fordi ho tek sikkerheitsmessige val ho vurderer som nødvendige, men kva som reknast som nødvendige sikkerheitsval vert påverka av kjønn. Underforstått i «sånn var jeg når jeg selv kjørte på ski» er at dei to mannlege trenarane har vore trenarane til Tuva og at deira erfaringar av ho som utøvar fargar synet på ho som trenar. Sitatet tyder på at dei to mannlege trenarane opplever sikkerheitsvurderinga til Tuva som unødvendig streng, og at dei koplår Tuva sin terskel for risiko, som utøvar, til sikkerheitsvala ho gjer som trenar. Den siste setninga i sitatet kan tolkast som at Tuva har opplevd frykt som utøvar og derfor tek meir konservative val når ho legger til rette for trening. I så fall kan habitus med kroppsleggjorde erfaringar, i tillegg til kjønn, vere ein faktor i trenaren si sikkerheitsvurdering ved organisering av trening.

Mangel på konsekvenstenking og risiko har ein positiv effekt på gutar si ferdigheitsutvikling. I motsetning til gutar har jenter si refleksjon over konsekvenstenking og risiko ein negativ innverknad på ferdigheitsutvikling, men jenter sine evner til refleksjon kan ha positiv effektar ferdigheitsutvikling òg. Som Sisjord (2023) nemner reflekterer jenter mykje på godt og vondt. Kim beskriv korleis han opplever responsen frå utøvaren når han gir tilbakemelding:

*Jenter er mer strukturerte oppi hodet. Så hvis jeg gir en tilbakemelding så ser jeg at det er lettere for en jente at det går inn enn det er for en gutt. Si jeg gir tilbakemelding til en gutt, så går det to sekunder og han setter seg på heisen med en kompis så er det glemt.*

Sitatet viser at Kim opplever at jenter har bedre evne til å fokusere enn guttar. To andre trenarar delar tilsvarande opplevingar som Kim. Han legger til at jenter har bedre evne til å forstå skiteknikk fordi dei reflekterer meir over eigen ferdigheitsutvikling og forbettringspotensiale utanfor bakken og mellom turane. Derfor har dei eit meir bevisst forhold til eiga utvikling. Totalt sett fortel trenarane at både jenter og guttar har fordelar og utfordringar i dei mentale ferdigheitene sine som kan knytast til kjønn.

Kjønnsforskjellane i jenter og guttar sine fysiske og mentale ferdigheitlar har betydning for utøvarane sin ferdigheitsutvikling og skiteknikk. Ifølgje trenarane har puberteten og kroppsleg utvikling betydning for både jenter og guttar, men på ulike tidspunkt og på ulike måtar. Utvikling av fysiske eigenskapar heng saman med utøvarane sin pubertet og kroppsleg utvikling, ei oppsummering av trenarane si oppleving av utøvarane er at jenter er sterkare enn guttar i U14 og utover i U16 tek guttane igjen jentene. I tillegg fortel trenarane at når jenteløparane vert tyngre opplever dei utfordringar og stagnasjon i skiteknikk grunna andre vilkår knytt til dei ytre kreftene. I dei mentale ferdigheitene viser trenarane ein tydeleg kjønnsdistinksjon som handlar om at jenter har ein tendens til å overtenkje, medan guttar tenkjer ikkje for mykje. Det er særleg heilskap/detalj-fokus og risiko utøvarane reflekterer eller ikkje reflekterer over. Vidare viser datamaterialet at frykt og villigheit til å ta risiko har stor betydning for utøvarane si ferdigheitsutvikling, og mykje tyder på at dei mentale utfordringane er større for jenteløparane enn gutteløparane. Totalt sett fortel trenarane at guttar er meir uredde, fryktlause og vågar å peike skia nedover, noko som har ein positiv effekt på utvikling av svingteknikk.

### **6.3.2 Kommunikasjon**

Kommunikasjon er ein viktig del av trenar-utøvarrelasjonen og resultatane viser at kjønn spelar ei sentral rolle i kommunikasjonen til både trenaren og utøvarane, på fleire nivå. Kjønnsdimensjonen i kommunikasjon kjem til uttrykk på forskjellige måtar, som mellom anna korleis trenaren opplever sin eigen kommunikasjon i møte med utøvarane,

kjønnsforskjellar i utøvarkommunikasjon og oppleving av jenter og gutar si tilnærming til kommunikasjon med trenaren.

Blant dei seks alpintrenarane går det eit skilje mellom trenarane som hevdar dei tilpassar kommunikasjon etter kjønn og trenarane som hevdar dei har kjønnsnøytral kommunikasjon. Dei to trenarane som fortel at dei endrar kommunikasjonen etter kjønn til utøvaren er Jonas og Kaja. I sitatet under skildrar Jonas kva som skil kommunikasjon med jente- og guteløparar:

*Det eneste jeg merker forskjell på er at jeg kan være litt tøffere med gutta fordi de tåler det. Det er mange av gutta som tåler å høre det og skjønner av og til ironien i det. Mens jentene er nok mer nærtagende og sårbare, og kan fort misforstå.*

Kaja syner fleire fellestrekk med Jonas når ho fortel at ho opplever at..

*Den største forskjellen er vel at jeg kan kodd mer med guttene på litt sånn «åh, nå kjørte du dårlig», og så skjønner de at det er kodd og samtidig ikke kodd fordi de hadde kanskje en dårlig runde. Men sier du det til jentene så tar de det litt mer hårsårt.*

Sitata er i tråd med tidlegare forskning som seier at både den kvinnelege og den manlege trenaren kommuniserer på ein meir direkte og hard måte med guteløparar enn jenteløparar (MacKinnon, 2011; Sisjord, 2023). Med utsegna syner Kaja og Jonas at dei har eit kjønnssyn som samsvarar med den dominerande diskursen i idretten og maskulin dominans (Bourdieu, 2001; Connell, 2005), som kjem til uttrykk i både språk og veremåte. Dei to trenarane rettferdiggjær tøffare, meir uformell og spøkande kommunikasjon med gutar, samtidig som dei fortel korleis kommunikasjonen med jenter må vere forsiktig, at ein må velje orda sine med omhug, vere formell og indirekte. Det kan tenkjast at trenarane rettferdiggjær kommunikasjonen med jenter og gutar på grunnlag av sosialt konstruerte førestillingar av kva jenter og gutar toler, og i likskap med de Haan og Knoppers (2020) vert guteløparane rekna som enkle å arbeide med, medan jenteløparane vert merka som annleis enn normen. Det kan tyde på at dei sosialt konstruerte førestillingane og trenaren sitt kjønnssyn påverkar handlingsrommet og

utviklingspotensiale til utøveren, samt formar utøvarar si oppfatning av jenter og gutar sine evner, som samsvarar med tidlegare forskning (Gosai et al., 2022; Norman, 2016; Norman & French, 2013). Ifølgje tidlegare forskning er kjønnsstilpassa kommunikasjon hensiktsmessig fordi kjønnet til utøveren har betydning for preferansar i trenaren sin kommunikasjon, og at kjønnsstilpassa kommunikasjon kan ha positiv effekt for utøveren si utvikling (Norman, 2015). Men for at kommunikasjonen skal ha ein positiv effekt for både gutar og jenter er ein føresetnad at trenaren har eit kjønnsyn som jamstiller jenter og gutar (Norman, 2016). I likskap med trenarane i de Haan og Norman (2020) kan det seiast at dei to alpintrenarane sin kommunikasjon ikkje er basert på eit likestilt kjønnsyn.

Dei fire andre trenarane hevdar derimot at kommunikasjonen deira er kjønnsnøytral og at dei snakkar med same volum, tonefall og formulering til jenter og gutar. Trenarane forklarar at eventuelle forskjellar i kommunikasjon med jenter eller gutar skuldast faktorar som relasjon, alder eller nivå. Sjølv om trenarane hevdar at kjønn ikkje har betydning for kommunikasjon i trenar-utøvarrelasjonen kan ein stille seg spørsmål om det stemmer, slik som til dømes de Haan og Knoppers (2020). Dei to forskarane oppdaga at sjølv om trenarane beskreiv sin trenarpraksis som kjønnsnøytral kom kjønna diskursar til overflata i kommunikasjonen deira. Det er diskursar som samsvarar med det dominante kjønnsynet i idretten – at det maskuline er overordna og det feminine er underordna. Som nemnt tidlegare er kjønna diskursar så innarbeida i doxa at trenarane ikkje tenkjer over det sjølv, det kan derfor tyde på at trenarane ubevisst endrar kommunikasjonsstilen sin etter kjønn. Det bør nemnast at dette er ei tolking av trenarane sine utsegn, og for å kvalitetssikre funnet ville det vore hensiktsmessig å observere trenarane i interaksjon med utøvarane.

Ein merkbar kjønnsforskjell i kommunikasjon i trenar-utøvarrelasjonen er at jenteløparane stiller fleire spørsmål og søkjer fleire formuleringar i tilbakemeldingane frå trenaren. Det er ei felles oppleving dei tre kvinnelege trenarane og ein mannleg trenar fortel om. Til dømes fortel Una at «Jentene sier litt mer ‘du må forklare det på en annen måte til meg’ enn gutta», og Alex deler at:

*Jeg har alltid tenkt at det er mange forskjellige måter å forklare samme tingen på da. Og det er ikke alltid den ene måten passer for alle, så det er oftere jeg må forklare på andre måter til jenter enn til gutta.*

Sitata syner at jenter søker fleire forklaringar enn guttar, noko som samsvarar med tidlegare forskning (de Haan & Norman, 2020; Norman, 2015). Bakgrunnen for behovet jenteløparar har for å stille fleire spørsmål og søkje fleire forklaringar kan i tråd med tidlegare forskning vere at kvinnelege utøvarar ønskjer meir forståing, samt ei rasjonell grunnngjeving for vala teke i treningsarbeidet (de Haan & Knoppers, 2020; Gosai et al., 2022; Longshore & Sachs, 2015; Sisjord, 2023). Alex reflekterer på si side rundt ein alternativ årsak for kvifor jenteløparar stiller fleire spørsmål:

*Enten trenger de mer tid på å forstå hva jeg prøver å få frem, men det kan også bety at gutta velger å ikke forstå og bare kjører neste tur. Jentene er på en måte mer opptatt av at de alltid skal ha kontrollen på at de vet hva oppgaven deres er. De bruker kanskje litt lengre tid på å forstå det, tror jeg da.*

I sitatet slår Alex raskt vekk tankegongen om at gutteløparar vel å ikkje forstå og vender tilbake til alternativet om at jenteløparar treng meir tid til å forstå. Eit slikt synspunkt kan tyde på at trenaren oppfattar jenter som underlegne og mindre intelligente, og det samsvarar med Gosai et al. (2022) som peikar på manglande forståing og kunnskap om idrett samanlikna med menn som ei moglege forklaring for kvifor kvinner stiller fleire spørsmål. I lys av Bourdieu (2001) kan det seiast at eit slikt synspunkt bekreftar den maskuline dominans. Uavhengig av årsak fortel alle seks trenarane at dei brukar meir tid på kommunisere med jenteløparar enn gutteløparar, noko som samsvarar med funna til Norman (2015).

Vidare tyder funna på at jenter og guttar har ulik framtoning og haldning i kommunikasjon med lagkameratar og trenaren. Alle seks alpintrenarane oppfattar gutteløparane som meir offensive og standhaftige i framtoning, veremåte, synspunkt og formuleringar, medan jenter vert oppfatta som meir defensive og forsiktige. Kjønnsskillet kjem til utrykk gjennom kommunikasjonen til utøvarane og har innverknad på interaksjonen mellom aktørane i feltet. Tuva beskriv interaksjonen med gutteløparar og jenteløparar på toppen i ei treningsøkt i bakken:

*Gutta er mye mer direkte på start hvis det er noe eller de lurer på noe; «hvordan gjorde jeg det?!», «nå gjorde jeg sånn, hva skjedde da?». Gutta hopper litt mer rett ut i det. I tillegg skal flere av guttene liksom ikke være enig og det er jo egentlig dødskult at de har litt diskusjon, men når du sitter på rompa på innerski så er det ikke så mye å diskutere. Det tenkte jeg mye på i starten om det var fordi jeg er jente at de ikke, ja.. at de skulle ha rett da. For kommer det en mannlig trener inn så hører de mer etter på han. Mens jentene er litt mer sånn forsiktige, og diskuterer, snakker mer og nærmest forsvare det dem har gjort.. Når jeg snakker med jentene og skal gi tilbakemeldinger både på barmark og ski så er de mye mer lyttende, tar det til seg og stiller gjerne litt flere spørsmål.*

Gjennom kommunikasjon sin gjensidige funksjon kan utøverane sin verbale og non-verbale kommunikasjon i sitatet tolkast. Ved å la vere å lytte til Tuva signaliserer utøverane at dei ikkje respekterer ho på like mykje som ein mannleg trenar. Som diskutert i andre del av resultat er sitatet nok eit eksempel på at kvinnelege trenarar føler seg mindre verdsett i feltet og at kjønn har betydning for kva grad av respekt trenaren opplever. Sitatet understreker òg oppfatninga alpintrenarane har av guteløparar og jenteløparar. Gutar oppfattast som direkte, påståelege og at dei diskuterer utan nødvendigvis å ha grunnlag for det. Jentene vert oppfatta som meir forsiktige, usikre og forsvare handlingane sine i feltet. Ein kan argumentere for at kjønnsforskjellen i framtoning kan knytast til utøvarane sin sjølvtilit, noko som er i tråd med funna til Sisjord (2023). I likskap med Tuva opplever Alex utøverane på ein tilsvarande måte:

*Merker det veldig godt på besiktelse, der ser du gutta sin holdning til løypa og jentene sin holdning til løypa. Gutta er veldig offensive i uttalelsene sine. Mens jentene er mer defensive og støtter seg på treneren mer, stiller mange spørsmål og stoler ikke helt på seg selv alltid.*

Sitatet viser at Alex har ei tilsvarande oppfatning av jenter og gutar i ei litt anna kontekst, noko som tyder på at det er gjennomgåande karaktertrekk ved gutar og ved jenter sin framtoning og haldning i feltet. Kjønnoppfatningane er i tråd med stereotypiske førestillingar av kjønn, og i lys av Bourdieu (2001) kan det seiast at oppfatningane er eit resultat av den maskuline dominans, og som plasserer det maskuline som norm i alpint. For utøverane kan det tenkjast at dei stereotypiske



førestillingane knytt til kjønn har betydning for utvikling av habitus, og at effektane av den maskuline dominans kjem til uttrykk gjennom utøvaren sin veremåte, haldning, kunnskap og praksisar. For trenaren kan dei stereotypiske førestillingane knytt til kjønn danne eit hierarki i treningsgruppa, som plasserer guteløparane over jenteløparane, og som har innverknad på trenar-utøvarrelasjonen og samhandling i trenar-utøvarrelasjonen. Ifølgje Gosai et al. (2022) vert kjønna stereotypiar og forventningar ala fram av antekne forskjellar, som til dømes at kvinnelege utøvarar er mindre kompetente, har mindre sjølvtilitt, treng meir støtte og sosial interaksjon, og behøver meir tid til å utvikle seg samanlikna med menn. Det tydar på at kvinnelege utøvarar vert vurdert etter mannlege standardar.

Summen av oppfatningane knytt til kjønna gjer at guteløparar vert rekna som meir sjølvdrivne og sjølvstendige enn jenteløparar. Tuva fortel at:

*Det har vært treninger på ski der, innimellom her og der, jentene sier «du har ikke snakka like mye med meg» eller «jeg har ikke fått like mange tilbakemeldinger». Det er ikke ofte jeg hører det av gutta, liksom. [Gutta]er litt mer selvdrevne så hvis ikke noe blir sagt så bare kjører de på.*

Den siste setninga i sitatet viser at gutar er meir sjølvdrivne som fortset aktiviteten ved fråvær av konkrete beskjedar, noko som samsvarar med fire av dei andre trenarane. Alpintrenarane peikar på at gutar er sjølvdrivne fordi dei set i gang og fortset aktivitet ved fråvær av konkrete beskjedar, er sjølvstendige i besiktelse og andre rennførebuingar og har evna til å sjå moglegheiter. Første del av sitatet gjev eit anna døme på kjønnsforskjell i utøvaren si sjølvstendigheit i treningsarbeidet, nemleg at jenter søker rettleiing og støtte når dei opplever at det har gått for lenge sidan sist, noko som ifølgje fem av alpintrenarane er hyppigare hjå jentene enn gutane. Det samsvarar med Sisjord (2023) som peikar på at kjønnsforskjellen i sjølvstende vert spegla i kommunikasjonen til utøvarane. Gutar reknast som meir sjølvdrivne, mykje fordi jenter er meir mottakelege for tilbakemeldingar og dei treng meir oppfølging, noko som er viktig for å skape ei tryggleikskjensle. Sitatet til Alex byggjer oppunder dette:

*Jentene er veldig sånn at de tenker på og spør hele tiden, for eksempel på besiktelsen så kan jentene spørre hvor de skal legge trykket sitt. De vil vite*

*hvilket snøhorn de skal treffe, og da svarer jeg at det kan ikke jeg si fordi det må dere ha på «feelinga» og hvilken linje man kjører.*

Sitatet viser at jenter vil at trenaren skal fortelje dei kvar dei skal plassere trykket sitt. Det kan tolkast som ein strategi for å få bekreftelse for at tankegongen deira er *rett*. Ein strategi som har forankring i at jenter ikkje stolar på egne evner og har låg sjølvtilitt. Tidlegare forskning viser at kvinnelege utøvarar både verdset og er avhengige av positiv kommunikasjon, hyppigare tilbakemeldingar, genuin oppmuntring og støtte, samt respekt i trenar-utøvarrelasjonen (Gilbert, 2016; LaVoi, 2007; Norman, 2015). Ifølgje Sisjord (2023) har kvinnelege utøvarar sterkare behov for forklaring kring korleis ting skal gjerast, medan gutar får beskjed om å gjere noko og så gjer dei det. Dette bidreg i oppfatninga av at gutar er enklare å trene enn jenter (de Haan & Knoppers, 2020). Det kan tyde på at kjønn har stor betydning for kommunikasjon i trenar-utøvarrelasjonen.

Sosialt konstruerte førestillingar av kjønna sin toleranse, veremåte, framtoning, tankegong og evner påverkar kommunikasjonen til både utøvaren og trenaren. I likskap med andre sosiale aspekt av idretten kan det seiast at dei sosialt konstruerte førestillingane i kommunikasjon ber preg av ei djup forankring i dominante kjønnsdiskursar i idrettsfeltet, som posisjonerer mannen som overlegen og kvinna som underlegen. Ifølgje de Haan og Norman (2020) vert kjønnsdiskursane kroppsleggjort i utøvaren sin habitus fordi trenaren presenterer dei som etablerte «sannheitlar», noko som gjer at når utøvaren vert trenar reproduserer trenaren praksisar som er i tråd med kjønnsdiskursane.

### **6.3.3 Sosial og emosjonell støtte**

I trenar-utøvarrelasjonen har kjønn betydning for korleis utøvaren søker støtte. Alle alpintrenarane var samde om at det var ingen kjønnsforskjell i at jenter og gutar har eit behov for støtte, men at jenter og gutar uttrykkjer behovet for støtte på forskjellige måtar.

Fem av alpintrenarane fortel at jenter og gutar reagerer ulikt ved stagnasjon eller motgang i treningssituasjonen. Ein generell observasjon trenarane har gjort seg er at frustrasjonen utøvarane føler på gjer at gutane ofte reagerer med sinne medan jentene vert lei seg. I situasjonar der utøvarane opplever stagnasjon eller motgang i

trenings situasjonen har trenaren sitt kjønn betydning for korleis utøvarer handterer situasjonen. Dei tre kvinnelege trenarane fortel at jenter ofte søker støtte hjå trenaren og ønskjer samhandling i handtering av problemet, og at gutar trekkjer seg inn i seg sjølv og vel å løyse problemet på eigenhand. Kaja beskriv det på følgande måte:

*Guttene blir veldig frustrerte, men det blir egentlig jentene og. Men jentene kommer å graver og spør «hvorfør går det ikke fremover», mens guttene skal prøve å finne ut av det selv.*

Tuva har tilsvarande oppleving ved ferdigheitsstagnasjon hjå utøvarar:

*Jentene generelt blir mer lei seg og guttene har en tendens til å bli sinte eller sure, og liksom ikke forstår hvorfor dette skjer, hvorfor det er sånn eller hvorfor det ikke skjer noe. Å klare å ta til seg det når jeg forklarer at «sånn er det», og om de ikke helt skjønner det eller klarer å ta det til seg da blir de bare mer irriterte. Mens jentene er litt roligere å snakke med når det er motgang eller tar det til seg når det er stopp i utviklinga.*

Sitata til dei kvinnelege trenarane tydar på at jenter både søkjer og responderer betre på samarbeid med trenaren når det er stopp i utviklinga. For dei mannlege trenarane er det nokså omvendt. Kim beskriv:

*Så det går litt mer på det at jentene trekker seg mer tilbake og så merker du det og da går du bort for å ta en prat [...] Gutta er enklere å forholde seg til. Du får det jo slengt i trynet og da er det lett å svare på, kontra med jentene må man være mer oppmerksom føler jeg. Hvor du må bruke øya litt mer og se når de trekker seg unna, og ikke er i det humøret de pleier. Da bør man innse at det er noe som er galt. Men som regel når man går bort til de så åpner [jentene] seg opp da. Det er ikke sånn at de prøver å skjule det.*

Sitata viser at ved behov for støtte det finst ein kjønnsforskjellen i korleis kontakten mellom trenar og utøvar vert oppretta. Kaja beskriv liknande opplevingar som Kim, at ho må tolke situasjonen og aktivt leite etter teikn hjå utøvarar frå det motsette kjønn når dei treng støtte, i motsetning til utøvarar som har det same kjønnnet då dei kommuniserer

behovet direkte. Mykje tydar på at kjønnslik støtte er enklare å oppnå for både utøvar og trenar, det vil sei at kvinnelege trenarar opplever det som lettare å støtte sine jenteløparar, medan mannlege trenarar opplever det som enklare å støtte sine guteløparar. Det er i tråd med Hovden og Tjønndal (2019) som oppdaga at kvinnelege utøvarar erkjenner at dei utviklar tettare sosial band og meir tillit til kvinnelege trenarar. På ei anna side fant LaVoi (2007) at kvinnelege utøvarar på generell basis dannar nærare relasjonar med trenaren enn mannlege utøvarar, men at bakgrunnen for det er at kvinnelege og mannlege utøvarar verdset ulike typar nærleik i trenar-utøvarrelasjonen. Det kan tenkjast at trenaren har betre innsikt i likekjønna utøvarar sine behov for sosial støtte.

Eit anna aspekt ved å støtte utøvarane er at jenter og gutar har ifølgje fire av alpintrenarane ulike preferansar i korleis dei vil ha støtte. Dei fire trenarane eksemplifiserer kjønnsforskjellen ved å fortelje om typiske førebuingar på rennstart, og kva strategiar dei nyttar for å førebu utøvaren til rennomgangen. Kaja fortel at:

*Jeg står ofte på start med dem og da er det veldig forskjellig. Jentene er ofte veldig nervøse, så da snakker jeg dem rolig ned, få hjernen over på noe annet og leiker rundt. Mens guttene så er det faktisk å stå å snakke med de om løypa og hvordan de kan gjøre det best mulig. Snakke om hva de har jobba med på trening og hvordan få det til å funke inn i løypa. Så det er veldig forskjellig faktisk, jentene blir så nervøse på start.*

Sitatet viser at Kaja har to svært ulike strategiar for jenteløparar og guteløparar. Alex fortel at han òg nyttar forskjellige metodar for å hjelpe utøvaren på start:

*På start må jeg være enda litt mer sånn at jeg får jentene til å stole på seg selv og gå for planen sin, være litt mer offensive. Mens gutta stiller ikke like mange spørsmål på start, så for gutta handler det om å få de til å være mer til stede, gire de opp og heie de ut av start. Jentene kommer for å spør om mer ting fordi de trenger bekreftelse.*

Sitata viser at strategiane trenarane brukar på gutar er å vurdere tekniske moment i løypa saman med utøvaren, sikre at utøvaren er mentalt til stades og sikre riktig

spenningsregulering ved å fyre guteløparane opp. For jenter handlar strategien om å trygge jenteløparen i rennsituasjonen og leggje ein plan, samt styrke sjølvtiliten og trua på utøveren sine eigne evner. Det kan tolkast som at jenteløparar responderer betre på emosjonell støtte medan guteløparar responderer betre på instrumentell støtte. Sisjord (2023) fant at kva type støttande oppmuntring som snowboardtrenaren gir utøveren på toppen har større betydning for kvinnelege utøvarar enn mannlege.

I treningssituasjon fortel tre av alpintrenarane at jenter og gutar føretrekk forskjellig støtte, og at skilnadane er særskilt synleg i kva type oppmuntring jenter og gutar verdset. Kim beskriv det slik:

*Gutter er mer opptatt av å få en klapp på skulderen, en high five eller å bli satt litt på plass, for så å prøve igjen. Jenter må man kanskje bruke litt lengre tid på. Istedenfor at det er en klapp på skuldra og så rett på igjen. Så heller roe ned litt og finne bakkestøtten før prøver å bygge opp selvtilliten for så å prøve igjen*

Sitatet gjev eit døme på at gutar oppmuntrast til å prøve igjen med fysisk støtte som har underliggjande meiningar, som til dømes ein klapp på skuldra for gode prestasjonar. Vidare viser sitatet at jenteløparane oppmuntrast til å prøve på nytt ved å få verbal støtte og å skape ein trygg situasjon. Det tydar på at kjønnsforskjellane i type oppmuntring har likskapar i både rennsituasjon og treningssituasjon, og at trenarane, uavhengig av kjønn, nyttar like strategiar for jenter og gutar. På generell basis prioriterer alpintrenarane spenningsregulering for guteløparane og sjølvtilitsbygging for jenteløparane. Ifølgje Taylor og Kubitz (2023) er både spenningsregulering og sjølvtilit sentrale mentale «musklar» som fremjar prestasjonen hjå utøveren.

Når utøveren støyter på ei utfordring i ferdigheitsutvikling viser datamaterialet at jenter brukar meir tid på å arbeide med utfordringa og gutar nærmast ignorerer den. Una argumenterer for tilsvarende synspunkt: «Jentene dveler lengre ved det, men da har de hvert fall tygget det litt ferdig og prosessert det. Mens gutta legger det kanskje litt mer til sides og så kommer problemet igjen tidligere». Basert på sitatet kan det tyde på at jenter og gutar har ulik evne til umiddelbar omstilling i forkant av ny runde i løypa, som nemnt i kontekst kan evna til å omstille seg mellom omgangane i løypa ha stor betydning for prestasjon.

Med tanke på at det er lite endring i dei fysiske og tekniske ferdigheitene mellom rennomgangane kan mentale ferdigheitar som sjølvtilitt, spenningsregulering og fokus vere utslagsgivande. Derfor spelar mentale ferdigheiter ein avgjerande rolle i prestasjon. På ei anna side kan ein spekulere i om sannsynet for at same utfordring oppstår på nytt er større hjå gutane fordi dei ikkje prosesserer den.

Funna viser at jenter og gutar har like stort behov for støtte frå trenaren, men har ulike preferansar i type støtte. I tillegg tyder funna på at alpintrenarane opplever likekjønna støtte som enklare i trenar-utøvarrelasjonen, det vil sei at trenarane opplever det som enklare å støtte utøvarar av same kjønn og at dei føler dei må rette meir merksemd mot utøvarar av motsett kjønn for å fange opp behov for støtte. Vidare undersøkast effektane kjønnsblanda treningsgrupper og kjønnsklassifiserte rennklassar har på unge alpinistar.

#### **6.3.4 Kjønnsblanda treningsgrupper og kjønnsklassifiserte rennklassar**

Alpint er ein idrett der norma er at jenter og gutar trenar saman, men konkurrerer i separate klassar. Dei seks alpintrenarane har ulike synspunkt på betydninga av kjønn for det sosiale samspelet i treningsgruppa. I tillegg hevdar alpintrenarane at kjønnsblanda treningsgrupper har fleire fordelar enn ulemper i den aktuelle aldersgruppa, og peikar på at kjønnsblanda treningsgrupper har praktiske, sosiale og ferdigheitsmessige effektar på jenter og gutar.

I likskap med det norske landslaget, som vist i «Kontekst – Alpint», opplever alpintrenarane alpint som ein lagidrett med unntak av konkurransetida. Derfor vert samhald og relasjonar vektlagt i treningsgruppene. Alle seks alpintrenarane understrekkjer at samlingar og lange treningsøktar gjer at det sosiale samspelet mellom utøvarar og gode relasjonar er viktig i alpint, noko som er i tråd med anbefalingane frå Taylor og Kubitz (2023) om gode treningskameratar for å oppretthalde motivasjon. Det sosiale samspelet i treningsgruppa påverkast av faktorar som klubbstorleik, alder og kjønn. Ifølgje fire av alpintrenarane er jenter og gutar meir splitta i U14, og er ein meir samansveisa gjeng i U16. Trenarane beskriv at det skjer ei endring etter kvart som utøvarane modnast og tilbringar meir tid saman. Dei resterande to alpintrenarane, som arbeidar i små klubbar, hevdar at kjønn ikkje spelar noko rolle for samspelet i gruppa. Ei forklaring for deira synspunkt er at i små klubbar trenar ofte U14 og U16 saman, og då innordnar dei yngre løparane seg dei sosiale kodane dei eldre løparane bestemmer.

Alle seks alpintrenerane fortel om fleire fordelar enn ulemper ved kjønnsblanda organisering, mellom anna har kjønnsblanda treningsgrupper praktiske, sosiale og ferdigheitsmessige effektar på jenter og gutar si åtferd og utvikling. Alex beskriv kvifor kjønnsblanda treningsgrupper er hensiktsmessig:

*Jeg vil jo på en måte si at på det nivået i U14/16 så er det betydelig mer fordeler enn ulemper med kjønnsblandede grupper. Det er når man kommer på FIS at det av og til kommer noen ulemper fordi de skal være på ulike steder til ulike tider. Og da er det vanskelig å være blanda.*

I motsetning til utøvarar som går på skigymnas og konkurrerer i FIS er det stort sett foreldre som fraktar barn til trening og renn i aldersbestemt alpint. Alex påpeikar at det er derfor ingen grunn til å praktisere kjønnsavskilte treningsgrupper. Vidare hevdar alpintrenerane at kjønnsblanda treningsgrupper har ein effekt både på ferdigheitsutvikling og det sosiale. Kim fortel at:

*Jeg har vel egentlig aldri opplevd noen utfordringer. Jeg har vært på noen løpeturer der en jente faller av, men det tror jeg ikke ligger på kjønnen på en måte. Så jeg ser flere fordeler med det. For eksempel så kan jentene lære av guttene og guttene kan lære av jentene, hvert fall i en så liten klubb så er det jo flere, jo bedre. Har man en god jente, som vi har, så ser guttene opp til henne og lærer av henne. Og har du en god gutt igjen så gjør jentene det samme. Så jeg ser egentlig kun fordeler ved det hvert fall på det nivået vi er på nå. Nå ser man ikke at de fysiske fordelene til guttene, som kommer når de kommer på landslagsnivå, den har ikke kommet enda. Så i det aldersgruppen de er i når så kan en jente vel så enkelt kjøre like fort som en gutt. Så jeg ser egentlig kun fordeler ved det.*

Som Kim beskriv, har jenter og gutar eit gjensidig læringspotensiale og at det er fleire fordelar enn ulemper. Med unntak av Kim, skisserer dei andre alpintrenerane eit bilete av at jenter kan lære prestasjonsrelaterte ferdigheiter hjå gutar, og at gutar kan lære sosiale eigenskapar hjå jenter, noko som Tuva gjev eit døme på:

*Fordelene er at de har veldig mye å lære av hverandre, for eksempel det med at gutta gjerne tar mer plass, brøyter seg frem, snakker mye høyere, sier i større grad hva de mener om ting, tenker mindre når de står på ski og flere av de er fysisk sett sterkere kan hjelpe jentene mye. Og guttene har veldig godt av å være med jentene fordi da har de lettere for å høre etter når det blir gitt beskjeder for å gjøre det de skal.*

Med dømet viser Tuva at i kjønnsblanda treningsgrupper får jenter og guttar rom til å påverke kvarandre, og som mange av alpintrenarane poengterer, balanserer kjønna kvarandre. Det kan seiast at gutteløparane tilfører maskuline trekk, som til dømes ei offensiv haldning og framtoning, til treningsfellesskapet og at desse kan ha ein positiv effekt på jenter si ferdigheitsutvikling på sikt. På same måte tilfører jenter sosiale kodar og danna åtferd til treningsfellesskapet, noko som kan forbetre læringsforholda til guttar. Det kan tyde på at kjønnsblanda treningsfellesskap skapar gunstige forhold for læring. På ei anna side fører verdsetjinga av det maskuline i idretten og reproduksjon av praksis til at den symbolske kapitalen guttar har opprettheld sin høge status og at dominanseforholdet mellom kvinnelege og mannlege utøvarar i idretten fortset. Det vert tydeleg i Tuva sine gutteløparar sitt syn på å lære frå jenter:

*Guttene har en tendens til å tenke at de ikke har noe å lære av jentene eller at de ikke er gode nok, men med en gang vi har timing på trening og det er en jente som er hakk i hel på en av gutta så blir de dødsstressa. For det er det verste i verden som kan skje hvis en av jentene på gruppa kjører fortere enn dem på ski.*

Sitatet synleggjer gutteløparar sine tankar og kjensler kring jenteløparar sin idrettslege prestasjon og korleis den truar deira overlegne posisjon i feltet. Å assosierast med prestasjon på jentenivå skapar ei kjensle av frustrasjon og frykt hjå gutteløparane. Med referanse til Bourdieu (2001) kan ein sei at effektane av den maskuline dominansen er kroppsleggjorde og visar seg i aktøren sine ubevisste oppfatningar, verdsetjingar, handlingar og emosjonelle reaksjonar. Gutane sine emosjonelle reaksjonar kan derfor tolkast som eit ubevisst ønskje om å distansere seg frå den underlegne og feminine, trass at jentene viser god skiteknikk. Tuva beskriv òg at nokre jenter motiverast av å måle seg med guttar. Det er derfor ein kjønnskamp i feltet der guttar arbeidar for oppretthalde posisjonen sin ved å unngå audmjuking og å tape verdigheit av jamgode resultat som



jentene. På den andre sida fører jenteløparar sine prestasjonar til ein front som arbeidar for at jenter sin posisjon i feltet skal akseptertast på lik linje som gutar, men ein kan stille seg spørsmål ved kva grad dette arbeidet er bevisst. På grunn av den undertrykkande effekten maskulin dominans har i idrettsfeltet vil truleg ikkje kvinner anerkjennast for prestasjonane sine på same måte som menn likevel.

I overgangen frå kjønnsblanda treningsgrupper til kjønnsklassifiserte konkurranseklassar rapporterer fire av seks alpintrenarane at karakteristikkane ved gutar og jenter vert forsterka. Kaja kjenneteiknar åtferda til gutar og jenter på renn:

*På renn møter jentene alle jentevennene de har fra andre klubber og de snakker rolige sammen og leker fint sammen. Mens når guttene kommer på start så er det bare gutter og da kan de herje enda mer, leke enda hardere og kødde enda mer uten at det står en jente og sier «ååh! Nå kødde du for mye» eller «nå står du i veien for meg» eller «hallo? du holder på å slå meg ned».*

Sitatet tydar på at under renn vert feltet meir homogent, noko som resulterer i at jenter og gutar får utfolde seg i kvar sin kultur. Det medfører andre underforståtte reglar og normer for åtferd, som viser seg i gutane sitt fellesskap ved at det er høgare toleranse for leik og herjing. Samt at jentene får interagere med jamgamle jenter i sitt fellesskap i fred.

På generell basis viser resultata at jenter og gutar har ein sosial og prestasjonsfremjande innverknad på kvarandre. På grunnlag av erfaringane trenarane har frå både kjønnsblanda treningsgrupper og kjønnsklassifiserte rennklassar kan det tyde på at å blande kjønn i aldersklassifiserte treningsgrupper har ein hensiktsmessig og positiv effekt for både jenter og gutar sitt utviklingspotensiale.

## 7. Avsluttande oppsummering

I dette kapitlet vil hovudtendensane i oppgåva presenterast og verte knytt opp mot problemstillinga: «Kva betydning har kjønn for alpintrenarar si oppleving av eigen praksis og erfaringar i alpintfeltet?». Føremålet med masterprosjektet er å kaste lys over kva betydning kjønn har for alpintrenarane sine opplevingar av eigen praksis, samt korleis trenarane opplever å vere trenar i feltet og å trene jenter og gutar. Med forankring i tidlegare forskning og Bourdieu sine analytiske omgrep og teori om maskulin dominans har eg undersøkt kjønnsforskjellane alpintrenarane beskriv og supplert med mine tolkingar ut frå datamaterialet. For å finne svar på hovudproblemstillinga har eg nytta forskingsspørsmåla «Kva har kjønn å seie for trenaren si oppleving av å vere trenar i alpintfeltet» og «Kva betydning har kjønn for alpintrenarar si oppleving av å trene jenter og gutar?».

I resultat- og diskusjonskapitlet presenterast alpintrenarane sin bakgrunn og kompetanse som eit bakteppe for å forstå trenarane sin praksis og deira opplevingar i feltet. Grunnlaget for alpintrenarane sin praksis er formell og uformell læring. Den formelle læringa viser til trenarane sin trenarutdanning, og den uformelle læringa dei har gjort seg gjennom si tid i alpintmiljøet, gjev uttrykk for trenaren sin habitus. Trenarhabitusen dannar trenaren sine handlingsskjema, oppfatningar og praksisar, og vert utvikla gjennom trenarane si rekruttering til feltet, tidlegare erfaringar og den sosiokulturelle ramma trenarane har erfart i (Iisahunter et al., 2015, s. 67).

Gjennom analyse av trenarane sin formelle og uformelle læring kom fleire likskapar på tvers av kjønn fram. Alpintrenarane sin tidlege debut og lange skikarriere tyder på at dei kjem frå familiar som verdset skiaktivitet, og at lang fartstid i alpintmiljøet har gjort at trenarane har tileigna seg ein idrettsleg habitus og kulturell kapital i feltet. Funna viser at basert på rekruttering til feltet og moglegheitene alpintrenarane har fått er den kroppsleggjorde kulturelle kapitalen høgare verdsett i alpintfeltet enn den institusjonaliserte kulturelle kapitalen, som viser seg ved at dei fire trenarane med lengst skikarriere vart spurt om å verte trenar.

Vidare viser funna at det er få kjønnsforskjellar i treningsfilosofien alpintrenarane byggjer praksisen sin på, ei heller i praksisen til alpintrenarane viser funna tydelege

kjønnsforskjellar. Basert på datamaterialet har trenarane likskapar i krava og forventningane dei stiller til utøvarane. Desse handlar om å bidra til organisering, møte førebudd, arbeide målretta og respektere andre. Vidare viser datamaterialet at trenarane, uavhengig av kjønn, nyttar ganske like strategiar for å oppretthalde kontroll og disiplin i treningsgruppa. I syn på motivasjon var trenarane delt i to, men trenaren sitt kjønn er ikkje utslagsgivande faktor. Den eine parten hevda dei hadde eit kjønnsnøytralt syn og den andre praten fortalte om kjønnsstilpassa syn på motivasjon, kor det var utøvaren sitt kjønn som hadde betydning.

Likt grunnlag for praksis og lik praksis tydar på at alpintfeltet har eit innarbeida doxa som korkje kvinneleg eller mannlege trenarar stiller spørsmål ved. Både kvinnelege og mannlege trenarar praktiserer trenarrolla etter den doxiske logikken i feltet, som er utforma i tråd med ein maskulin diskurs. Det gjer at sosialt konstruerte førestillingar om kjønn og stereotypiske oppfatningar vert presentert som etablerte «sannheit» i feltet. Det gjer til dømes at jenteløparar vert utsett for doble kjønnskodar, som ifølgje Hovden (2002, 2004) krev at jenter «er kjønn sitt» og samtidig vert vurdert etter mannleg, idrettsleg standard. Og at guteløparar si brøytande åtferd vert akseptert.

Sjølv om kvinnelege og mannlege alpinrenarar sin treningsfilosofi og praksis har mange likskapar opplever trenarane feltet svært ulikt. Det kan seiast at det er i forskingsspørsmålet «Kva har kjønn å seie for trenaren si oppleving av å vere trenar i alpintfeltet?» effektane av den maskuline dominans kjem best til syne. Basert på funna kan ein sjå at alpintfeltet er ein maskulin arena der sosialt konstruerte førestillingar er utforma i tråd med den maskuline dominansen. Dei sosialt konstruerte førestillingane og stereotypiske oppfatningar av kjønna fungerer som barrierar for kvinnelege trenarar. Først og fremst skapar dei sosialt konstruerte førestillingane ein standard som alle aktørar samanliknast ut i frå, og på grunn av den maskuline dominans er det det maskuline og mannen som vert rekna som standard. Det medfører til dømes markante forskjellar i kvinnelege og mannlege trenarar sine opplevingar knytt til sjølvtilitt. Funna viser at kvinnelege trenarar har mindre sjølvtilitt enn mannlege trenarar, noko som kan forklarast med at kvinnelege trenarar samanliknar seg med den mannlege normen og har ei sosialt konstruert forventning om at «sånn skal det vere». Skeivfordelinga i sjølvtilitt gjorde seg særskilt synleg når trenaren skulle krevje sin plass i feltet og i overtyding om eigen kompetanse. I tråd med tidlegare forsking kan det derfor seiast at kjønn har stor

betydning for trenaren si sjølvtilitt i trenarrolla i alpint (Fasting et al., 2019; Norman, 2014).

Eit sentralt funn er at kvinnelege og mannlege trenarar opplever ulik grad av respekt i feltet. Funna indikerer at mannlege trenarar oppnår høgare grad av respekt og ervervar seg respekt utan nødvendigvis å bevise kompetansen sin først. Samtidig avdekka funna at kvinnelege trenarar har meir å bevise og må opparbeide seg respekt i feltet med hjelp av innsats, trenarutdanning og tidlegare idrettsprestasjonar. I tillegg viser funna at kvinnelege trenar nyttar maskuline karakteristikkar for å innhente meir respekt frå mellommenneskelege aktørar. Ein effekt av den maskuline dominans er at feltet er prega av ei underliggjande mistillit som plasserer kvinnelege trenarar som gjenstand for konstant vurdering, trass hennar idrettslege kapital, formelle kulturelle kapital og erfaring som trenar. Den underliggjande mistillita og fråvær av respekt resulterer i at kvinnelege trenarar forsvarar sin kompetanse og val i treningsarbeidet som svar på eit krav frå trenarkollega, foreldre eller utøvarar, og som ein strategi for å styrke eiga sjølvopfatning.

Med dei sosialt konstruerte førestillingane og stereotypiske oppfatningane følgjer formodningar om haldningar og åtferd som grunna den maskuline dominans resulterer i at mannlege og kvinneleg trenarar ikkje reknast som likeverdige i feltet. Det medfører at kvinnelege trenarar møter negative haldningar og åtferder i feltet, samt oppfatningar av kvinnelege trenarar som inntrengarar i det maskuline domenet. Eit døme på dette er at dei reknast som sosialt akseptert å skyve kvinnelege trenarar til sides eller forhøyre ho om treningsplanane hennar. Det gjer òg at mannlege trenarar forstår kjønn som noko som ikkje gjeld dei, som vil sei at mannlege trenarar tek deira posisjon i feltet som ei sjølvfølgje. Det vart eksemplifisert ved at dei tre mannlege trenarane reagerer med latter og positive skildringar av alpintfeltet ved spørsmål om korleis dei opplever å vere mannleg trenar i feltet. Resultatet er at kvinner vert rekna som «den andre», og må forhandle seg til ein betre posisjon samanlikna med menn, noko som er i tråd med Bourdieu (2001) sitt syn på maskulin dominans og menn sin veremåte.

Kvinnelege og mannlege trenarar har ulikt syn på betydninga av kjønn. Dei mannlege trenarane hevdar det ikkje har betydning, og med det illustrerer dei på ny at kjønn ikkje er ein dimensjon som har betydning for dei. Dei kvinnelege trenarane er derimot svært

opptekne av at betre kjønnsbalanse blant trenarane i alpint vil ha positive effektar, som til dømes fleire rollemodellar og at fleire kvinner i trenarfeltet kan bidra med å redusere kjønnsforskjellane.

Ved undersøking av «Kva betydning har kjønn for alpintrenarar si oppleving av å trene jenter og gutar?» viser funna at kjønn har betydning i ferdigheitsutvikling, kommunikasjon, sosial og emosjonell støtte, òg i kjønnsblanda treningsgrupper og kjønnsklassifiserte rennklassar.

I ferdigheitsutvikling viser funna at aldersgruppa trenarane arbeidar med er i ein vekstfase, og at pubertetsutvikling og vekst har betydning for utøvaren sine fysiske og mentale ferdigheiter. Funna indikerer at kjønnsforskjellane er mindre i U14 enn i U16, og forspranget jenter har grunna tidleg pubertet vert innhenta av gutane i løpet av U16. Dei fysiske forskjellane mellom kjønna er ifølgje alpintrenarane ikkje betydelege i dei aktuelle aldersgruppene. Vidare viser datamaterialet at på grunn av utøvarane sin vekst medfører det endring i dei ytre kreftene som påverkar utøvaren i svingen, noko som kan resultere i periodevis stagnasjon i ferdigheitsutvikling. Det gjer at dei mentale ferdigheitene er særskilt viktige, og dermed er kjønnsforskjellane av interesse. Alpintrenarane beskriv jenter og gutar som to ytterpunkt der jenter oppfattast som defensive og overtenkjarar, og gutar oppfattast som offensive med ein lineær tankegong. Kjønnsforskjellane mellom dei to ytterpunkta vert tydeleggjort i utøvaren sitt perspektiv, der jenter er detaljfokusert og gutar observerer heilskapen, og i utøvaren si villigheit til å ta risiko eller tenkje over konsekvensar. I siste punkt viser funna at gutar reflekterer mindre over risiko og konsekvensar ved skikøyring samt er meir fryktlause, noko som medfører positive effektar på skikøyringa deira. For jenter derimot har frykt og overdrive refleksjon over konsekvens og risiko negativ innverknad på ferdigheitsutviklinga deira. På den andre sida viser jenter si evne til refleksjon seg som hensiktsmessig for fokus og forståing i treningsarbeidet. Totalt sett viser funna at alpintrenarane opplever at både jenter og gutar har fordelar og ulemper i sine ferdigheiter som kan knytast til kjønn.

Kommunikasjon er eit viktig verktøy i trenar-utøvarrelasjonen og resultatane viser at kjønn spelar ein sentral rolle i kommunikasjonen mellom trenaren og utøvaren. Funna viser eit skilje i alpintrenarane sitt syn på eigen kommunikasjon. Fire av alpintrenarane

påstår at dei praktiserer kjønnsnøytral kommunikasjon. Eg stiller meg kritisk til denne påstanden ettersom kjønna diskursar er så godt innarbeida i doxa, noko som kan føre til at trenaren ubevisst endrar sin kommunikasjon etter utøvaren sitt kjønn. Dei resterande to alpintrenarane praktiserer kjønnsstilpassa kommunikasjon og rettferdiggjør sin kommunikasjon med jenter og gutar på grunnlag av sosialt konstruerte førestillingar av kjønn og toleranse.

I utøvar-kommunikasjon er det fleire kjønna tendensar. For det første viser funna at jenteløparar stiller fleire spørsmål og søker fleire forklaringar, og i tråd med tidlegare forskning kan det forklarast med kvinnelege utøvarar sitt behov for meir forståing og rasjonelle grunngevingar (Gosai et al., 2022; Norman, 2016; Norman & French, 2013). Det andre tydelege funnet er eit kjønnskilje i utøvaren si framtoning og haldning. Ifølgje alpintrenarane er gutar direkte, standhaftige og sjølvsikre medan jenter er forsiktige, usikre og nærmast forsvarar seg. Kjønnsoppfatningane samsvarar med stereotypiske førestillingar om kjønn og gjennom sosialisering i feltet har dei stereotypiske førestillingane betydning for utvikling av utøvaren sin habitus. Sidan dei stereotypiske oppfatningane er eit resultat av den maskulin dominans kjem effektane til uttrykk i utøvaren sin veremåte, haldning, kunnskap og praksisar. Ein tredje tydeleg tendens i datamaterialet er at gutar er meir sjølvdrivne enn jentene. Det viser seg i utøvaren si evne til å fortsetje aktivitet ved fråvær av konkrete beskjedar og sjølvstende i besiktelse av løypa. Funna visar at når det kjem til kommunikasjon har både trenaren og utøvaren sitt kjønn noko å seie for prestasjonsutvikling og trivsel i feltet.

Funna viser at jenteløparar og guteløparar har like stort behov for støtte frå trenaren, men kjønna har ulike preferansar i støtte. Dei to kjønna sine preferansar i støtte kan oppsummerast som at jenter ønskjer emosjonell støtte gjennom samhandling med trenar, positiv oppmuntring og sjølvtilitsbygging, medan gutar ønskjer instrumentell støtte gjennom å fokusere på tekniske moment, spenningsregulering og å vere til stades mentalt. Eit sentralt funn tilseier at alpintrenarane opplever likekjønna støtte som enklare i trenar-utøvarrelasjonen, det vil sei at trenarane opplever det som enklare å støtte utøvarar av same kjønn og at dei føler dei må rette meir merksemd mot utøvarar av motsett kjønn for å fange opp behov for støtte.

Det faktum at jenter og gutar trenar saman, men konkurrerer i separate klassar gjev trenaren eit perspektiv på korleis kjønn utspelar seg i kjønnsblanda grupper samanlikna med kjønnsklassifiserte. Funna syner at kjønnsblanda treningsgrupper gjev fleire gunstige effektar på jenter og gutar i feltet, som mellom anna praktiske, sosiale og for ferdigheitsutvikling. Kjønnsblanda treningsgrupper kan skape gunstige læringsforhold for begge kjønn fordi gutar bringar maskuline trekk til feltet og jenter bringar feminine trekk til feltet. Som til dømes at gutar tek meir plass og unngår overtenking, medan jenter er meir lydhøyre og respektfulle. Alpintrenarane opplever at effekten av kjønnsblanda treningsgrupper er at kjønna balanserer kvarandre, medan i rennsituasjon vert karakteristikkane til kjønna framheva fordi feltet vert meir homogent og jente- og gutekulturen får friare spelerom.

Samla sett syner funna at alpintfeltet ber preg av maskulin dominans. Uavhengig av kjønn skildrar alpintrenarane eit grunnlag for praksis og ein praksis med tydelege likskapar. Det symboliserer eit felt med ein godt innarbeida doxa, og som eit resultat av at alpintrenarane innordnar seg etter den doxiske logikken praktiserer dei trenarrolla ganske likt. Likevel syner datamaterialet at kvinnelege og mannlege å vere trenar i feltet på ulikt vis.

I tråd med den maskuline dominansen presenterast kjønna som motsetningar av kvarandre. Det gjer at når det maskuline framstår som overlegent, normen og standarden vert det feminine rekna som underordna, annleis og unormalt. På bakgrunn av eit ulikt verdisyn på kjønna støyter kvinnelege trenarar på fleire og andre barrierar enn menn, samt opplever meir mistillit og mangel på respekt i feltet. Først og fremst er det ein overordna forventning om at alpintrenarar er menn. Dette er synleggjort ved at menn tek sin posisjon i feltet for gitt og at kvinner grunnleggjerv sitt nærvær. Kvinnelege trenarar forsøker å forhandle seg til betre posisjonar ved å nytte maskuline karakteristikkar og tileigne seg den anerkjente, verdsette kapitalen i feltet. Når kvinner nyttar desse strategiane er det tydeleg at kvinner utsettast for ein dobbelstandard som krev at dei skal vere feminine og samtidig vert vurderte etter den mannlege standarden.

Samla peikar funna på at sosialt konstruerte førestillingar utforma etter den maskuline dominansen vert både produsert og reproduserer dominanserelasjonane i feltet. Gjennom alpintrenarane sine veremåtar, praksis, haldningar, kommunikasjon og

synspunkt naturaliserast den maskuline dominans, og rettferdiggjeraast forskjellsbehandligna jenteløparar og kvinnelege trenarar opplever i feltet. Sidan forskjellsbehandligna er like gjeldande for jenteløparar som kvinnelege trenarar tyder det på at heile alpintfeltet er underlagt dei undertrykkjande effektane av den maskuline dominans og at trenarane reproduserer desse effektane. Med Bourdieu (2001) som referanse må ein likevel setje lys på kvinnelege trenarar si medverkande rolle i dominansen. Sjølv om dei kvinnelege trenarane viser tendensar til eit ønskje om endring i feltet reproduserer dei, saman med mannlege trenarar, praksisane i feltet som opprettheld den maskuline dominans. Eit døme her er å akseptere den brøytande åtferda til eigne utøvarar og hjå trenarkollegaar.

For å oppsummere syner funna at alpintfeltet ber tydeleg preg av maskulin dominans, og at kjønn har stor betydning for kvinnelege og mannlege trenarar sine opplevingar av å vere trenarar i feltet. Generelt opplever kvinnelege alpintrenarar fleire utfordringar enn sine mannlege kollegaer, og det er særskilt knytt følgjande tema trenaren sitt kjønn har betydning; sjølvtilitt, respekt, mistillit og arbeidsmoglegheiter i feltet. Funna indikerer at på grunn av den innarbeida doxiske tankegangen i feltet har ikkje alpintrenaren sitt kjønn betydning for treningsfilosofi og praksis, men på grunn av sosialt konstruerte førestillingar av kjønn har utøvaren sitt kjønn noko å seie for samhandling med trenaren.



## **7.1 Avgrensingar ved oppgåva og forslag til vidare forskning**

Avslutningsvis vil eg presentere oppgåva sine avgrensingar, samt forslag til vidare forskning. Den første avgrensinga er at utvalet berre består av seks personar. Eit utval med fleire enn seks personar og med større spreiding i alder kunne gitt andre resultat. Informantane i oppgåva er relativt unge trenarar, derfor ville det vore interessant å undersøkje om kjønn har ein anna betydning i alpintfeltet med eit større sprik i alder. Ei anna avgrensing er at alpintrenarane høyrer til Oslo skikrins, eit større geografisk område ville kanskje gitt andre funn. Innanfor det geografiske området er det vanleg at alpintrenarar får løn for trenarverksemda, men som elles i idretten finst det klubbar som drivast på dugnad og ofte av foreldre. Eit forslag til vidare forskning er å undersøkje betydninga av kjønn hjå trenarar som får løn og trenarar som utøver trenarverksemda på dugnad.

Med tanke på metodeval kan det tenkjast at observasjonar i felt hadde vore eit fint tilskot til forskingsintervjuet. Ved å nytte observasjon i tillegg ville eg fått anledning til å bekrefte eller avkrefte om trenarane sine skildringar av praksis samsvarar med faktiske observasjonar, men på grunn av rammene for oppgåva var observasjon i tillegg til intervju for ambisiøst. Eg vel derfor å fremje det som eit forslag til vidare forskning. Ei anna avgrensing er tidspunkt for datainnsamling. Perioden eg gjennomførte intervju til oppgåva begynte i barmarkssesong og avslutta i skisesong, det vil sei at for nokre av informantane vart intervjuet i barmarkssesong og andre i skisesong. Det kan ha betydning for funna i oppgåva. Ved tilbakeblikk ville eg gjennomført all datainnsamling i skisesong.

Angående masterprosjektet sin teoretiske forankring i Bourdieu meiner eg at teorien gjev eit godt utgangspunkt for forstå alpintrenarar sine opplevingar i samheng med kjønn, men eg erkjenner at kjønnsteori om å gjera kjønn eller eit større fokus på maskulinitet/femininitet kunne gjeve oppgåva ei breiare forståing av fenomenet.

Andre forslag til vidare forskning er at ein kunne sett nærare betydning av kjønn på lågare nivå som barneidrett og på høgare nivå, som til dømes ved å samanlikne betydninga av kjønn ved skigymnas som praktiserer kjønnsdelte treningsgrupper og ved skigymnas som praktiserer kjønnsblanda treningsgrupper.

## Referansar

- Acosta, R. V. & Carpenter, L. J. (2012). Women in Intercollegiate Sport: A Longitudinal, National Study. Thirty-Five Year Update, 1977-2012. *Acosta-Carpenter*.
- Allen, J. B. & Shaw, S. (2009). Women Coaches' Perceptions of Their Sport Organizations' Social Environment: Supporting Coaches' Psychological Needs? *The Sport psychologist*, 23(3), 346-366. <https://doi.org/10.1123/tsp.23.3.346>
- Atencio, M., Beal, B. & Wilson, C. (2009). The distinction of risk: urban skateboarding, street habitus and the construction of hierarchical gender relations. *Qualitative research in sport and exercise*, 1(1), 3-20. <https://doi.org/10.1080/19398440802567907>
- Barnett, N. P., Smoll, F. L. & Smith, R. E. (1992). Effects of Enhancing Coach-Athlete Relationships on Youth Sport Attrition. *The Sport Psychologist*, 6(2), 111-127. <https://doi.org/10.1123/tsp.6.2.111>
- Bortoli, L., Robazza, C. & Giabardo, S. (1995). Young Athletes' Perception of Coaches' Behavior. *Perceptual and Motor Skills*, 81(3\_suppl), 1217-1218. <https://doi.org/10.2466/pms.1995.81.3f.1217>
- Bourdieu, P. (1978). Sport and Social Class IE. Dunning & D. Malcolm (Red.), *Sport : critical concepts in sociology : Vol. 3 : Sport and power relations* (Bd. Vol. 3). Routledge.
- Bourdieu, P. (1984). *Distinction : a social critique of the judgement of taste*. Routledge & Kegan Paul.
- Bourdieu, P. (1986). The Forms of Capital. I J. G. Richardson (Red.), *Handbook of theory and research for the sociology of education* (s. 241-258). Greenwood Press.
- Bourdieu, P. (1988). Program for a Sociology of Sport. *Sociology of Sport Journal*, 5(2), 153-161. <https://doi.org/10.1123/ssj.5.2.153>
- Bourdieu, P. (1990). *In Other Words: Essays Toward a Reflective Sociology*. Stanford University Press. <https://books.google.no/books?id=FG24cQAACAAJ>
- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen : en sosiologisk kritikk av dømmekraften* (D. Østerberg, A. Prieur & T. Barth, Oms.; Bd. nr 9). Pax.
- Bourdieu, P. (1996). *Symbolsk makt : artikler i utvalg* (A. Prieur, Oms.). Pax.

- Bourdieu, P. (2001). *Masculine domination*. Stanford University Press.
- Bourdieu, P. & Wacquant, L. J. D. (1992). *An invitation to reflexive sociology*. Polity Press.
- Braun, V., Clarke, V. & Braun, V. (2022). *Thematic analysis : a practical guide*. SAGE.
- Brinkmann, S., Tanggaard, L. & Hansen, W. (2012). *Kvalitative metoder : empiri og teoriutvikling*. Gyldendal akademisk.
- Brottveit, G. & Del Busso, L. (2018). *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder : om å arbeide forskningsrelatert*. Gyldendal akademisk.
- Coakley, J. J. & Pike, E. (2014). *Sports in society : issues and controversies* (2nd ed. utg.). McGraw-Hill.
- Connell, R. (2005). *Masculinities* (2nd. utg.). Polity Press.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- Dalland, O. & Keeping, D. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utgave. utg.). Gyldendal.
- de Haan, D. & Knoppers, A. (2020). Gendered discourses in coaching high-performance sport. *International Review for the Sociology of Sport*, 55(6), 631-646. <https://doi.org/10.1177/1012690219829692>
- de Haan, D. & Norman, L. (2020). Mind the gap: the presence of capital and power in the female athlete–male -coach relationship within elite rowing. *Sports Coaching Review*, 9(1), 95-118. <https://doi.org/10.1080/21640629.2019.1567160>
- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* (5. utg. utg.).
- European Commission, Directorate-General for Education, Y., Sport & Culture. (2022). *Towards more gender equality in sport : recommendations and action plan from the High Level Group on Gender Equality in sport (2022)*. Publications Office of the European Union. <https://doi.org/doi/10.2766/10036>
- Everett, E. L. & Furseth, I. (2012). *Masteroppgaven : hvordan begynne - og fullføre* (2. utg. utg.). Universitetsforl.
- Fasting, K., Sand, T., Sisjord, M. K. & Broch, T. (2008). *Likestilling og mangfold i norsk idrett: - bedre med flere på banen!*

- Fasting, K. & Sand, T. S. (2009). *Kjønn i endring : en tilstandsrapport om norsk idrett*. Akilles.
- Fasting, K. & Sand, T. S. (2017). Likestilling i idretten: et notat med vekt på kjønnsbalansen blant ansatte, trenere og ledere i særforbund. *Gender equality in sports: a paper on the gender balance among staff, coaches and leaders in sport associations* Retrieved from <https://www.idrettsforbundet.no/contentassets/cafe6801a7674d969fae17f593bc1438/19.10>.
- Fasting, K., Sand, T. S. & Knorre, N. (2013). European female sport students as future coaches? *European Journal for Sport and Society*, 10(4), 307-323. <https://doi.org/10.1080/16138171.2013.11687925>
- Fasting, K., Sand, T. S. & Nordstrand, H. R. (2019). One of the few: the experiences of female elite-level coaches in Norwegian football. *Soccer and society*, 20(3), 454-470. <https://doi.org/10.1080/14660970.2017.1331163>
- Fasting, K., Sisjord, M. K. & Sand, T. S. (2017). Norwegian elite-level coaches: who are they? <https://nih.brage.unit.no/nih-xmlui/bitstream/handle/11250/2470131/FastingSSSF2017.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Felton, L. & Jowett, S. (2015). On understanding the role of need thwarting in the association between athlete attachment and well/ill-being. *Scand J Med Sci Sports*, 25(2), 289-298. <https://doi.org/10.1111/sms.12196>
- Føllesdal, D., Jåsund, K. K., Ugelvik, I. L. & Walløe, L. (2000). *Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsfilosofi* (7. utg. utg.). Universitetsforl.
- Førde, R. (2014). Helsinkideklarasjonen. *De nasjonale forskningsetiske komiteene*. <https://www.forskningsetikk.no/ressurser/fbib/lover-retningslinjer/helsinkideklarasjonen/>
- Giddens, A., Duneier, M., Appelbaum, R. P., Carr, D. & Giddens, A. (2021). *Introduction to sociology* (Seagull 12e [edition]. utg.). W.W. Norton & Company.
- Giddens, A. & Sutton, P. W. (2017). *Sociology* (8. utg. utg.). Polity.
- Gilbert, D. W. (2016). Coaching Males/Coaching Females. *Human Kinetics Coach Education Center*. <http://www.asep.com/news/ShowArticle.cfm?ID=260>
- Gilgien, M., Reid, R. C., Raschner, C., Supej, M. & Holmberg, H.-C. (2018). The Training of Olympic Alpine Ski Racers. *Frontiers in physiology*, 9. <https://doi.org/10.3389/fphys.2018.01772>
- Giulianotti, R. (2015). *Routledge handbook of the sociology of sport*. Routledge.

- Giulianotti, R. (2016). *Sport : a critical sociology* (2nd ed. utg.). Polity.
- Gløersen, P. & Woxholth, F. (2019). *Født med slalåmski på beina : boken om norsk alpint : fra Sondre Norheim til Aksel Lund Svindal*. Little Moon.
- Gosai, J., Jowett, S. & Rhind, D. J. A. (2022). Coaching Through a “Gender Lens” May Reveal Myths That Hinder Female Athletes: A Multistudy Investigation. *International Sport Coaching Journal*, 9(2), 222-233.  
<https://doi.org/10.1123/iscj.2021-0046>
- Hardman, J. (2008). Researching pedagogy: An activity theory approach. *Journal of Education*, 45(1), 65-95.
- Haugen, P. (Red.). (2016). *Aktivitetfag og motorisk læring: Alpint*.
- Hovden, J. (2002). Feministisk idrettssosiologi med norske grunntonar : utviklingslinjer, perspektivskifte og tematiske tyngdepunkt. I (s. s. 71-99). Novus forl.
- Hovden, J. (2004). *Makt, motstand og ambivalens. Betydninger av kjønn i idretten* (0805-1062). Høgskolen i Finnmark.
- Hovden, J. (2015). «Hvorfor har jeg mindre betalt på dame-siden når jeg gjør eksakt samme jobb?». I S. A. Sæther (Red.), *Trenerroller*. Fagbokforl.
- Hovden, J. & Tjønndal, A. (2019). The gendering of coaching from an athlete perspective: The case of Norwegian boxing. *International Review for the Sociology of Sport*, 54(2), 239-255.
- IL Heming. (2022). *Racing 2008-2009*.  
<https://www.heming.no/Alpin/Sidemeny/Racing-U12-U16/Racing-U14.html>
- Ingierkollen og Rustad Slalåmklubb. (2022). *U14 IRS*  
<https://www.irsalpin.no/grupper/u14-13-14-aar/>
- International Ski and Snowboard Federation. (2022). *About the International Ski and Snowboard Federation (FIS)*. Henta 08.06. frå About the International Ski and Snowboard Federation (FIS)
- Jowett, S. & Clark-Carter, D. (2006). Perceptions of empathic accuracy and assumed similarity in the coach–athlete relationship. *British Journal of Social Psychology*, 45(3), 617-637.  
<https://doi.org/https://doi.org/10.1348/014466605X58609>
- Jowett, S. & Poczwardowski, A. (2007). Understanding the coach-athlete relationship. *Social psychology in sport*, 6, 3-14.

- Kjelsås IL Alpint. (2022). *U14 Kjelsås*. <https://alpint.kjelsaas.no/p/49820/u14>
- Kleppen, H. (1986). *På telemarkski : ny stil i gamle spor*. Samlaget.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M. & Rygge, J. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju* (2. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M. & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- Laberge, S. & Kay, J. (2002). Pierre Bourdieu's Sociocultural Theory and Sport Practice. I J. Maguire & K. Young (Red.), *Theory, sport & society* (s. 239-266) (Research in the sociology of sport). Elsevier.
- LaFountaine, J. & Kamphoff, C. S. (2016). Coaching boys' high school teams: Female coaches' experiences and perceptions. *International Journal of Sports Science & Coaching*, 11(1), 27-38. <https://doi.org/10.1177/1747954115624815>
- LaVoi, N. M. (2007). Expanding the Interpersonal Dimension: Closeness in the Coach-Athlete Relationship. *International Journal of Sports Science & Coaching*, 2(4), 497-512. <https://doi.org/10.1260/174795407783359696>
- LaVoi, N. M. & Dutove, J. K. (2012). Barriers and supports for female coaches: an ecological model. *Sports Coaching Review*, 1(1), 17-37. <https://doi.org/10.1080/21640629.2012.695891>
- lisahunter, Smith, W. W. & Emerald, E. (2015). *Pierre Bourdieu and physical culture* (Bd. 40). Routledge.
- Loland, S. & McNamee, M. (2017). Philosophical reflections on the mission of the European College of Sport Science: Challenges and opportunities. *European Journal of Sport Science*, 17(1), 63-69. <https://doi.org/10.1080/17461391.2016.1210238>
- Longshore, K. & Sachs, M. (2015). Mindfulness Training for Coaches: A Mixed-Method Exploratory Study. *Journal of clinical sport psychology*, 9(2), 116-137. <https://doi.org/10.1123/jcsp.2014-0038>
- Lorimer, R. & Jowett, S. (2009). Empathic accuracy in coach-athlete dyads who participate in team and individual sports. *Psychology of Sport and Exercise*, 10(1), 152-158. <https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.psychsport.2008.06.004>
- Lorimer, R. & Jowett, S. (2010). The influence of role and gender in the empathic accuracy of coaches and athletes. *Psychology of Sport and Exercise*, 11(3), 206-211. <https://doi.org/https://doi.org/10.1016/j.psychsport.2009.12.001>

- Lyle, J. & Cushion, C. (2017). *Sport coaching concepts : a framework for coaching practice* (2nd. utg.). Routledge.
- MacKinnon, V. (2011). Techniques for Instructing Female Athletes in Traditionally Male Sports: A Case Study of LPGA Teaching Professionals. *The international journal of sport and society*, 2(1), 75-88. <https://doi.org/10.18848/2152-7857/CGP/v02i01/54060>
- Mason, J. (2002). *Qualitative researching* (2nd. utg.). Sage.
- Moret, O. & Ohl, F. (2019). Social class, the elite hockey player career and educational paths. *International Review for the Sociology of Sport*, 54(8), 899-920. <https://doi.org/10.1177/1012690218765759>
- Njård Alpint. (2022). *Racing U14*. <https://alpint.njaard.no/p/21564/aktuelt>
- Norman, L. (2012). Gendered homophobia in sport and coaching: Understanding the everyday experiences of lesbian coaches. *International Review for the Sociology of Sport*, 47(6), 705-723. <https://doi.org/10.1177/1012690211420487>
- Norman, L. (2014). A crisis of confidence: women coaches' responses to their engagement in resistance. *Sport, education and society*, 19(5), 532-551. <https://doi.org/10.1080/13573322.2012.689975>
- Norman, L. (2015). The Coaching Needs of High Performance Female Athletes within the Coach-Athlete Dyad. *International Sport Coaching Journal*, 2(1), 15-28. <https://doi.org/10.1123/iscj.2013-0037>
- Norman, L. (2016). Is There a Need for Coaches to Be More Gender Responsive? A Review of the Evidence. *International Sport Coaching Journal*, 3(2), 192-196. <https://doi.org/10.1123/iscj.2016-0032>
- Norman, L. & French, J. (2013). Understanding how High Performance Women Athletes Experience the Coach-Athlete Relationship. *International Journal of Coaching Science*, 7(1), 3-24.
- Norsk Senter for Forskningsdata. (u.å. ). Hvorfor må jeg melde prosjektet til NSD? , (8. Oktober 2021). <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger>
- Ogden, T. (2009). *Sosial kompetanse og problematferd i skolen* (2. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- Olsen, A. M. (2005). *Idrettens ordbok : ord og uttrykk med forklaringer*. Akilles.

- Olsson, H., Sørensen, S. & Bureid, G. (2003). *Forskningsprosessen : kvalitative og kvantitative perspektiver*. Gyldendal akademisk.
- Pfister, G. (2013). Outsiders: Female coaches intruding upon a male domain. *Gender and sport: Changes and challenges*, 71-99.
- Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode : en innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier* (2. utg. utg.). Universitetsforl.
- Prieur, A., Sestoft, C., Esmark, K. & Rosenlund, L. (2006). *Pierre Bourdieu : en introduktion*. Reitzel.
- Ready Alpin. (2022). *Informasjon U14*.  
[https://www.ready.no/Alpint/Sidemeny/Treningsgrupper/U14-\(2006-2007\).html](https://www.ready.no/Alpint/Sidemeny/Treningsgrupper/U14-(2006-2007).html)
- Ritzer, G. & Stepnisky, J. (2014). *Sociological theory* (9th. utg.). McGraw-Hill.
- Seippel, Ø. (2008). The fine art of coaching: instructions, social support or democratic participation? *European Journal for Sport and Society*, 5(2), 169-185.  
<https://doi.org/10.1080/16138171.2008.11687818>
- Shilling, C. P. (2003). *The Body and Social Theory* (2nd. utg.). SAGE Publications.
- Sisjord, M.-K. & Sørensen, M. (2018). I would not be satisfied if I had not given it a try: The expectations and experiences of students in a high school skiing program. *EJSS. European Journal for Sport and Society*, 15(2), 118-133.  
<https://doi.org/10.1080/16138171.2018.1457283>
- Sisjord, M. K. (2023). *Women in Snowboarding*. Routledge.
- Sisjord, M. K., Fasting, K. & Sand, T. S. (2021). Gendered pathways to elite coaching reflecting the accumulation of capitals. *Sport, education and society*, 26(5), 554-566. <https://doi.org/10.1080/13573322.2020.1732904>
- Skiforbundet. (2022a). *Alpinkomiteens årsberetning 2021/2022*.  
[https://www.skiforbundet.no/contentassets/f745edc2c7914e5fa928167bc9e504ca/nsf-arsberetning\\_2021-2022\\_v5.pdf](https://www.skiforbundet.no/contentassets/f745edc2c7914e5fa928167bc9e504ca/nsf-arsberetning_2021-2022_v5.pdf)
- Skiforbundet. (2022b). *Telenorlekene 2022*.  
<https://www.skiforbundet.no/alpint/terminliste/arrangement/?eid=367226>
- Svindal, A. L. & Ekelund, T. (2019). *Større enn meg : en selvbiografi*. Pilar.
- Sæther, S. A. (2015). *Trenerroller*. Fagbokforl.



- Taylor, J. & Kubitz, K. (2023). Mental Training. I J. Pritchard & J. Taylor (Red.), *The science of alpine ski racing*. Routledge.
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitative metoder* (5. utg. utg.). Fagbokforl.
- Thorpe, H. (2009). Bourdieu, Feminism and Female Physical Culture: Gender Reflexivity and the Habitus-Field Complex. *Sociology of sport journal*, 26(4), 491-516. <https://doi.org/10.1123/ssj.26.4.491>
- Tjønndal, A. & Hovden, J. (2016). Kjønn som sparringspartner - Ledelsesformer og betydninger av kjønn blant norske boksetrenere. *Tidsskrift for kjønnsforskning*, 40(3-04), 38-54. <https://doi.org/10.18261/issn.1891-1781-2016-03-04-04>
- Wacquant, L. J. D. (1995). Pugs at Work: Bodily Capital and Bodily Labour among Professional Boxers. *Body & Society*, 1(1), 65-93. <https://doi.org/10.1177/1357034x95001001005>
- Wallinus-Rinne, A., Abrahamsen, F. E. & Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske, k. (2016). *Ungdomstreneren*. Akilles.
- Wilken, L. (2011). *Bourdieu for begyndere* (2nd. utg.). Samfundslitteratur.
- Wilken, L. (2020). Pierre Bourdieu: Den praktiske sans. *Tidsskrift for Professionsstudier*, 16(30), 122-126.
- Wilken, L. & Andreassen, V. F. (2008). *Pierre Bourdieu*. Tapir akademisk forl.
- Witteveen, E. (1997). *Alpin skiteknikk*. Norges skiforbund Universitetsforl.
- Witteveen, E. (2014). *Langsiktig utviklingstrapp Alpint*.
- Wrisberg, C. A. (1996). Quality of Life for Male and Female Athletes. *Quest*, 48(3), 392-408. <https://doi.org/10.1080/00336297.1996.10484205>
- Aakvaag, G. C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Abstrakt forl.

## Figuroversikt

Figur 1. Det sosiale rom (Bourdieu, 1995, s.34)

## Forkortingar

FIS	The International Ski and Snowboard Federation
JR.	Junior
SR.	Senior

## **Vedlegg**

**Vedlegg 1:** Informasjonsskriv inkludert samtykkeerklæring

**Vedlegg 2:** Intervjuguide

**Vedlegg 3:** Godkjenning frå NSD

## Vedlegg 1:

### Vil du delta i forskingsprosjektet

#### «Alpintrenarar og kjønn»?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å forstå betydninga av kjønn i alpintrenarar sitt arbeid. I dette skrivet gjev eg deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

#### **Føremål**

Føremålet med dette prosjektet er å undersøkje kva betydning kjønn har for alpintrenarar sine opplevingar og erfaringar av å trene jenter og gutar. Prosjektet er ei mastergradsoppgåve ved Norges Idrettshøgskule og har eit dagsaktuelt tema. Ved hjelp av forskingsintervju ønskjer eg å intervju eit utval alpintrenarar for å belyse om kjønn legg føringar for alpintrenaren sin praksis, og eventuelt korleis det påverkar trenaren sitt arbeid.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Norges Idrettshøgskule er ansvarleg for prosjektet.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Utvalet vert trekt basert på strategisk utval. Som ein av seks alpintrenarar vert du spurt om å delta på prosjektet fordi..:

- .. du er alpintrenar i aldersgruppene U14 eller U16 i Oslo Skikrets
- .. du har trenarutdanning
- .. du har trena både jenter og gutar

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Deltaking inneberer at du vert intervjua individuelt av masterstudenten som gjennomfører prosjektet. Intervjuet handlar om dine opplevingar å trene jenter og gutar i U14/16 og spørsmåla handlar om eigen trenarpraksis, ferdigheitsutvikling, kommunikasjon, forventningar, sosial og emosjonell støtte, samt dine erfaringar som trenar i alpintmiljøet i Oslo og Akershus Skikrets. Datamaterialet registrerast i form av notat og lydopptak. Varigheita på intervjuet er omlag 1 time.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

#### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Eg vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Undervegs i prosjektet er det berre den prosjektansvarlege masterstudenten og rettleiarane som har tilgang til din personopplysingar. Datamaterialet og personopplysingar vert lagra i samhøve med Norges Idrettshøgskule sine retningslinjer for behandling av persondata. Som deltakar vil du ikkje kunne gjenkjennast då du vert anonymisert i både rådata og publikasjonen.

#### **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 31.desember 2023. Ved prosjektet sin slutt vert dine personopplysingar og lydopptak frå intervjuet sletta.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Eg behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Norges Idrettshøgskule har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Norges Idrettshøgskule ved prosjektansvarleg, Anna Høgi Schøyen tlf.: +47 91160188 / [anna.schoyen@hotmail.com](mailto:anna.schoyen@hotmail.com)
- Norges Idrettshøgskule ved rettleiarar Mari Kristin Sisjord tlf.: +47 900 84 739 / [mariks@nih.no](mailto:mariks@nih.no) og Lone Friis Thing tlf.: +47 23 26 24 01 / [loneft@nih.no](mailto:loneft@nih.no)
- Vårt personvernombud: [personvernombud@nih.no](mailto:personvernombud@nih.no)

Venleg helsing

*Masterstudent*  
Anna Høgi Schøyen

*Rettleiarar*  
Mari Kristin Sisjord  
Lone Friis Thing

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet [*set inn tittel*] og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## Vedlegg 2:

### Intervjuguide

#### Innleiing

- Informasjon kring føremålet med prosjektet
- Gjere greie for intervjusituasjonen
  - Kvalitativt semi-strukturert intervju
  - Bruk av lydopptakar
  - Forskaren si taushetsplikt, konfidensiell behandling av data, anonymisering av personopplysing, sletting av data ved prosjektslutt og at prosjektet er meldt inn til NSD og blitt godkjent.
  - Frivillig deltaking og retten til å trekke seg når som helst.

#### Trenaren

- Kor gamal er du?
- Har du vore aktiv alpinist sjølv?
  - Kor lenge?
  - Kva nivå?
- Korleis vart du alpintrenar?
- Kva trenarutdanning har du?
- Kva grupper trenar du på ski og/eller barmark?
- Kva motiverer deg til å jobbe som alpintrenar?
- Kva ambisjonar har du som alpintrenar?
- Beskriv med eigne ord korleis din trenarstil og trenarfilosofi er
  - Kva vektlegg du i trenararbeidet ditt?
- Kor ofte reflekterer du over eigen trenarpraksis?

#### Ferdigheitsutvikling

- Opplever du forskjellar ved ferdigheitsutvikling hjå jenter og gutar med tanke på..
  - skiteknisk utvikling?
  - fysiske forskjellar?
  - mentale ferdigheiter?
- Kva typiske styrkar og svakheiter har jenter og gutar i treningsarbeidet sitt?

#### Kommunikasjon i trenar-utøvar relasjon

- Opplever du forskjell i korleis jenter og gutar kommuniserer med deg?
  - Korleis?
- Kva skil kommunikasjonen til jenter og gutar når dei uttrykkje sine behov for støtte til deg?
- Opplever du forskjell i korleis du kommuniserer med jenter og gutar?
- Korleis tilpassar du kommunikasjonen din til jenter og gutar?

#### Krav og forventningar til utøvarar (skil mellom krav og forventningar)

- Fortel kva krav du stiller til utøvarane dine på trening
- Fortel kva forventningar du har til utøvarane dine på trening
- Opplever du ulikskap i forventningar eller krav til jenter og gutar?



### **Sosial og emosjonell støtte**

- Opplever du forskjell i det sosiale samspelet hjå jenter og guttar?
  - I så fall kva forskjellar?
- Opplever du at utøvarane støttar kvarandre?
  - I så fall er det ein kjønnsforskjell?
- Opplever du ulike behov for sosial støtte hjå jenter og guttar?
  - I så fall korleis?
- Opplever du forskjell i kva som motiverer jenter og guttar til å prestere på renn?
  - I så fall kva skil kjønna?
- Opplever du forskjell i behovet for å bli anerkjent hjå guttar og jenter?
  - Korleis?
  - Generelt og ved prestasjonar
- Har du opplevd noko forskjell i kor sjølvstendige jenter og guttar er med tanke på..
  - ..prepping av ski?
  - ..førebuingar i forkant av renn? (hugse alt utstyr, næring/væske, mentale førebuingar, vere tidsnok på start)
- Opplever du forskjell i korleis jenter og guttar handterer motgang på trening med tanke på...
  - stagnasjon i ferdigheitsutvikling?
  - å fryse?
  - å vere skada/ha vondt?
- Opplever du forskjell i foreldreoppfølging hjå jenteløparar og gutteløparar?

### **Trenaren sine erfaringar i alpintmiljøet**

- Fortel om korleis du opplever å vere kvinneleg/mannleg trenar i alpintmiljøet
- Opplever du at din trenarkompetanse vert respektert og verdsett av..
  - trenarkollegaer?
  - utøvarar?
  - foreldre?
- Har du opplevd å måtte forsvare kompetansen din?
  - Fortel om situasjonen
- Beskriv kva trenareigenskapar du opplever som sentrale for å verte respektert i alpintmiljøet
- I kva grad tenkjer du at ditt eige kjønn har betydning for din trenarpraksis?
- I kva grad tenkjer du at ditt eige kjønn har betydning for løparane sin ferdigheitsutvikling?
- Har du opplevd nokre utfordringar og fordelar med kjønnsblanda treningsgrupper?
- Opplever du at jenter og guttar endrar åtferd frå treningssituasjon med kjønnsblanda treningsgrupper til rennsituasjon med kjønnsinndelte grupper?

# Vedlegg 3:

27.06.2023, 14:36

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



[Meldeskjema](#) / [Ei kvalitativ undersøkning av alpinttrenarar sine opplevingar av å trene...](#) / Vurdering

## Vurdering av behandling av personopplysninger

<b>Referansenummer</b> 672539	<b>Vurderingstype</b> Standard	<b>Dato</b> 04.12.2022
----------------------------------	-----------------------------------	---------------------------

### Prosjekttittel

Ei kvalitativ undersøkning av alpinttrenarar sine opplevingar av å trene jenter og gutar

### Behandlingsansvarlig institusjon

Norges idrettshøgskole / Institutt for idrett og samfunnsvitenskap

### Prosjektansvarlig

Mari Kristin Sisjord

### Student

Anna Høgi Schøyen

### Prosjektperiode

01.11.2022 - 31.12.2023

### Kategorier personopplysninger

Alminnelige

### Lovlig grunnlag

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 31.12.2023.

[Meldeskjema](#)

### Kommentar

#### OM VURDERINGEN

Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaet med dialog og vedlegg.

#### VIKTIG INFORMASJON TIL DEG

Du må lagre, sende og sikre dataene i tråd med retningslinjene til din institusjon. Dette betyr at du må bruke leverandører for spørreskjema, skylagring, videosamtale o.l. som institusjonen din har avtale med. Vi gir generelle råd rundt dette, men det er institusjonens egne retningslinjer for informasjonssikkerhet som gjelder.

#### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til den datoen som er oppgitt i meldeskjemaet.

#### LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

#### PERSONVERNPRINSIPPER

Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og

ikke behandles til nye, uforenlige formål

· dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet

· lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

#### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), og dataportabilitet (art. 20).

Personverntjenester vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1 f) og sikkerhet (art. 32).

Ved bruk av databehandler (spørreskjemaleverandør, skylagring eller videosamtale) må behandlingen oppfylle kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29. Bruk leverandører som din institusjon har avtale med.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>  
Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Personverntjenester vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!